

# Økonomiplan for 2025 — 2028

## Kvam herad

---

### Innhald

|                                                                                |    |
|--------------------------------------------------------------------------------|----|
| Økonomiplan for 2025 — 2028.....                                               | 1  |
| Kvam herad.....                                                                | 1  |
| Bera eller bresta .....                                                        | 11 |
| Innsparingsprogram .....                                                       | 16 |
| Innsparingsprogram .....                                                       | 16 |
| Vedtekne innsparingar frå 1. tertial 2024 .....                                | 17 |
| Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring .....                      | 20 |
| Bruk og avsetjing av disposisjonsfond og andre justeringar budsjetttramma..... | 20 |
| Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2025 -2028.....                           | 21 |
| Oversikt over innsparingar foreslått i budsjett og økonomiplan 2025 -2028..... | 22 |
| Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden.....               | 23 |
| Føresetnader og risikovurdering.....                                           | 24 |
| Føresetnader .....                                                             | 25 |
| Rammetilskot og skatteinntekter.....                                           | 25 |
| Gjeld, renter, eigedomsskatt, utbytte og havbruksfond.....                     | 26 |
| Kraftsal.....                                                                  | 26 |
| Lønn og sosiale utgifter .....                                                 | 26 |
| Innkjøp.....                                                                   | 26 |
| Investeringar.....                                                             | 26 |
| Risikotabell .....                                                             | 26 |
| Lesarrettleiing og vedlegg .....                                               | 32 |
| Vedlegg til økonomiplanen .....                                                | 32 |
| Kva er budsjett og økonomiplan? .....                                          | 33 |
| Korleis finne fram i dokumentet? .....                                         | 33 |
| Introduksjon .....                                                             | 33 |
| Sentrale kapittel .....                                                        | 34 |
| Tenesteområda i kommunen .....                                                 | 34 |
| Samanheng mellom planstrategi, kommuneplanar, budsjett og økonomiplan .....    | 35 |
| Budsjettvedtak .....                                                           | 36 |

|                                                                                            |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Framlegg til budsjettvedtak - Rådmann sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2025-2028.. | 36 |
| Utfyllande informasjon.....                                                                | 38 |
| Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....                                        | 38 |
| Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....                                         | 39 |
| Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....                                  | 39 |
| Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....                                   | 40 |
| 1. Investeringar i varige driftsmidlar .....                                               | 40 |
| 2. Tilskot til andre sine investeringar .....                                              | 45 |
| 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap .....                                       | 46 |
| 4. Utlån av eigne midler .....                                                             | 46 |
| Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....                                                  | 46 |
| Hovudtal i budsjettforslaget.....                                                          | 47 |
| Fordeling av heradet sine driftsinntekter i 2025.....                                      | 47 |
| Fordeling av heradet sine driftsutgifter i 2025 .....                                      | 50 |
| Netto finansutgifter.....                                                                  | 53 |
| Netto driftsresultat.....                                                                  | 54 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat .....                                    | 55 |
| Saldo på disposisjonsfond .....                                                            | 56 |
| Finansielle nøkkeltal og utvikling i planperioden.....                                     | 56 |
| Sentrale inntekter.....                                                                    | 58 |
| skatt på inntekt og formue.....                                                            | 59 |
| Ordinært rammtilskudd .....                                                                | 59 |
| Skatt på eigedom.....                                                                      | 59 |
| Andre generelle statstilskudd .....                                                        | 59 |
| Sentrale utgifter .....                                                                    | 59 |
| Pensjon .....                                                                              | 60 |
| Inntekter og finansposter.....                                                             | 60 |
| Skatt og rammetilskot .....                                                                | 60 |
| Andre kommunale inntektspostar .....                                                       | 61 |
| Gjeld, obligasjonar, renter og utbytte.....                                                | 63 |
| Andre finanspostar .....                                                                   | 65 |
| Kraftinntekter.....                                                                        | 66 |
| Investeringar i økonomiplanen .....                                                        | 71 |
| Driftsprosjekt i Kvam herad.....                                                           | 71 |
| Investeringsprosjekt i Kvam herad.....                                                     | 72 |

|                                                      |     |
|------------------------------------------------------|-----|
| Nye prosjekt, endra prosjekt og årlege prosjekt..... | 73  |
| Investeringstabell for kommunen samla .....          | 75  |
| Finans og fellespostar.....                          | 75  |
| Administrasjon .....                                 | 75  |
| Barnehagar .....                                     | 75  |
| Grunnskuleopplæring.....                             | 76  |
| Pleie og omsorg .....                                | 76  |
| Vatn og avlaup, avfall og renovasjon .....           | 76  |
| Plan og byggesak .....                               | 77  |
| Kultur .....                                         | 77  |
| Kyrkja .....                                         | 77  |
| Samferdsel.....                                      | 78  |
| Bustad.....                                          | 78  |
| Brann- og ulykkesvern .....                          | 78  |
| Oversikt Investering og finansiering.....            | 79  |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar .....        | 79  |
| Samfunnsutvikling .....                              | 79  |
| Organisasjon.....                                    | 84  |
| Alderssamansetjing .....                             | 85  |
| Klimabudsjett .....                                  | 91  |
| Klimatiltak med i økonomiplanen .....                | 97  |
| Direkte utslipp .....                                | 97  |
| Klimagassutslepp (graf) .....                        | 99  |
| Eigedomsforvaltning .....                            | 99  |
| Gebyrliste .....                                     | 103 |
| Eigedomsgebyr .....                                  | 103 |
| Vatn .....                                           | 105 |
| Avlaup.....                                          | 105 |
| Slamtøming .....                                     | 105 |
| Feiing .....                                         | 105 |
| Barnehage .....                                      | 106 |
| SFO.....                                             | 107 |
| Kulturskule.....                                     | 107 |
| Ferieklubben.....                                    | 108 |
| Heimetenester.....                                   | 108 |

|                                                                                                                                                                     |     |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----|
| Praktisk bistand .....                                                                                                                                              | 108 |
| Dagsenter .....                                                                                                                                                     | 108 |
| Helsealarm.....                                                                                                                                                     | 109 |
| Varer og tenester .....                                                                                                                                             | 109 |
| Kommunale kaier .....                                                                                                                                               | 109 |
| Utleige kommunale bygg .....                                                                                                                                        | 109 |
| Leige av idrettsanlegg.....                                                                                                                                         | 110 |
| Leige av kinosal.....                                                                                                                                               | 110 |
| Leige av skulerom.....                                                                                                                                              | 110 |
| Leige av symjebasseng - til idrettslag.....                                                                                                                         | 110 |
| Leige av symjebasseng - til kommunen.....                                                                                                                           | 110 |
| Brann og redning.....                                                                                                                                               | 111 |
| Eksterne kurs .....                                                                                                                                                 | 111 |
| Beredskap.....                                                                                                                                                      | 111 |
| Skjenke- og salsløyve, alkohol og tobakk .....                                                                                                                      | 112 |
| Fyrverkeri.....                                                                                                                                                     | 112 |
| Avgifter ved kyrkjene .....                                                                                                                                         | 112 |
| Utanbygds avgift (fråflytta frå Kvam for meir enn 5 år sidan) .....                                                                                                 | 113 |
| Trykksaker .....                                                                                                                                                    | 113 |
| Digital eigedomsinfo.....                                                                                                                                           | 113 |
| Plan- og byggesaker.....                                                                                                                                            | 114 |
| 01. Tenester etter medgått tid.....                                                                                                                                 | 116 |
| Gebyr etter plan- og bygningslova, byggesaker .....                                                                                                                 | 116 |
| 02. Førehandskonferanse.....                                                                                                                                        | 116 |
| 03. Generelle gebyrreglar for saker etter plan- og bygningslova .....                                                                                               | 116 |
| 04. Dispensasjonar pbl. § 19-1,19-2,19-3, veglova. ....                                                                                                             | 116 |
| 05. Bustad / fritidshus pbl § 20-1 a,b .....                                                                                                                        | 117 |
| 06. Tilbygg / påbygg / underbygg til bustad/fritidshus, pbl. kap. 20 .....                                                                                          | 117 |
| 07. Garasjar / naust / uthus inklusiv tilbygg pbl. kap. 20 .....                                                                                                    | 118 |
| 08. Industri, næring, tenesteyting, off.bygg, landbruk, lager, plasthall, inklusiv<br>tilbygg/påbygg, settefiskanlegg på land, Pbl §20-1 a, b og §§20-3 / 20-4..... | 118 |
| 09. Konstruksjonar eller anlegg, Pbl §20-1 a, b og §20-4.....                                                                                                       | 118 |
| 10. Fasadeendring, pbl. §20-1 c eller §20-4 .....                                                                                                                   | 118 |
| 11. Bruksendring, Pbl §20-1 d .....                                                                                                                                 | 119 |
| 12. Rivingssaker, Pbl §20-1 e.....                                                                                                                                  | 119 |
| 13. Byggtekniske installasjonar, oppføring, endring og reparasjon, Pbl §20-1 f .....                                                                                | 119 |

|                                                                                                                                 |     |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----|
| 14. Oppdeling eller samanføyning av brukseining i bustad, Pbl §20-1 g .....                                                     | 120 |
| 15. Innhengning, skilt og reklame, Pbl §20-1 h og i .....                                                                       | 120 |
| 16. Godkjenning av plassering av midlertidige anlegg, Pbl §20-1 j.....                                                          | 120 |
| 17. Anlegg av veg eller parkeringsplass, Pbl §20-1 l .....                                                                      | 120 |
| 18. Delingssøknad, Pbl §20-1 m .....                                                                                            | 120 |
| 19. Sletting av klausular .....                                                                                                 | 121 |
| Gebyr etter matrikkellova .....                                                                                                 | 121 |
| 20. Oppretting av matrikkeleining/grunneigedom/festegrunn/eksisterande umatrikulert grunn/punktfeste .....                      | 121 |
| 21. Oppmåling av uteareal på eigarseksjon .....                                                                                 | 121 |
| 22. Oppretting av anleggseigedom .....                                                                                          | 122 |
| 23. Registrering av jordsameige .....                                                                                           | 122 |
| 24. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.....                                                       | 122 |
| 25. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering .....                                                                     | 122 |
| 26. Gebyr for matrikkulering utan oppmåling .....                                                                               | 122 |
| 27. Grensejustering og mindre tilleggsareal. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige                                            | 122 |
| 28. Arealoverføring. Grunneigedom , festegrunn og jordsameige.....                                                              | 122 |
| 29. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.....                   | 123 |
| 30. Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheitar. .... | 123 |
| 31. Privat grenseavtale.....                                                                                                    | 123 |
| Gebyr etter lov om eigarseksjonar .....                                                                                         | 123 |
| 32. Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom (Lov om eigarseksjonar §7) .....                                   | 123 |
| Gebyr etter ureiningslova-/forskrift.....                                                                                       | 124 |
| 33. Forureining bygg og anlegg .....                                                                                            | 124 |
| 34. Utsleppsløyve .....                                                                                                         | 124 |
| 35. Kontroll saker .....                                                                                                        | 124 |
| Gebyr etter hamne- og farvasslova.....                                                                                          | 125 |
| 36. Løyve etter hamne og farvasslova .....                                                                                      | 125 |
| Gebyr etter plan og bygningslova - plansaker.....                                                                               | 125 |
| 01. Plansaker etter plan og bygningslov vedteken 27.06.2008 kap. 12 §12-8 .....                                                 | 125 |
| 02. Gebyr for behandling av planprogram .....                                                                                   | 125 |
| 03. Gebyr for premissavklaring .....                                                                                            | 125 |
| 04. Gebyr for behandling av søknad om godkjenning av reguleringsplan §12-11 .....                                               | 125 |

|                                                                   |     |
|-------------------------------------------------------------------|-----|
| 05. Endringer av reguleringsplanar §12-14 .....                   | 125 |
| 06. Refusjonssaker, Pbl kap 18.....                               | 126 |
| Gebyr etter konsesjons- og jordlov .....                          | 126 |
| Søknad om konsesjon etter konsesjonslova .....                    | 126 |
| Søknad om frådelling etter jordlova .....                         | 126 |
| Søknad om omdisponering etter jordlova .....                      | 126 |
| Frikjøp av parkeringsplass .....                                  | 126 |
| Tenesteområda i kommunen .....                                    | 126 |
| Finans og fellespostar.....                                       | 127 |
| Innleiing .....                                                   | 127 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 127 |
| Driftsbudsjett med endringer.....                                 | 127 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 128 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 128 |
| Styring og kontrollverksemd .....                                 | 130 |
| Innleiing .....                                                   | 130 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 130 |
| Driftsbudsjett med endringer.....                                 | 130 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 131 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 131 |
| Administrasjon .....                                              | 133 |
| Innleiing .....                                                   | 133 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 133 |
| Driftsbudsjett med endringer.....                                 | 133 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 134 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 134 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 135 |
| Måltabell .....                                                   | 135 |
| Barnehagar .....                                                  | 137 |
| Innleiing .....                                                   | 137 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 137 |
| Driftsbudsjett med endringer.....                                 | 137 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 138 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 141 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 141 |

|                                                                   |     |
|-------------------------------------------------------------------|-----|
| Måltabell .....                                                   | 142 |
| Grunnskuleopplæring.....                                          | 143 |
| Innleiing .....                                                   | 143 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 143 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                                 | 143 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 144 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 146 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 147 |
| Måltabell .....                                                   | 147 |
| Kommunehelse.....                                                 | 148 |
| Innleiing .....                                                   | 148 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 148 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                                 | 148 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 149 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 154 |
| Måltabell .....                                                   | 155 |
| Pleie og omsorg .....                                             | 157 |
| Innleiing .....                                                   | 157 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 157 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                                 | 157 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 158 |
| Tenester til heildøgnsomsorg .....                                | 159 |
| Tenester til heimebuande .....                                    | 159 |
| Rus og psykisk helse .....                                        | 160 |
| Tenestekontoret.....                                              | 160 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 161 |
| Måltabell .....                                                   | 162 |
| Sosialteneste .....                                               | 164 |
| Innleiing .....                                                   | 164 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 164 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                                 | 164 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 165 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 166 |
| Måltabell .....                                                   | 167 |
| Barnevern .....                                                   | 169 |

|                                                                   |     |
|-------------------------------------------------------------------|-----|
| Innleiing .....                                                   | 169 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 169 |
| Driftsbudsjett med endringar .....                                | 169 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 170 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 172 |
| Måltabell .....                                                   | 172 |
| Vatn og avlaup, avfall og renovasjon .....                        | 174 |
| Innleiing .....                                                   | 174 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 174 |
| Driftsbudsjett med endringar .....                                | 174 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 175 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 176 |
| Investeringsbudsjett .....                                        | 177 |
| Måltabell .....                                                   | 178 |
| Plan og byggesak .....                                            | 179 |
| Innleiing .....                                                   | 179 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 179 |
| Driftsbudsjett med endringar .....                                | 179 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 180 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 180 |
| Investeringsbudsjett .....                                        | 181 |
| Måltabell .....                                                   | 181 |
| Kultur .....                                                      | 183 |
| Innleiing .....                                                   | 183 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 183 |
| Driftsbudsjett med endringar .....                                | 183 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 184 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 186 |
| Investeringsbudsjett .....                                        | 186 |
| Måltabell .....                                                   | 187 |
| Kyrkja .....                                                      | 188 |
| Innleiing .....                                                   | 188 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 188 |
| Driftsbudsjett med endringar .....                                | 188 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 188 |

|                                                                   |     |
|-------------------------------------------------------------------|-----|
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 189 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 189 |
| Samferdsel.....                                                   | 190 |
| Innleiing .....                                                   | 190 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 190 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                                 | 190 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 190 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 192 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 192 |
| Måltabell .....                                                   | 193 |
| Budsjett til trafikksikring .....                                 | 193 |
| Gjennomføring trafikksikringstiltak.....                          | 193 |
| Redusert tal omkomne/alvorleg skadde.....                         | 193 |
| Redusert tal trafikkskadde 15-24 år .....                         | 193 |
| Redusert tal trafikkskadde totalt.....                            | 193 |
| Rullering trafikksikringsplan .....                               | 193 |
| Trafikksikkert herad.....                                         | 194 |
| Budsjett til trafikksikring .....                                 | 194 |
| Gjennomføring trafikksikringstiltak.....                          | 194 |
| Redusert tal omkomne/alvorleg skadde.....                         | 194 |
| Redusert tal trafikkskadde 15-24 år .....                         | 194 |
| Redusert tal trafikkskadde totalt.....                            | 194 |
| Rullering trafikksikringsplan .....                               | 194 |
| Trafikksikkert herad.....                                         | 194 |
| Bustad.....                                                       | 195 |
| Innleiing .....                                                   | 195 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 195 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                                 | 195 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 196 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 196 |
| Investeringsbudsjett.....                                         | 197 |
| Måltabell .....                                                   | 198 |
| Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft .....              | 199 |
| Innleiing .....                                                   | 199 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 199 |

|                                                                   |     |
|-------------------------------------------------------------------|-----|
| Driftsbudsjett med endringer .....                                | 199 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 200 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 200 |
| Måltabell .....                                                   | 201 |
| Brann- og ulykkesvern .....                                       | 202 |
| Innleiing .....                                                   | 202 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 202 |
| Driftsbudsjett med endringer .....                                | 202 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 203 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 203 |
| Investeringsbudsjett .....                                        | 204 |
| Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde .....           | 205 |
| Innleiing .....                                                   | 205 |
| Samandrag budsjett .....                                          | 205 |
| Driftsbudsjett med endringer .....                                | 205 |
| Prioriteringar i økonomiplanen .....                              | 205 |
| Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter ..... | 206 |


## Bera eller bresta

Berekraft står ikkje på lista til Språkrådet med ord som har vorte kåra som “årets” sidan 2008. Rådmannen har heller ikkje leita etter noko statistikk over bruken av ordet, men har inntrykk av at ordet er stadig hyppigare brukt i offentlege dokument. Fyrst og fremst auka nok bruken når det offentlege Noreg skulle ta i bruk FN sine berekraftsmål som mål for verksemda si. Berekraftsmåla er tenkt som verda sin felles arbeidsplan for å imøtekoma behova me har i dag, utan å øydeleggja for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov. Til saman er det 17 mål, men mange tenkjer nok fyrst på mål 13: Stopp klimaendringane. Målet er å avgrensa global temperaturstigning til godt under 2 grader celsius.




Også Kvam skal gjera sin del for å redusera eigne klimagassutslepp. Me har laga ein plan med tiltak, og som del av dette budsjettdokumentet, er her også eit eige klimabudsjett med framlegg til tiltak for komande år. Rådmannen er trygg på at samla sett, er me på veg til å redusera klimaavtrykket til Kvam. Her er likevel ein del frustrasjon over at kommunane på dette viktige området, har fått endå fleire oppgåver, pålegg og lovkrav som vert lagt på kommunane utan tilstrekkeleg ressursar til å utføra dei. Og at her er utarbeidd altfor lite materiell på nasjonalt nivå for korleis me skal løysa oppgåvene. Dermed sit 357 kommunar og skal prøva seg fram når det til dømes gjeld korleis me skal handtera miljøkrava i alle innkjøpa våre. At me heller ikkje har tal for klimautsleppa i 2023, fører til at me ikkje veit noko om grepa me gjer, er effektive nok. Og med avgrensa midlar, treng me nasjonal kunnskap om dei mest effektive grepa med omsyn til kost/nytte. Dei siste åra har kommunen brukt mykje ressursar på å verta Miljøtårnsertifisert. Dette har vore svært nyttige erfaringar, og etter å ha sertifisert rådhuset, har me halde fram i 2024 med kulturskule og bibliotek. Det viser seg imidlertid at dette vert ei svært kostbar ordning for kommunane, då me må betala for kvar lokalitet me får sertifisert, og deretter ved resertifisering. I tillegg krev prosessen mykje interne ressursar. Rådmannen har difor vurdert det slik at me tek med oss erfaringane og grepa frå dei sertifiseringsprosessane me har hatt, men ikkje går vidare med sertifisering av fleire lokasjonar, og heller ikkje resertifiserer dei me har når den tid kjem. Miljøkoordinatoren har også brukt store delar av stillinga til denne prosessen. Engasjementet går fram til sommaren 2025, og rådmannen tilrår at stillinga ikkje vert vidareført i økonomiplanperioden. Det legg større trykk på leiarane i organisasjonen for å imøtekoma miljøkrav m.m., men me må også utforda statleg nivå om å laga betre rammevilkår for kommunane til å utføra desse oppgåvene.

Demografiutviklinga til Kvam er heller ikkje berekraftig med tanke på å oppretthalda folketal og ein god forsørgjarbrøk. Prognosane viser at me har ei vesentleg endring i demografien om 5-6 år. Illustrasjonen under er henta frå folkehelseoversikt og kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, og viser utviklinga frå 2014 (heiltrekt linja) til i dag (søyle) og prognose for 2034. For menn er prognosen i 2034 færre for alle aldersgrupper fram til om lag 60 år. Etter dette er det ein auke for alle aldersgrupper. Utviklinga for kvinner er om lag den same, men her er nokre aldersgrupper innimellom som er litt større enn i dag.




I Kvam har me motarbeidd og motbevist prognosane til SSB dei siste åra. Dette har me oppnådd med tilflytting, og me har hatt større tal born ved skulestart, enn det som er fødd i Kvam. Det er likevel ikkje til å koma i frå at fødselstala i stadig større grad ligg under 100 per år.

## Økonomiplan for 2025-2028



Ein viktig strategi og eit viktig satsingsområde i Kvam, er å vera ein attraktiv kommune for barnefamiljar, for at me skal tiltrekkja oss både innbyggjarar, arbeidskraft og utbetra demografien. Når rådmannen ser utviklinga i nasjonal fruktbarheitsrate, er det grunn til uro. I 2024 er talet heilt nede på 1,4. Sjølv dei mest optimistiske framskrivingane viser ei bratt stigning fram til 2030, så ligg dei alle under 2, noko som i seg sjølv inneber folketalsnedgang (utan innvandring). Dei låge fødselstala inneber også at det vert større konkurranse mellom kommunane for å tiltrekkja seg barnefamiljar.

### Framscrevet fruktbarhetsrate



Kilde: Nasjonale befolkningsframskrivninger, Statistisk sentralbyrå

Prognosane for Kvam viser at veksten i dei eldste aldersgruppene fyrst aukar vesentleg frå 2030. Barnetalet går heller ikkje vesentleg ned før etter denne tida. Me står no framfor nokre dilemma. Me må starta førebuingane og dreia ressursane til å handtera auka behov for pleie- og omsorgstenester til dei eldste aldersgruppene. Dette er for seint å gjera i 2030. Samstundes viser prognosane at barnetalet ikkje går vesentleg ned dei neste 5 åra. Det vil seia at me ikkje får "hjelp" av redusert behov for rammer til desse aldersgruppene heller i den komande 5-årsperioden. Og ved å redusera satsinga på å tiltrekkja oss denne aldersgruppa (og foreldra deira i arbeidsfør alder), kan me forverra demografiutviklinga vår.

Eit anna dilemma er i kva grad me kan halda fram med det førebyggjande arbeidet, der dette ikkje er lovpålagt. Me har utfordring med utanforskap og unge uføre i Kvam. Det er eit tap både når det gjeld arbeidsfellesskap og meistringsopplevingar dei ikkje får ta del i, og for oss som samfunn som treng arbeidskrafta. Utanforskapen medverkar også til at forsørgjarbrøken ("eldrebølgja") vert ytterlegare skeivare. Kvam har satsa på førebygging og fremjing av gode oppvekstvilkår over mange år. Oppvekstplan og Oppvekstreform er under implementering breitt i kommunen sine tilbod og tenester, som t.d. auka grunnbemanning i barnehage, arbeid med trygt og godt skulemiljø inkl. bruk av miljørettleiarar, etablering av Familiesenteret, auke i utekontakten, eit breitt fritidsarbeid, Ungdomsrådet, prosjekt- og medverknadsarbeid frå ungdom, kompetanseheving *Tidleg Inn* for å nemna nokre. Å måla resultat av førebyggjande arbeid på kort sikt, let seg ikkje gjera. Brei satsing retta mot barn og unge sine viktigaste arena for utvikling - heimen/foreldre, barnhage/skule og fritid har vore fokuset i Kvam sitt arbeid, jmf Oppvekstplanen, i tillegg til kunnskap om verksame førebyggjande tiltak. På Oppvekstkonsferansen 2024 melder ungdomane om kva dei meiner er dei viktigaste prioriteringane framover - medverknad, psykisk helse (deltaking, inkludering og meistring) og eit godt skuletilbod som fremjar skuletrivsel.

Det langsiktige arbeidet med førebygging har no fått retning i planverk, strategiar og tiltak, som skal implementerast på tvers i organisasjonen. Utfordringa i all førebygging er vanskar med å sjå effektar på kort sikt og halda fast ved planar og strategiar over tid. I litteratur om førebygging er det sjeldan at eit konkret tiltak kan førebyggja ein vanske eller at ein vanske har ei årsak. Det er samspelet mellom risiko-faktorar for uhelse og beskyttande forhold som avgjer i kva grad og korleis vanskar oppstår og vert oppretthaldne. Oppvekstplanen legg vekt på beskyttande faktorar med mål om i større grad å stå imot eller redusera utfallet av risikofaktorar, og såleis førebyggja framtidig uhelse, utanforskap og redusert livskvalitet.

Me er likevel i ein situasjon der me ikkje har ein berekraftig økonomi. I framlegget til økonomiplan ligg det inne framlegg til innsparingar på opp til 75 mill.kr per år ved utgangen av perioden. Dette kjem i tillegg til innsparingane som vart iverksett i 2024. Innsparingstiltaka kjem i tillegg til netto tiltak som følgje av netto inntektsauke som svingar frå om lag 6 mill.kr. til 31 mill.kr. i løpet av perioden. I 2028 ligg det førebels eit nedtrekk på om lag 100 mill.kr. Likevel er det ikkje nok. I heile perioden er det meirforbruk, som vert redusert etter kvart som åra går. Men i 2028 er det framleis eit netto meirforbruk på vel 15 mill.kr. Etter dei generelle tilrådingane med 1,75% i netto driftsresultat, har me endå om lag 35 mill.kr. igjen som me må ta ned drifta med. Og om ikkje dette er nok, så er tala utan store komande investeringar som Øystese barneskule og behov for sjukeheimsplassar. Her er heller ikkje noko til å verken tetta vedlikehaldsetterslepet, årleg vedlikehaldsgap, kyrkja sine utfordringar, eller rom til samsatsingar med bl.a. fylkeskommunen om Fossehus, bestillingsskyss og på samferdsel elles. Innan utløpet av økonomiplanperioden, trur rådmannen difor at me må i gang med endå ei utviding av innsparingsprogrammet. Men vurderinga i dette budsjettframlegget er at me er heldige som har sett av midlar til tøffare tider. Sjølv om dei tøffare tidene kom både raskare og kraftigare enn forventet. I tida framover har me rikeleg med innsparingstiltak å arbeida vidare med og å realisera i denne omgang.

Me har nyleg lagt bak oss eit år der årsoppgjeret viste ei vesentleg forbetring i høve prognosa. Kan dette skje i den komande perioden også? Ja, om kraftprisane vert høgare og renta lågare, vil det ha positiv

innverknad på netto driftsresultat for kommunen. Men verdsøkonomien som påverkar desse tala, er inne i ein usikker periode, og kraftprisane kan også verta lågare og rentene høgare. Regjeringa fekk, om enn litt seint, med seg at kommunane er i økonomisk krise og kom med ekstra midlar. Dette hjelper, men er likevel under nivået som administrasjonen våga håpa på, med om lag 6,5 mill.kr. mot 10 mill.kr. som ligg i budsjettet for 2025 og 2026.

Det nye inntektssystemet, særleg med nye ordningar for vekting for personar med utviklingshemming i kommunen, gjer at Kvam kjem dårlegare ut på dette feltet. Regjeringa har også lagt om inntektssystemet, slik at den ekstra skatteinntekta som har kome som ein bonus på slutten av året på grunn av høgare utbyttetal, er teke ut. I staden får kommunane høgare andel av dei ordinære skatteinntektene, med grunngjevinga at kommunane då får meir føreseielege inntekter. Kan kommunane få endå meir statlege inntekter i Stortinget si handsaming av sitt budsjett? Me kan sjølv sagt håpa det, men rådmannen har heller ikkje tru på at det er kjem nok midlar til kommunane til å henta inn mange år med underfinansiering av kommunesektoren. Sjølv om me går inn i eit valår. Nokre fleire midlar til å gjennomføra omstillinga av kommunane, er nødvendig. Men mest av alt treng kommunane, som barn og unge i Kvam, også trygge, ansvarlege vaksne som kan setja grenser for kva kommunane skal halda på med. Me er i ein situasjon der det (snart) ikkje hjelper med å få tilført meir midlar fordi me får ikkje tak i fleire arbeidsfolk. Me treng ikkje fleire lovnader på vegne av kommunane som er med å auka gapet mellom kva som vert forventa at kommunane skal levera, og dei ressursane som er tilgjengelege. I arbeidet med undersøkje og redusera sjukefråvær i kommunen, er eit av bileta rådmannen sit igjen med at medarbeidarar står på og yt gode tenester i løpet av dagen. Og så går dei likevel heim med dårleg samvit fordi dei ikkje opplever å ha innfridd alle forventningane som vert stilt til dei. Me skal sjølv sagt halda fram med tenesteutvikling og effektivisering, men rådmannen meiner at me også må ta ned omfanget av arbeidsoppgåver og krav for å framleis kunne vera ein attraktiv arbeidsgjevar og unngå at våre medarbeidarar får for store belastningar.

Samla sett er dei økonomiske utsiktene såpass mørke at rådmannen i denne runden ikkje går inn på at konkurransen om arbeidskrafta fører til høgare lønsvest enn dei årlege rammene, eller seier noko om framtidige pensjonsutfordringar. I løpet av arbeidet med budsjett for 2025 og den komande økonomiplanperioden, har rådmannen vurdert det slik at me står ovanfor ein situasjon der fleire heilage og kjeke kyr måtte på slaktebenken i haust. Samstundes med at fleire kyr vart trekt fram i prosessen, poppa det opp nye kalvar som krev sitt. Fleire av dei må nok få leva opp, sjølv om det fører til at endå ei kyr ryk til. Korleis prosessen med å velja ut kyr i innsparingsprogrammet har vore, er omtala under kapittelet om innsparingsprogrammet. Kva nye tiltak som er lagt inn, ligg i kapittelet "Justeringar og tiltak", i tillegg til innsparingstiltaka. I dette kapittelet er dei samla i tabellar, men dei er også fordelt på dei ulike tenesteområda.

Rådmannen reknar med at det er framlegg til innsparingstiltak som vil få mest merksemd i det vidare budsjettarbeid, både blant politikarar, innbyggjarar og medarbeidarar. Rådmannen meiner likevel at det er viktig å ha med seg at om me må gjera grep for å ta ned rundt 10 % av driftsnivået, så er det meste igjen og me har i utgangspunktet eit bra nivå på tenestene i Kvam. Me har framleis ikkje skåre til beinet, og har føresetnader til å halda fram som ein attraktiv arbeidsgjevar i ein attraktiv kommune. Me kjem ikkje unna å gjera grep no om me vil ha eit nivå på drifta vår som er berekraftig, og å unngå at føresetnadane våre for ei oppsiktsvekkjande framtid brest. Det er sjølv sagt lov å synast at det er leit å riva ned noko som er bygd opp over tid, men rådmannen har oldemor sine trøystande ord med inn i prosessen - "Sukk hjarta, men brest ikkje".

Det har vore stor innsats frå mange i denne budsjettprosessen, og mange som skal ha takk for det. Ein ekstra takk går likevel til einingsleiarar og medarbeidarar i økonomieininga som har stått på i haustslakta med ope sinn, engasjement og gode drøftingar.

God lesing, og lukka til med det vidare budsjettarbeidet!

Anita Hesthamar, rådmann

## Innsparingsprogram

### Innsparingsprogram

I budsjettvedtaket for 2024 fekk rådmannen fullmakt til å laga eit innsparingsprogram på minst 150 mill.kr. for økonomiplanperioden. Programmet vart starta med bakgrunn i at prognosane viste at me frå toppåret med eit mindreforbruk på mill.kr. låg an til eit meirforbruk på same sum. Programmet var fordelt med 20 mill.kr i 2024, 35 året etter, 45 i 2026 og 50 i siste året. Det ville framleis vera eit meirforbruk i perioden, men håpet var at dette skulle dekkast med høgare kraftinntekter og liknande utover det som var budsjettert. Om ikkje, var det fondsmidlar til å dekkja meirforbruket.

Arbeidet med innsparingsprogrammet var tema i leiarsamling i januar og i drøftingsmøte med dei tilsette. Som inngang til tema vart spørsmålet "Korleis kan me saman skapa ein attraktiv arbeidsplass som leverer framtidsretta tenester, med færre ressursar enn me brukar i dag?".

Det var ikkje forventa nedbemanning som følgje av innsparingane, då kommunen har og får ledige stillingar. Som eit straktstiltak vart det innført stillingsvurdering - det vil seia at vakante stillingar skal til vurdering i leiargruppa før ev. utlysing.

I etterkant av leiarmøtet, vart arbeidet sett i gang i dei ulike einingane. Utgangspunktet var å finna innsparingstiltak tilsvarande omtrent 10% av driftsutgiftene. Dette for at det skulle vera noko å velja mellom i neste runde. Det var lagt opp ein tidsplan med sikte på å leggja fram dei fyrste tiltaka som del av 1. tertialrapport og til utkast til økonomiplan.

Einingane fekk også ei tilleggsutfordring med å vurdere behovet for tenesta utover 1 lokasjon. Dette fordi kommunen ikkje plikar å ha meir ein ein barnehage, ein skule, ein SFO, ein sjukeheim osv. Alt utover dette, handlar om andre forhold enn tenestekvalitet. Kvam har valt å ha eit spreidd tenestetilbod i kommunen. Dette vert no utfordra av fleire grunnar enn økonomi, som bemanning og klima. Ved å prioritera fleire lokalitetar, må me også forfordela ressursar til mindre einigar for å få dei til å fungera.

## Økonomiplan for 2025-2028

Då det viste seg at resultatet for 2023 vart vesentleg betre enn frykta, og tiltaksarbeidet vart krevjande, vart kravet til framlegg redusert til 5%. I fyrste tertial vart følgjande tiltak innarbeidd:

### Vedtekne innsparingar frå 1. tertial 2024

| Eining/område             | Nye tiltak                                                   | Budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---------------------------|--------------------------------------------------------------|---------------|--------------|--------------|--------------|
| Helse og omsorg           | Innsparing - NAV inntekt                                     | -100 000      | -100 000     | -100 000     | -100 000     |
| Helse og omsorg           | Innsparing - slutt med fylgje praktisk bistand               | -250 000      | -500 000     | -500 000     | -500 000     |
| Helse og omsorg           | Innsparing - multidose                                       | -200 000      | -1 200 000   | -1 200 000   | -1 200 000   |
| Helse og omsorg           | Innsparing - ta betalt for tv og internett i omsorgsbustader | -100 000      | -400 000     | -400 000     | -400 000     |
| Helse og omsorg           | Innsparing - Tolo omsorg reduksjon tal omsorgsbustader       | -750 000      | -3 000 000   | -3 000 000   | -3 000 000   |
| Helse og omsorg           | Innsparing - auke pris omsorgsbustader                       | -600 000      | -1 600 000   | -3 200 000   | -3 200 000   |
| Oppvekst                  | Innparingsprogram Oppvekst                                   | -3 727 552    | -4 764 652   | -4 157 452   | -4 157 452   |
| Teknisk                   | Innsparing - redusere innetemperatur med 1 grad              | -135 000      | -270 000     | -270 000     | -270 000     |
| Teknisk                   | Innsparing: Ta ned reinhaldsfrekvens                         | -392 355      | -784 710     | -784 710     | -784 710     |
| Samfunn, næring og kultur | Innsparing Kulturminneplanarbeid , ta ned nivå               | -70 000       | -100 000     | -100 000     | -100 000     |
| Samfunn, næring og kultur | Innsparing- Pemisjon næring , 10% 2024                       | -100 000      | 0            | 0            | 0            |
| Samfunn, næring og kultur | Innsparing, Kinck dagane , går ut                            | -10 000       | -10 000      | -10 000      | -10 000      |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                             |                                                          |                       |                        |                        |                        |
|-----------------------------|----------------------------------------------------------|-----------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| Politisk/øko./IT/HR/Rådmann | Omfordeling IT , auka inntekter og utgifter fom 2024     | -807<br>000           | -807<br>000            | -807<br>000            | -807<br>000            |
| Politisk/øko./IT/HR/Rådmann | Innsparing - Lokale til leiarsamling, verneombodssamling | -100<br>000           | -100<br>000            | -100<br>000            | -100<br>000            |
| Plan og byggesak            | Innsparing- Vac arkitekt stilling                        | -909<br>000           | -909<br>000            | -909<br>000            | -909<br>000            |
| <b>Innsparingar totalt</b>  |                                                          | <b>-8 250<br/>907</b> | <b>-14 545<br/>362</b> | <b>-15 538<br/>162</b> | <b>-15 538<br/>162</b> |

Det viste seg imidlertid at driftsresultat elles vart forverra i tertialen til ei dobling på nesten 100 mill.kr. Rådmannen fekk difor fullmakt til å gå til innkjøp av ekstern konsulenthjelp til vidare arbeid med innsparingsprogram og endra struktur, til ei samla ramme på inntil 1 mill.kr. Dette innkjøpet er endå ikkje gjort, då det tek tid å få på plass ekstern konsulent og god bruk er avhengig av at administrasjonen har kapasitet til å nytta denne ressursen på ein god måte. Det vidare arbeidet med innsparingsprogrammet i haust har difor vore i eigen regi, i hovudsak utført av leiargruppa til rådmannen og medarbeidarar i økonomiavdelinga. I samband med 2. tertial og det vidare budsjettarbeidet, vart det snart klart at å få eit budsjett i balanse vart meir krevjande enn det såg ut hausten 2023. For å ikkje koma i ein ny situasjon med for lågt budsjetterte inntekter, endra administrasjonen prinsipp for m.a. kraftinntekter, og fjerna tryggleiksmarginen på 25%. Dette er vidareført i økonomiplanperioden. Forventa ekstra inntekter frå Havbruksfond og andre statlege inntekter, vart også lagt inn.

Problemstillinga og gapet som må tettast for å få økonomien i balanse slik situasjonen er no, ser likevel ut til å vera over 100 mill.kr. Det vart også klart at grep som effektivisering, strukturinnsparingar og ekstra inntekter ikkje ville vera tilstrekkeleg. Her måtte også kuttast i tenester.

Vanlegvis utarbeider organisasjonen nye, prioriterte framlegg til rammeauke, som har fått kallenamnet "ynskjeliste". I den situasjonen me var i, vart arbeidet med denne lista kansellert. Det vil seia at om det er gode tiltak som kan prioriterast innan reduserte rammer i dei ulike einingane, så er det opna for dette. Men det har ikkje vorte prioritert i haust.

Når det gjeld budsjettframlegga frå kontrollutvalet og Kvammabadet KF, vert dei lagt inn slik dei kjem frå desse instansane.

I tillegg til interne ynskjer, har administrasjonen og registrert ynskje frå eksterne organisasjonar på tilsvarande måte. Denne prosessen er også stoppa i år. Innspel vert likevel registrert på budsjettsaka, når dei vert sendt til administrasjonen. Nokre aktørar vender seg gjerne direkte til politikarane, og vert ikkje registrert.

Val av aktuelle tiltak har i haust vore vurdert opp mot sannsynleg opplevd vesentleg endring i tenestekvalitet (positiv, nøytral eller negativ), og det same for attraktivitet som arbeidsgjevar og bukkvalitet. Attraktivitet som arbeidsgjevar er eit viktig omsyn fordi me er i konkurranse med andre kommunar og private om arbeidstakarane, og det hjelper ikkje å ha tilgjengeleg budsjettammer om me ikkje klarar rekruttera og behalda arbeidstakarar.

Me kom heller ikkje i mål etter denne runden, og måtte starta på lista med tiltak som svei endå meir. Etter kvart vert også tiltak meir omtrentlege, og meir i ein retning enn at dei er klare til å setja rett ut i livet. Det inneber at det også i 2025 krevst mykje arbeid med å få gjennomarbeidd og realisert framlegg til tiltak i programmet. Og leiting etter nye, eller alternative grep. Her må også gjerast eit drøftings- og forankringsarbeid i organisasjonen i etterkant av politisk handsaming, for det vidare innsparingsprogrammet.

Det har vore mest fokus på drifta, men her er også gjort grep på investeringssida for å unngå ytterlegare press på rente- og avdragsutgifter. Nokre mindre justeringar er gjort, og fleire investeringsprosjekt er sett på vent. Det er også viktig å vera oppmerksam på at dei største investeringsprosjekta og utbyggingsbehova som er under utgreiing, førebels ikkje er teke inn i økonomiplanperioden.

Rådmannen har ikkje lagt inn framlegg til innsparingar på tema "Styring og kontrollverksemd". Dette reknar rådmannen som velkjente tema som politikarane har debattert nyleg, både omfang av politisk leiging, dagmøte vs kveldsmøte, mat på møte, møtegodtgjersle og omfang av utval. Tidlegare vurderingar er at nivået på utgifter til styring og kontrollverksemd har vore relativt lågt og nødvendig for å rekruttera eit større mangfald til heradsstyret.

Det er gjort nokre innsparingar på administrasjon, men Kvam har frå tidlegare relativt lågt nivå på administrasjon. Me går også inn i ei tid der det er ekstra behov for administrative ressursar for å følgja opp innsparingsprogram, og me veit også at me må bruka meir ressursar på å rekruttera og følgja opp og behalda medarbeidarar.

Tekniske tenester skulle etter behovskartlegginga i eigedomsstrategien, ha fått tilført ressursar i økonomiplanperioden. Dette er ikkje funne rom til, men eininga har fått behalda ressursar i større grad enn andre einingar. Det er også utfordrande å redusera den nye eininga "Samfunnsutvikling" ytterlegare i oppstartsfasen. Her trengst ressursar for å samordna seg og få rom til å arbeida med samfunnsutviklinga.

Det er ikkje til å koma i frå at me har to einingar som er vesentleg større enn resten av organisasjonen, og at desse to får hovudvekta når det skal sparast inn. Rådmannen har i innleiinga vore innom dilemma for satsing på Oppvekst og behov for dreining av ressursar over til pleie- og omsorgstenestene.

Helse og omsorg er meir enn pleie- og omsorgstenestene, sjølv om dette er den desidert største. Ei av tenestene som har auka kraftig i utgifter, er legetenesta. Her har også vore størst rekrutteringsutfordringar. Ut frå kostnader og at lege er ein knapp ressurs, meiner rådmannen det er feil å oppretthalda utekontor. Kommunen må kompensera legane for køyretid, fråvær frå eigen praksis og i tillegg at dei på utekontor berre får handtert om lag 2/3 av pasientar samanlikna med dagar i eigen praksis. Sjølv om utekontor har andre føremoner som nærleik til nokre pasientgrupper, tilrår rådmannen å leggja ned begge utekontora, alle dagar.

I den såkalla dyrtida, er det utfordrande å auka kommunen sine inntekter av di det fører til auka utgifter til innbyggjarane våre. Her er likevel ei rekkje framlegg som auke i eigedomsskatt, gebyrinntekter og reduksjon i syskenmoderasjon for dei som har sysken i barnehage + SFO.

I framlegg til innsparingar, er her nemnt fleire stillingstitlar. Det kan opplevast krevjande for dei som har stillingane, særleg når det er få. Då er det viktig å ha med seg at de som medarbeidarar er tilsette i Kvam herad, og at framlegg til innsparing i ei stilling ikkje tyder at de som har slike stillingar vert sagt opp. Kommunen har, og får, andre ledige stillingar, og me har eigne retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning om det skulle verta aktuelt.

I kapittelet "Justeringar og tiltak" er nye tiltak som er lagt inn i budsjettprosessen samla. Det er også framlegga til innsparingstiltak. Endå meir informasjon om tiltaka kjem opp i eit såkalla "sprett-opp"-vindauga, og innunder dei enkelte tenestoområda.

## Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring

### Rådmann sitt forslag til budsjett 2025-2028:

Tabellane viser forslag til budsjett 2025 til 2028. Budsjett 2025 har vore ein del av økonomiplanen sidan budsjett 2022. Det betyr at økonomiplanåret 2025 har vorte justert med varige endringar i fleire budsjettprosessar tidlegare. Budsjettendringar som for eksempel vart gjort i tertial 2024 har fleire tilfelle også hatt verknad for 2025 og vidare i ØP.

På same måte vert det i dette budsjettet gjort endringar som har verknad på budsjetttramma for 2026-2028.

Det som vert trekt fram i dette dokumentet er Rådmann sine forslag til nye tiltak per budsjett og økonomiplan 2025-2028. Det vil sei endringane mellom det som var ramma i 2025 etter vedtak 2.tertial 2024 og tekniske justeringar i budsjett 2025.

Alle nye tiltak i budsjettet viser også i tabellen "Driftsbudsjett med endringar" som ligg på kvart enkelt tenestoområde. Tiltaka i tabellen under er samla på tvers av eining og tenestenivå. Beløpa på tiltaka i denne lista kan derfor ikkje samaliknast direkte med beløpa på dei same tiltaka i tabellen på tenestoområda, då eit tiltak kan være fordelt på fleire tenestoområde.

### Bruk og avsetjing av disposisjonsfond og andre justeringar budsjetttramma

| Tiltak                                                             | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 |
|--------------------------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Auke i pensjon i forhold tidlegare prognose for perioden 2025-2028 | 4 092<br>756    | 9 577<br>668    | 11 201<br>718   | 15 964<br>316   |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                                                                                |                       |                       |                       |                       |
|--------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Teknisk justering av ramme mot nytt budsjett 2025                              | 3 238<br>682          | 3 238<br>682          | 3 238<br>682          |                       |
| Auke i arbeidsgjevaravgift i forhold tidlegare prognose for perioden 2025-2028 | 5 230<br>106          | 5 230<br>106          | 5 230<br>106          | 5 230<br>106          |
| Rettingar av tidlegare feil i budsjett                                         | 483<br>918            | -1 231<br>149         | -1 099<br>541         |                       |
| Tidsforskyvingar av øyremarka midlar til utbetaling                            | 2 290<br>000          | 0                     | 0                     | 0                     |
| Avsetjing av auka inntekt på Havbruksfond og kraft til disposisjonsfond        | 10 841<br>677         | 18 600<br>427         | 15 530<br>637         | 22 556<br>317         |
| Redusert bruk av disposisjonsfond til finansiering av budsjett og økonomiplan  | 31 176<br>434         | 27 355<br>664         | 39 223<br>207         | 46 239<br>814         |
|                                                                                | <b>57 353<br/>573</b> | <b>62 771<br/>398</b> | <b>73 324<br/>808</b> | <b>89 990<br/>553</b> |

## Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2025 -2028

**Totaloversikt over alle justeringar og nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2025 - 2028 (tal i tusen)**

### Forslag til nye tiltak 2025-2028

*Beløp i 1000 kr*

| Tiltak                                                                                 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|----------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                    | 2 180        | 3 457        | 3 457        | 3 457        |
| Andre generelle statstilskudd                                                          | -5 000       | -8 500       | -4 000       | -10 500      |
| Drift og vedlikehald av kommunale veglys                                               | 190          | 190          | 190          | 190          |
| Drift, vedlikehald og service av system på legekontor og legevakt                      | 60           | 60           | 60           | 60           |
| Estimat tilskot frå Imdi grunnskule                                                    | -648         | -648         | -648         | -648         |
| Fastlegevikariat husleige Helsebanken                                                  | 700          | 0            | 0            | 0            |
| Fylkeskommunale veglys ut av kommunal drift                                            | 1 178        | 1 178        | 1 178        | 1 178        |
| Gebyrinntekter sjølvkost , B25                                                         | -3 789       | -10 197      | -11 757      | -12 775      |
| Indirekte kostnader på sjølvkost, B2025                                                | -18          | -18          | -18          | -18          |
| Innføring av matvertstellingar på alle heildøgnsinstitusjonar i pleie og omsorg        | 2 500        | 5 000        | 5 000        | 5 000        |
| Justering i finansbudsjett B25                                                         | 52           | 52           | 52           | 52           |
| Justering i kraftinntekter og skatt på kraft etter ny prognose frå kraftforvaltar, B25 | -6 840       | -10 590      | -11 515      | -10 341      |
| Kaiinntekter - korrigerer budsjett                                                     | -270         | -270         | -270         | -270         |
| Kommunalt legekontor - drift av Norheimsund legekontor                                 | 498          | 598          | 598          | 598          |
| Kommunalt legekontor - Nye ALIS-stillingar                                             | 1 804        | 1 804        | 1 804        | 1 804        |
| Kommunalt legekontor - Vikarutgifter Nhs.legesenter                                    | 1 200        | 0            | 0            | 0            |
| Kommunedelplan for avlaup 2025-2032                                                    | 200          | 0            | 0            | 0            |
| Kommunedelplan for vassforsyning 2025-2032                                             | 200          | 0            | 0            | 0            |
| Korrigerer økonomiplan f.o.m. 2028 - Støtte til private veglag                         | 0            | 0            | 0            | -300         |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                           | 7 644        | 16 685       | 16 685       | 16 685       |
| Medisinsk ansvarleg Norheimsund legekontor                                             | 140          | 140          | 140          | 140          |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Tiltak                                                                                                                      | Øk.plan 2025   | Øk.plan 2026   | Øk.plan 2027  | Øk.plan 2028   |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|---------------|----------------|
| Mellomsbels lokaler for vaksenopplæringa                                                                                    | -300           | 300            | 0             | 0              |
| N002 Hardangerrådet , justert budsjett 2025-2027 etter vedtak i Hardangerrådet IKS                                          | -120           | -100           | -78           | -50            |
| Ny avtale mellom Kvammabadet KF og Hardangerbadet                                                                           | 3 989          | 3 989          | 3 989         | 3 989          |
| Ny stilling legevaktarbeid, 10% stilling                                                                                    | 140            | 140            | 140           | 140            |
| Områdeplan Øystese har meirkostnad på 0,4 mnok. Av dette vert 0,15 mnok dekket internt, 0,25 mnok er budsjettauke for 2025. | 250            | 0              | 0             | 0              |
| Ordinært rammtilskudd                                                                                                       | -23 408        | -14 345        | -14 345       | -16 662        |
| Overtaking legekantor - Reinholdsstilling                                                                                   | 326            | 326            | 326           | 326            |
| Premieavvik og aga på pensjon justert etter aktuar 2025-2034_B2025                                                          | -1 283         | 568            | 1 808         | 1 285          |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                                                                     | 180            | 180            | 180           | 180            |
| Renteinntekter og utbytte                                                                                                   | 462            | 62             | 862           | 2 081          |
| Renteutgifter, prov. Og andre fin.utg                                                                                       | -6 400         | -500           | 2 750         | -3 140         |
| skatt på inntekt og formue                                                                                                  | -15 402        | -15 673        | -15 673       | -9 529         |
| Tilskot til kyrkja - prisjustert med 4,1% for 2025-2034                                                                     | 262            | 262            | 262           | 262            |
| Tilskot til private barnehagar i 2025                                                                                       | 5 351          | 5 351          | 5 351         | 5 351          |
| VAR i null B25                                                                                                              | 2 220          | 5 693          | 6 505         | -3 604         |
| Vidareføring av stabiliseringstiltak til fastlegar                                                                          | 500            | 500            | 500           | 500            |
| <b>Totalsum</b>                                                                                                             | <b>-31 254</b> | <b>-14 309</b> | <b>-6 469</b> | <b>-24 560</b> |

## Oversikt over innsparingar foreslått i budsjett og økonomiplan 2025 -2028

### Oversikt innsparingar

Beløp i 1000 kr

| Tiltak                                                                                                                   | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Andre generelle statstilskudd                                                                                            | -1 680       | -1 680       | -233         | 0            |
| Bruk av eksterne konsulentar                                                                                             | -50          | -100         | -100         | -100         |
| Innsparing - leggje ned Ferie-SFO                                                                                        | -251         | -251         | -251         | -251         |
| Innsparing : Pott for overlappende stillingar, fjern restmidlar                                                          | -1 250       | 0            | 0            | 0            |
| Innsparing skule - reduksjon i ramma                                                                                     | -400         | -1 500       | -2 000       | -2 000       |
| Innsparing: Fjerne "Ny søkbar pott til lag og org " fom 2025_ HST vedtak 23/1581                                         | -200         | -200         | -200         | -200         |
| Innsparing: Struktur skule                                                                                               | -1 000       | -2 000       | -4 000       | -6 000       |
| Innsparing: Aktivitetsdag PU                                                                                             | -20          | -20          | -20          | -20          |
| Innsparing: Alternativ opplæringsarena i skule                                                                           | -100         | -100         | -100         | -100         |
| Innsparing: Avslutte prosjekt "Middag på huset" i PLO                                                                    | -1 500       | 0            | 0            | 0            |
| Innsparing: Avtale om underskotsgaranti går ut (helse)                                                                   | 0            | -500         | -500         | -500         |
| Innsparing: Barnehage - kun gje plass til barn med lovfesta rett og søkt innan 1. feb                                    | -3 000       | -6 600       | -6 600       | -6 600       |
| Innsparing: Barnehage - reduksjon i ramma                                                                                | -500         | -1 500       | -1 500       | -2 000       |
| Innsparing: Einingsleiar SNK, fråtrekt del av stilling                                                                   | -1 098       | -1 098       | -1 098       | -1 098       |
| Innsparing: Feriestengt i barnehage                                                                                      | -936         | -936         | -936         | -936         |
| Innsparing: Foreldreveiledning i introduksjonsprogrammet                                                                 | -150         | 0            | 0            | 0            |
| Innsparing: Foreslå i Hardangerrådet å avslutta kunstnarbustad Berlin i løpet av 2025                                    | -15          | -15          | -15          | -15          |
| Innsparing: Fritidsfeltet                                                                                                | 0            | -2 000       | -2 000       | -2 000       |
| Innsparing: Fritidskort - ta ned beløpsgrensa frå 2200 per år til 1000 per år fom 2025 (budsjett 1200 barn *1000 per år) | -980         | -980         | -980         | -980         |
| Innsparing: generelle næringstilskot                                                                                     | -162         | -162         | -162         | -162         |
| Innsparing: helgetimar/vikar/overtid i PLO                                                                               | 0            | -2 000       | -2 000       | -2 000       |
| Innsparing: Innføre sjukepleierteam i PLO                                                                                | 0            | -2 500       | -2 500       | -2 500       |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Tiltak                                                                                                                  | Øk.plan 2025   | Øk.plan 2026   | Øk.plan 2027   | Øk.plan 2028   |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Innsparing: Kjøp fondsandeler istadenfor direkte obligasjoner for å spare på forvaltningsutgifter (1/2 års effekt 2025) | -125           | -250           | -250           | -250           |
| Innsparing: Kraftfond, bruke 50% på egne prosjekt fom 2025                                                              | -1 000         | -1 000         | -1 000         | -1 000         |
| Innsparing: Kutte gåver for tilsette som fyller 50 år                                                                   | -20            | -20            | -20            | -20            |
| Innsparing: Legge ned dagsenter i Ålvik                                                                                 | -400           | -400           | -400           | -400           |
| Innsparing: Legge ned kommunale utekontor i Strandebarm og Ålvik                                                        | -1 400         | -1 400         | -1 400         | -1 400         |
| Innsparing: Medlemsskap, lisensar og avtaler i oppvekst                                                                 | 0              | -100           | -100           | -100           |
| Innsparing: Merkantil ressurs i skule                                                                                   | -140           | -280           | -280           | -280           |
| Innsparing: Oppvekst - redusere antal læringar                                                                          | -500           | -500           | -1 000         | -1 500         |
| Innsparing: Reduksjon av tilbud Holmsund 50%. Avslutte vaktavtale                                                       | -300           | -600           | -600           | -600           |
| Innsparing: Reduksjon i 100% kommunalt finansierte VTA plassar pga ny statleg finansiering                              | -330           | -330           | -330           | -330           |
| Innsparing: Reduksjon i nattenesta i PLO                                                                                | 0              | -2 000         | -2 000         | -2 000         |
| Innsparing: Reduksjon sentral kurspott med 0,1 mnok fordelt på ulike tenester fom 2025                                  | -100           | -100           | -100           | -100           |
| Innsparing: Redusere førebyggjande arbeid barn og unge                                                                  | 0              | -1 000         | -2 000         | -2 000         |
| Innsparing: Redusere reinhaldskostnader frå 2026                                                                        | 0              | -140           | -280           | -280           |
| Innsparing: Sei opp husleigeavtale med bustadstiftinga, 3 leiligheter                                                   | -300           | -300           | -300           | -300           |
| Innsparing: Selge Strandebarmsheimen                                                                                    | -140           | -140           | -140           | -140           |
| Innsparing: Selge Ålvik trygdebustader                                                                                  | -106           | -106           | -106           | -106           |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025-Fritid                                                    | -45            | -45            | -45            | -45            |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025-Ildrett                                                   | -150           | -150           | -150           | -150           |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025-Kultur                                                    | -30            | -30            | -30            | -30            |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025-Nærmiljø                                                  | -30            | -30            | -30            | -30            |
| Innsparing: Solcelleanlegg i landbruk/næring, avslutt ordning fom 2025                                                  | -790           | 0              | 0              | 0              |
| Innsparing: Sommarstenge bassenget i Strandebarm                                                                        | 0              | -150           | -150           | -150           |
| Innsparing: Stenge bassenget i Ålvik                                                                                    | 0              | -250           | -250           | -250           |
| Innsparing: Særskild språkopplæring i skule                                                                             | -180           | -180           | -180           | -180           |
| Innsparing: Søskenmoderasjon i barnehage og SFO                                                                         | -167           | -817           | -817           | -817           |
| Innsparing: Tilbakeføring av restmidlar til lærebøker                                                                   | -1 600         | 0              | 0              | 0              |
| Innsparing: Turistinformasjon flyttast til bibliotektenesta fom V2026                                                   | 0              | -248           | -248           | -248           |
| Innsparing: Vaksenopplæringa - reduksjon i ramma                                                                        | -300           | -600           | -1 000         | -1 000         |
| Innsparing: Vikarkoordinator og administrasjonsressurs i barnehage                                                      | -229           | -496           | -496           | -496           |
| Innsparing: ytterlegare reduksjon i tenestenivå                                                                         | 0              | -5 000         | -15 000        | -20 000        |
| Skatt på eigedom                                                                                                        | -5 760         | -9 760         | -15 060        | -14 130        |
| <b>Totalsum</b>                                                                                                         | <b>-27 433</b> | <b>-50 563</b> | <b>-68 956</b> | <b>-75 793</b> |

### Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden

Tabellen under viser netto bruk av disposisjonsfond i budsjett og økonomiplan 2025-2028. Netto bruk betyr at kommunen i 2025 budsjetterer med å bruke 38 mnok av dei oppsparte midlane kommunen har på disposisjonsfond/ubundne driftsfond for å få budsjettet i balanse.

## Økonomiplan for 2025-2028

I forhold til revidert budsjett 2024 er avsetjing til disposisjonsfond auka med 10,8 mnok i 2025 på grunn av auke inntekter på Havbruk og kraft som ihht til vedtak skal avsetjast til disposisjonsfond. Bruken av disposisjonsfond er redusert med 31,2 mnok som følgje av innsparingstiltak. Det betyr at som følgje av alle innsparingstiltaka og auka inntekter i perioden 2025-2028 så er netto bruk av disposisjonsfond redusert med 42 mnok.

Kommunen har midlar på disposisjonsfonda til å dekke overforbruket i økonomiplanperioden, men sjølv med dei foreslåtte innsparingane så er drifta framleis ikkje bærekraftig over tid.

|                                                                                       | Budsjett<br>2025       | Øk.plan<br>2026        | Øk.plan<br>2027        | Øk.plan<br>2028        |
|---------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| Avsetjing av inntekter frå Havbruksfondet                                             | 16 000<br>000          | 23 000<br>000          | 16 000<br>000          | 23 000<br>000          |
| Avsetjing av kraftoverskot over 15 mill. kr                                           | 27 621<br>755          | 28 829<br>545          | 30 655<br>595          | 33 276<br>265          |
| Totalt - Avsetjingar i økonomiplanen                                                  | 43 621<br>755          | 51 829<br>545          | 46 655<br>595          | 56 276<br>265          |
| P38230 - Auka grunnbemanning helse og omsorg                                          | -1 000<br>000          | 0                      | 0                      | 0                      |
| P61145 - Trafikksikringsplan – årleg                                                  | -300 000               | -300 000               | -300 000               | -300 000               |
| P61209 - Rekkverk kommunale vegar – årleg                                             | -300 000               | -300 000               | -300 000               | -300 000               |
| Kulturminneplanarbeid (rapportering)                                                  | -300 000               | -300 000               | -300 000               | -300 000               |
| Nettverk for fjord og kystkommuner (merking)                                          | -40 000                | -40 000                | -40 000                | -40 000                |
| Rekruttering i Hardanger og Voss ( merking)                                           | -100 000               | 0                      | 0                      | 0                      |
| Totalt - Bruk av disp.fond til finansiering av driftsprosjekt og andre vedtak         | -2 040<br>000          | -940 000               | -940 000               | -940 000               |
| Generell bruk av disposisjonsfond for å finansierte Budsjett og økonomiplan 2025-2028 | -80 114<br>563         | -79 208<br>425         | -76 699<br>381         | -68 303<br>914         |
| <b>Netto bruk av disposisjonsfond</b>                                                 | <b>-38 532<br/>808</b> | <b>-28 318<br/>880</b> | <b>-30 983<br/>786</b> | <b>-12 967<br/>649</b> |

## Føresetnader og risikovurdering

Budsjett og økonomiplan byggjer på ei rekkje føresetnader knytt til både inntekter og utgifter. Det er sannsynleg at fleire av desse føresetnadene vil endra seg gjennom budsjettåret. Dette kan slå ut både positivt og negativt for kommuneøkonomien.

Fleire av føresetnadene, som til dømes prisstiging, lønnsoppgjer og kraftinntekter vert påverka av forhold som kommunen ikkje er herre over. Det er difor viktig å forstå kva føresetnader som vert lagd til grunn.

Det følgjer av kommunelova § 14-4 andre ledd at årsbudsjettet skal visa dei mål og premissar som budsjettet byggjer på. Av forarbeida føl at dette og omfattar premissane for bruken av bevilgningene (Prop 46 L (2017-2018) i kommentarane til §14-4.

Budsjettpremissane består av:

- Premissar for bruken av løyvingar
- Heradsstyret sine premissar for bruken av dei talmessige løyvingane i årsbudsjettet.
- Tekniske budsjettforutsetningar
- Forutsetningar om pris- og lønsvekst, rentenivå og andre parameter. Desse viser i risikotabell under.

### Føresetnader

Budsjett og økonomiplan byggjer på siste gjeldande vedtak i heradsstyret, det vil seia 2. tertial 2024. Dette betyr at alle tidlegare fatta vedtak med verknad for åra 2025 - 2028 er innarbeidd i tala. Nokre vedtak har verknad kun for 2025, medan andre har permanent verknad.

Budsjettet til det kommunale foretaket Kvammabadet KF inngår ikkje i budsjettet som vert presentert i Framsikt. Budsjettet til det kommunale foretaket verdt lagt fram som eit vedlegg til Kvam herad sitt budsjett i Framsikt. Rekneskapsmessig inngår Kvammabadet KF i konsernet Kvam herad. Budsjettet til Kvammabadet KF er vedteke av styret i foretaket.

Det samla budsjettet til kommunen byggjer på ein rekkje føresetnader. Nedanfor følger ei utgreiing av dei viktigaste føresetnadene.

### Rammetilskot og skatteinntekter

Kvam herad sine frie inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot, som er kommunen sine største inntektskjelder. Rammetilskotet frå staten vert fordelt etter ein komplisert fordelingsnøkkel som mellom anna er avhengig av folketal og aldersfordeling i kommunen. Skatteinntektene er og bakt inn i modellen på ein slik måte at ei auke i skatteinntekt vil føre til ein reduksjon i rammetilskotet og motsett. Men det er ikkje eit 1:1-forhold, og avheng av dei nasjonale skatteinntektene. KS har utarbeidd ein modell som vert nytta i budsjettarbeidet.

Rammetilskotet og skatt på formue og inntekt er budsjetttert med utgangspunkt i framlegg til statsbudsjett for 2025. Det er sannsynleg at den vil koma nokre justeringar i kommunane sine inntekter i samband med budsjettforhandlingane i Stortinget. Normalt vert løyvinga til rammetilskot heva i samband med revidert nasjonalbudsjett, men dette er ei usikker inntekt som ikkje vert forskottert i kommunebudsjettet.

Rammetilskot og skatteinntekter er utfyllande forklart i kapitlet Inntekter og finanspostar.

## Gjeld, renter, egedomsskatt, utbytte og havbruksfond

Forutsetninger knytt til desse budsjettpostane vert omtala i kapitelet Inntekter og finanspostar.

## Kraftsal

Forutsetninger knytt til kraftsal vert omhandla i kapittelet **Kraftsal**

## Lønn og sosiale utgifter

Lønnsbudsjettet inkludere alle faste og midlertidige stillingar, faste og variable tillegg, timelønn og godgjersler. Sosiale kostnader er pensjon, arbeidsgjevaravgift og gruppelivsforsikring. Pensjonsutgiftene er justert basert på prognose frå pensjonsleverandørane KLP og SPK. Arbeidsgjevaravgifta er justert ut frå lønnsbudsjett 2025 og rekneskap 2024. For lønsoppgjeret 2025 er det budsjettert med ei lønsauke på 4,5 %, med verknad frå 1. mai 2025. Auken følgjer statsbudsjettet.

## Innkjøp

Andre driftsutgifter gjeld kommunen sine utgifter til innkjøp.

Statsbudsjettet for 2025 legg til grunn ein prisvekst på 3,5 % på innkjøp. Kvam sitt budsjettet inneheld ikkje nokon generell prisjustering for årleg inflasjon på innkjøpa. Ein del avtalefesta prisreguleringar er innarbeidd. Dette medfører i praksis ein tvungen innsparing/reduksjon i drifta som må løysast innanfor budsjetttramma til kvart einskild tenestemråde for dei innkjøpa som ikkje vert justert.

## Investeringar

Alle vedtekne investeringar, nye og pågåande, som ikkje er avslutta i 2024 ligg inne i budsjett og økonomiplan. Desse investeringane vil framkoma i driftsrekneskapen i form av avskrivingar når dei vert tekne i bruk. Lånefinansierte investeringar påverkar driftsrekneskapen gjennom renter og avdrag. Detaljert oversikt over investeringane ligg i eige hovudkapittel.

## Risikotabell

Kommunelova har to sentrale krav til dei kommunale budsjetta: balanse og realisme. Balansekravet inneber at dei budsjetterte inntektene minst må dekkja budsjetterte utgifter. Realismekravet tyder at budsjettet skal byggja på realistiske estimat for inntekter og utgifter. Ein kommune kan ikkje gå konkurs,

men dersom den driv med eit underskot som det ikkje finnest fondsmidlar til å dekkja inn, vert den sett under administrasjon av satsforvaltaren og vert ein såkalla ROBEK-kommune.

Den største tilskotsytaren og premissleverandøren for kommunane, staten, fastset berre årlege rammer for kommunane, men krev at kommunane skal levera ein plan for komande fire år. Det er nyttig å laga økonomiplan og vurdere utfordringane og retninga for dei komande åra, men dei aller fleste tala vil endra seg i løpet av perioden.

Nedanfor er dei mest sentrale føresetnadane og risikoelementa i høve avvik, lista opp. Tabellen syner risikoen for vesentleg meirforbruk i rekneskapen i form av reduserte inntekter eller auka utgifter.

| Verdi                                           | Sannsynleg         | Konsekvens                            |
|-------------------------------------------------|--------------------|---------------------------------------|
| 1                                               | Lite sannsynleg    | Resultateffekt mindre enn 1,0 MNOK    |
| 2                                               | Middels sannsynleg | Resultateffekt mellom 1,0 og 5,0 MNOK |
| 3                                               | Svært sannsynleg   | Resultateffekt større enn 5,0 MNOK    |
| <b>Sannsynleg * konsekvens =<br/>Risikonivå</b> |                    |                                       |

| <b>Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret</b>                                                                                                                                            | <b>Sannsyn<br/>(1-3)</b> | <b>Konsekvens<br/>(1-3)</b> | <b>Risikonivå<br/>(1-9)</b> | <b>Avbøtande tiltak</b>                                                                                                                                                                                                    |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|-----------------------------|-----------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Salsinntekter på vannkraft</b><br><br>Framtidsprisane endrar seg fortløpande og det er svært sannsynleg at heradet sine inntekter vert endra som følge av dette.                                                             | 3                        | 3                           | 9                           | Etterleve gjeldande strategi vedteke i heradsstyret. Dette inneber prissikring for største delen av konsesjonskrafta.                                                                                                      |
| <b>Renteutgifter</b><br><br>Det er risiko for at renta kan verta både høgare og lågare enn budsjett.<br><br>Renteutgiftene er budsjetttert i samsvar med eksisterande låneavtalar og gjeldande framtidsprisar i rentemarknaden. | 3                        | 3                           | 9                           | For å redusera risiko vert rentebinding løypande vurdert saman med finansielle rådgjevarar basert på utviklinga i rentemarknaden<br><br>Redusera framtidige investeringar for å unngå gjeldsvekst og ta ned renteutgiftene |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---|---|---|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Løn og sosiale utgifter</b><br><br>Personalutgiftene utgjør ein vesentleg del av kommunen sine utgifter. Sjølv små lønnsendringar kan difor få store utslag for kommuneøkonomien. <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunebudsjettet følgjer statsbudsjettet og det er lagt inne ein lønsvekst på 4,5 %.</li> <li>Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK</li> </ul> Arbeidsgjevaravgift er direkte avheng av lønsutgifter og pensjonsstorleik | 3 | 3 | 9 | Gjennomføra innsparingskrav<br><br>Oppfølging og økonomistyring                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>Kjøp av varer/tenester</b><br><br>I forslag til statsbudsjettet er kommunal deflator (lønns- og prisauke) på 3,5 % for 2025.<br><br>Kommunebudsjettet vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande.                                                                                                                                                                                                          | 2 | 3 | 6 | Kommunane får normalt kompensert prisauke gjennom deflatoren i nasjonalbudsjettet, men enkelte varer og tenester har hatt ein prisauke over generell prisauke.<br><br>Tett oppfølging og budsjett disiplin.<br><br>Det kan verta nødvendig å redusera nivået på kommunale tenester.    |
| <b>Skatt på inntekt og formue</b><br><br>Kommunen baserer budsjettet på KS sin prognose-modell. Det er risiko knytt til <ul style="list-style-type: none"> <li>Endring etter Stortinget si handsaming</li> <li>Endring i skatteinngangen i løpet av året</li> </ul>                                                                                                                                                                                            | 2 | 3 | 6 | Endring i skatt vert delvis kompensert gjennom inntektsutjamning<br><br>Justera budsjettet i tertiala og tilpassa drifta i tilfelle stor reduksjon i skatteinntektene.<br><br>Store reduksjonar i skatteinntektene vert kompensert gjennom rammetilskotet i revidert nasjonalbudsjett. |
| <b>Innsparingstiltak</b><br><br>Utfordrande å realisere full effekt då tiltaka i stor grad forutset nedgang i bemanning og ein                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | 2 | 3 | 6 | Revidera tiltaksplanen<br><br>Iverksetting, oppfølging og økonomistyring                                                                                                                                                                                                               |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                          |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---|---|---|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| stilling ikkje utan vidare kan reduserast med t.d. 15%                                                                                                                                                                                                                                                                         |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Enkeltsaker</b><br><br>Spesielt i oppvekst og helse kan det koma nye enkeltsaker, der brukarar må følgjast opp med stor ressursbruk                                                                                                                                                                                         | 2 | 3 | 6 | Organisera tenester på ein slik måte at enkeltsaker krev minst mogleg ressursar<br><br>Dette er utfordrande ettersom organisasjonen ikkje er dimensjonert for slike hendingar.                                           |
| Avsetningar til disposisjonsfond                               | 35 215            | 24 966                    | 39 874                   | 43 622          | 51 830          | 46 656          | 56 276          |
| Bruk av disposisjonsfond                                       | -29 865           | -77 121                   | -106 317                 | -82 155         | -80 148         | -77 639         | -69 244         |
| <b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b> | <b>8 350</b>      | <b>-61 838</b>            | <b>-83 201</b>           | <b>-50 016</b>  | <b>-25 393</b>  | <b>-28 082</b>  | <b>-15 530</b>  |
| <b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>      | <b>0</b>          | <b>0</b>                  | <b>-4</b>                | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |

## Hovudtal i budsjettforslaget

Tala i kommentarane under finn me igjen i tabellen "Økonomisk oversikt drift etter § 5-6" i kapittelet Budsjettvedtak.

### Fordeling av heradet sine driftsinntekter i 2025

Staten påverkar i stor grad inntektspostane til kommunen i form av skatt og rammetilskot. I tillegg styrer staten inntekter gjennom enten direkte fastsetjing som pris på barnehageplass og satsar for pleie- og omsorgstenester, eller gjennom lovverk som husleigelova og eigedomsskattelova og regelverk for sjølvkostområde.



**Rammetilskotet** på 371 MNOK er det årlege tilskotet frå Staten. Dette utgjer 33% av kommunen sine årlege driftsinntekter.

**Inntekts- og formuesskatt** er budsjettert til 322 MNOK som utgjer 28%.

**Eigedomsskatten** er den største inntektsposten som kommunen sjølv kan påverka. I 2025 er denne budsjettert til 46 MNOK eller 4% av driftsinntektene. Inntekta er auka med 5 mnok i forhold til opphøveleg budsjett 2024. Det er foreslått å auka promillen på bustad og fritid frå 3 til 4.

**Andre skatteinntekter** er konsesjonsavgift på 4,8 MNOK årleg, knytt til kraftverksemda i kommunen. Denne utgjer 0,4% av driftsinntektene.

**Andre overføringer og tilskudd frå staten.** Det som utgjer dei største andelane er sal av heimfallskraft, vertskommunetilskot, IMDI tilskot til NAV og inntekter på havbruksfond. Samla utgjer dette 130 MNOK og 11% av totalen.

**Overføringer og tilskot frå andre** utgjer 109 MNOK og 10%. Her ligg inntekter frå sjukelønnsrefusjon, momskompensasjon, tilskot for ressurskrevjande brukarar og refusjonar IMDI, udir og HELFO. I tillegg inneheld posten spelemidlar og andre tilskot og overføringer frå private, kommunar, fylket og staten.

**Brukarbetalingane** kjem med få unntak frå oppvekst og pleie og omsorg. Nokon av satsane kan kommunen sjølv fastsetje, men det meste er fastsett av lovverk. I tillegg til betaling for barnehage, SFO og pleie- og omsorgstenester er det betaling for kulturskule, ferieklubb og eigenandel legevakt og fysioterapi. Samla utgjer dette 2 % av dei totale inntektene, 27 MNOK.

**Salgs- og leigeinntekter** består av kommunale gebyr, sal av konsesjonskraft, husleigeinntekter, sal av mat, kinobilletter og purregebyr. Dette utgjer 134 MNOK, 12% av driftsinntektene.

**Kommunen sine totale driftsinntekter er på 1143 mnok.** Kommunen sin inntekter på Heimfallskraft og konsesjonskraft er ein del av inntektene under "Andre overføringer og tilskudd frå staten" og i "Salgs- og

leigeinntekter". I 2025 er dei budsjetterte kraftinntektene på 98,3 mnok, og utgjør 9% av dei totale driftsinntektene.

### Rammetilskot og skatt

Rammetilskot og skatt er frie midlar som kommunen kan disponere utan føringar frå staten. Regjeringa legg fram nytt inntektssystem for kommunane for 2025.

|                                                | Rekneska<br>p 2022 | Rekneska<br>p 2023 | Opr.<br>Bud<br>202<br>4 | Rev.<br>Bud.<br>202<br>4 | Budsjet<br>t 2025 | Øk.pla<br>n 2026   | Øk.pla<br>n 2027   | Øk.pla<br>n 2028   |
|------------------------------------------------|--------------------|--------------------|-------------------------|--------------------------|-------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Rammetilskot<br>Distriktstilskot Sør-<br>Norge | 6 792              | 7 068              | 7<br>401                | 7<br>401                 | 7 672             | 7 626              | 7 626              | 7 626              |
| Rammetilskot<br>Inntekstutjamnand<br>e         | 29 000             | 23 778             | 26<br>960               | 26<br>581                | 16 470            | 17 671             | 17 671             | 17 671             |
| Rammetilskot<br>Ordinært                       | 267 549            | 309 376            | 324<br>766              | 325<br>937               | 346 513           | 337<br>545         | 337<br>562         | 337<br>583         |
| Rammetilskot<br>Skjønnsdel                     | 4 725              | 4 000              | 2<br>000                | 2<br>000                 | 0                 | 0                  | 0                  | 0                  |
| Ekstra tilskot<br>korona                       | 10 742             | 452                | 0                       | 0                        | 0                 | 0                  | 0                  | 0                  |
| <b>Rammetilskot<br/>totalt</b>                 | <b>318 808</b>     | <b>344 674</b>     | <b>361<br/>127</b>      | <b>361<br/>919</b>       | <b>370 655</b>    | <b>362<br/>842</b> | <b>362<br/>859</b> | <b>362<br/>880</b> |
| Skatt og inntekt på<br>formue                  | 297 376            | 285 441            | 295<br>180              | 296<br>316               | 321 729           | 322<br>319         | 322<br>319         | 322<br>319         |
| <b>Skatt og<br/>rammetilskot<br/>totalt</b>    | <b>616 184</b>     | <b>630 115</b>     | <b>656<br/>307</b>      | <b>658<br/>235</b>       | <b>692 384</b>    | <b>685<br/>161</b> | <b>685<br/>178</b> | <b>685<br/>199</b> |

Budsjett på rammetilskot vert berekna ut frå forslag til Statsbudsjett 2025

### Eigedomsskatt

|  | Rek<br>202<br>0 | Rek<br>202<br>1 | Rek.<br>202<br>2 | Rek.<br>202<br>3 | Opr.<br>Bud | Rev.<br>Bud. | Øk.pla<br>n 2025 | Øk.pla<br>n 2026 | Øk.pla<br>n 2027 | Øk.pla<br>n 2028 |
|--|-----------------|-----------------|------------------|------------------|-------------|--------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|--|-----------------|-----------------|------------------|------------------|-------------|--------------|------------------|------------------|------------------|------------------|


|                                  |               |               |               |               | 2024          | 2024          |               |               |               |               |
|----------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Eigedomsskatt bustad og fritid   | 25 009        | 24 904        | 19 593        | 17 846        | 16 500        | 17 040        | 22 800        | 26 800        | 32 100        | 32 100        |
| Eigedomsskatt næring             | 18 829        | 20 894        | 19 792        | 10 847        | 11 000        | 11 055        | 11 055        | 11 055        | 11 055        | 11 000        |
| Eigedomsskatt på vannkraftanlegg |               |               |               | 13 540        | 13 540        | 12 070        | 12 070        | 12 070        | 12 070        | 12 070        |
| <b>Eigedomsskatt totalt</b>      | <b>43 838</b> | <b>45 798</b> | <b>39 385</b> | <b>42 233</b> | <b>41 040</b> | <b>40 165</b> | <b>45 925</b> | <b>49 925</b> | <b>55 225</b> | <b>55 170</b> |

Alle eigedomar i Kvam vart retaksert i 2021. På næring er promillen på 7, som er maksimal sats. På bustad og fritid var det i 2024 var promillen 3 og eit botnfrådrag på 350 000,-.

I budsjett 2025 er det foreslått å auke promillen til 4, som er maksimal sats for bustad og fritid. Frå 2026 er det i tillegg budsjetttert med å redusere botnfrådraget til 200 000,-, og fjerne botnfrådraget heilt frå 2027.

## Fordeling av heradet sine driftsutgifter i 2025

Driftsutgiftene gjer oversikt over kommunen sine utgifter som gjeld drifta.



Dei totale driftsutgiftene til kommunen i 2025 er budsjetttert til 1188 mnok.

**Lønn og sosiale utgifter** er budsjettet til 781 MNOK. Dette utgjør 66 % driftsutgiftene til kommunen. Lønnsutgifter inneholdt alt av fastlønn, tillegg, vikarutgifter, godtgjersler, frikjøp, introduksjon- og kvalifiseringsstønning, skyssgodtgjersle og utgiftsdekning fosterheim. Sosiale kostnader pensjon, premieavvik, gruppelivsforsikring og arbeidsgjevaavgift.

**Kjøp av varer og tenester** utgjør 217 MNOK og 18% av totalen. Kategorien inneholdt alle kjøp kommunen gjør for å kunne drive dei kommunale tenestene. Det er utgifter til produksjon av pleie- og omsorgstenester og grunnskule som krev mest. Kommunehelse er det tredje største tenesteområdet.

**Overføringar og tilskot til andre** utgjør 123 MNOK og 10% av driftsutgiftene. Inntektene omfattar utgifter knytt til heimfalls- og konsesjonskraft og utbetaling av næringsstilskot. Dei neste store postane er sosialhjelp, tilskot til kultur og idrett og tilskot til kyrkja.

**Avskrivningane** er berekna kostnad knytt til bruk (slit og elde) på kommunen sine eigedelar. Dette ligg som ein utgiftspost, men vert trekt ut att av driftsrekneskapen før utrekning av netto driftsresultat. I den kommunale rekneskapen er det i staden låneavdrag og renter som vert kostnadsført. Totalt utgjør avskrivningane 67 MNOK og 6% av driftskostnadene.

## Pensjonsutgifter

Kommunen sine rekneskapsmessige pensjonsutgifter består av berekna pensjonskostnad (rekneskapsmessig størrelse), års premieavvik og tidlegare års (amortisering) premieavvik. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift på pensjon. Det som kommunen faktisk betaler i pensjon er pensjonspremien. Forskjellen på pensjonskostnaden og pensjonspremien vart kalla premieavvik.

Prognose for pensjonsutgifter over fleire år er usikre, men det er ein betydelig auke i pensjonsutgiftene knytt til ny livsvarig AFP. Tabellen viser også auken i pensjonsutgifter dei siste åra.

## Ekstra bruk av premiefond i 2025

I budsjett 2025 er det lagt inn ekstra bruk av premiefond på 70 mnok. Bruken har ingen rekneskapsmessig effekt i 2025, men vil gje 10 mnok i lågare kostnader til tidlegare års premieavvik dei neste 7 åra, 2026-2032.

| Konto                                   | Regnska<br>p 2021 | Regnska<br>p 2022 | Rekneska<br>p 2023 | Budsjet<br>t 2024 | Øk.pla<br>n 2025 | Øk.pla<br>n 2026 | Øk.pla<br>n 2027 | Øk.pla<br>n 2028 |
|-----------------------------------------|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Pensjon KLP18<br>hovudordning           | 65,8              | 67,0              | 95,2               | 75,5              | 89,1             | 92,6             | 90,9             | 97,2             |
| Pensjon KLP13<br>Sykepleierordnin<br>ga | 10,7              | 11,1              | 15,5               | 12,9              | 13,8             | 13,1             | 14,4             | 16,4             |
| Pensjon Statens<br>Pensjonskasse        | 7,5               | 6,6               | 10,1               | 8,6               | 8,3              | 8,2              | 8,3              | 8,7              |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                                         |             |             |             |             |             |              |              |              |
|-----------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------|--------------|--------------|
| Arbeidsgjevaravgift av pensjon          | 10,3        | 9,7         | 14,5        | 12,0        | 13,1        | 13,5         | 13,5         | 14,7         |
| Premieavvik pensjon                     | -37,1       | -30,3       | -63,4       | -40,0       | -45,6       | -33,1        | -29,9        | -36,1        |
| Tidlegare års premieavvik               | 18,3        | 20,3        | 21,1        | 27,2        | 31,0        | 24,9         | 27,6         | 30,2         |
| Overføring frå premiefond               | -10,7       | -16,1       | -18,2       | -12,0       | -18,0       | -18,0        | -18,0        | -18,0        |
| Arb.gj.avg av premieavvik               | -5,2        | -4,3        | -8,9        | -5,6        | -6,4        | -4,7         | -4,2         | -5,1         |
| Arb.gj.avg av tidlegare års premieavvik | 2,6         | 2,9         | 3,0         | 3,8         | 4,4         | 4,9          | 5,3          | 5,7          |
| <b>Pensjonskostnad er totalt</b>        | <b>62,2</b> | <b>66,7</b> | <b>68,8</b> | <b>82,4</b> | <b>89,7</b> | <b>101,5</b> | <b>108,0</b> | <b>113,6</b> |

Frå om med 2026 er regelendring knytt til offentleg AFP tatt inn i pensjonsselskapet si berekning. Regelendring knytt til personar med særaldersgrense er ikkje tatt inn.

### Kva er Premiefond?


Alle kundar i KLP har eit eige premiefond. Dette er konto for tilbakeført premie og overskudd. Pengane på premiefondet kan brukast til å betale pensjonspremien.

I 2021 fekk kommunane ei ekstraordinær tilbakeføring til premiefonda sine. Årsaka var endring i reglar for offentleg pensjon. Avsetningskravet til framtidige alderspensjonar vart redusert. Kvam herad har per 01.01.2024 89,6 mnok på premiefond for hovudordninga i KLP og 2,5 mnok på sjukepleiararordninga.

Kommunen brukar kvart år ein del av premiefondet til å betale deler av pensjonspremien. I 2024 er det brukt 18 mnok. Det å bruke av premiefond betyr at kommunen i inneværende år har ein lågare faktura å betale, noko som gjev betre likviditet. Bruken har ingen rekneskapsmessig effekt i inneværende år, men den reduserer årets premieavvik. I Kvam sitt tilfelle er dette eit positivt premieavvik. Premieavviket vert ført som ei inntekt i inneværande år, men skal tilbakeførast som ein kostnad i rekneskapen dei neste 7 åra. Dess lågare premieavvik dess lågare kostnad dei neste 7 åra.


### Driftsutgifter per tenesteområde

Tabellen nedanfor syner korleis driftsutgiftene er fordelt på dei ulike kommunale tenesteområda. Detaljert informasjon på tenesteområdenivå ligg i kapitlet på "Tenesteområda i kommunen".



## Netto finansutgifter

**Netto finansutgifter er ein grafisk framsyning av tabell § 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3) og illustrerer resultatet av det som vert definert som finansielle transaksjonar. (I grafen er inntekter vist som positive beløp og utgifter som negative beløp)**



Fiuren syner utviklinga i **Finansresultatet** over tid, frå 2019 og fram til utløpet av økonomiplanperioden. Det er betydeleg forverring på netto finansresultat frå 2024 og utover i økonomiplanen. Forklaringa er auke renteutgifter på grunn av høgare snittrente på låna til kommunen. Auke i lånegjeld medfører også høgare rente og høgare avdrag på lån. Toppen i 2023 kom av uvanleg stort utbytte frå kraftselskapa.

**Renteinntekter** er renter på bank, renter på vidareutlån og obligasjonar. **Utbytte** kjem frå BKK, Kvam Energi og BIR. **Renteutgifter** er i hovudsak renter knytt til lånegjelda inkludert Husbankgjelda. **Avdrag** på lån er minimumsavdraga som er pålagt i kommunelova.

## Netto driftsresultat

**Netto driftsresultat** er **Brutto driftsresultat** fråtrekt **netto finansresultatet** og **Motpost avskrivningar**.

|                              | Rekneska<br>p 2023 | Rev.budsjet<br>t 2024 | Økonomipla<br>n 2025 | Økonomipla<br>n 2026 | Økonomipla<br>n 2027 | Økonomipla<br>n 2028 |
|------------------------------|--------------------|-----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Brutto<br>driftsresulta<br>t | 26 160<br>546      | 83 872 170            | 45 130 269           | 16 606 486           | 14 296 297           | 1 865 800            |
| Netto<br>finansutgifte<br>r  | 21 467<br>035      | 66 748 350            | 72 310 000           | 76 210 000           | 81 210 000           | 81 087 850           |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                       |                |             |             |             |             |             |
|-----------------------|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Motpost avskrivningar | -55 977<br>165 | -67 423 844 | -67 423 844 | -67 423 844 | -67 423 844 | -67 423 844 |
| Netto driftsresultat  | -8 349<br>584  | 83 196 676  | 50 016 425  | 25 392 642  | 28 082 453  | 15 529 806  |

Frå å ha eit positivt **Netto driftsresultat** på 89 mnok i 2022 og 8,3 mnok i 2023 går det mot store negative resultat (underskot) i økonomiplanen. Totalt i perioden 2025-2028 er det budsjetttert med negativt netto driftsresultat på totalt 119 mnok. Dette er resultat etter at det er lagt inn store innsparingar i perioden.

### Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Disponering eller dekning av netto driftsresultat syner korleis kommunen disponerer meir- eller mindreforbruket i Netto driftsresultat.

Ved mindreforbruk overførast midlar til frie og bundne fond og ved meirforbruk må midlar overførast frå fonda for å syta for at kommunerekneskapen vert gjort opp med nullresultat i samsvar med kommunelova.

Om det vert nytta frie eller bundne fond er avhengig av både rekneskapsreglar og tidlegare vedtak i heradsstyret.

|                                        | Rekneska<br>p 2023 | Rev.budsje<br>tt 2024  | Økonomipl<br>an 2025 | Økonomipl<br>an 2026 | Økonomipl<br>an 2027 | Økonomipl<br>an 2028 |
|----------------------------------------|--------------------|------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Overføring til investering             | 1 510 599          | 14 440 382             | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    |
| Avsetningar til bundne driftsfond      | 18 154<br>223      | 7 534 534              | 5 670 000            | 6 108 848            | 5 868 097            | 6 370 902            |
| Bruk av bundne driftsfond              | -16 665<br>212     | -38 732<br>913         | -17 153 617          | -3 182 610           | -2 966 764           | -8 933 060           |
| Avsetningar til disposisjonsfond       | 35 214<br>673      | 39 874 276             | 43 621 755           | 51 829 545           | 46 655 595           | 56 276 265           |
| Bruk av disposisjonsfond               | -29 864<br>698     | -106 316<br>956        | -82 154 563          | -80 148 425          | -77 639 381          | -69 243 914          |
| <b>Sum disponeringar eller dekning</b> | <b>8 349 584</b>   | <b>-83 200<br/>677</b> | <b>-50 016 425</b>   | <b>-25 392 642</b>   | <b>-28 082 453</b>   | <b>-15 529 807</b>   |


|                         |  |  |  |  |  |  |
|-------------------------|--|--|--|--|--|--|
| av netto driftsresultat |  |  |  |  |  |  |
|-------------------------|--|--|--|--|--|--|

Netto bruk av disposisjonsfond er budsjettert til 38 mnok i 2025 og totalt 78 mnok vidare i økonomiplan 2026-2028. Budsjettert avsetjing til diposisjonsfond er forventa inntekter frå Havbruksfondet og netto kraftintekter utover 15 mnok.

## Saldo på disposisjonsfond

Per 31.10.2025 har Kvam herad 276 mnok på disposisjonsfond, men i 2024 og i løpet av økonomiplanperioden er mykje av midlane bunde opp i vedtak og saldering av budsjettet. Den gule linja i grafen under viser estimert saldo på dei enkelte disposisjonsfonda dersom alle foreslåtte innsparingar vert vedtekne og den budsjetterte bruken vert gjennomført.

Heradet må gjere større tiltak for å redusere utgiftene i økonomiplan for å unngå å bruke opp heile disposisjonsfondet. Innsparingstiltaka som er lagt inn i økonomiplanperioden har først full verknad i 2028.



Det som er estimert tilført i perioden er budsjetterte inntekter frå Havbruksfondet og budsjettert netto kraftintekter utover 15 mnok.

## Finansielle nøkkeltal og utvikling i planperioden


Kva krav som vert stilt til finansielle måltal vert bestemt kvart år i samband med arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Som ein vidareføring av vedtak HST 142/19, er det lagt følgjande måltal til grunn for økonomiplanperioden 2024-2028:

1. Lånegjeld i prosent av driftsinntektene skal ikkje overstiga 160%.

Heradet har tidlegare hatt eit finansielt måltal på at gjennomsnittleg netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 1,0 % av driftsinntektene i økonomiplanperioden. Som grafen under viser så er heradet eit stykke frå å klare dette målalet med den økonomiplanen som no er lagt fram.

### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




Grafen syner at nøkkeltalet i 2025 er budsjettert til -4,4 %. Gjennomsnitt for økonomiplanperioden ligg nøkkeltalet på -2,6%. Dette er betydeleg under målalet på 1,0%.

### Lånegjeld i % av driftsinntektene

Figuren syner utviklinga i lånegjeld for Kvam herad. Tala inkluderer all gjeld unnateke lån til vidare utlån (Husbanken). Alle vedtekne prosjekt, inkludert sjølvkostprosjekt er inkludert og estimert bruk av lån i økonomiplanperioden ligg til grunn.

Kvam herad har eit finansielt måltal som seier at lånegjeld ikkje skal overstige 160 % av driftsinntektene.



I følge grafen er ligg heradet fortsatt innanfor kravet. I budsjett og økonomiplan 2024-2028 låg nivået på 126-132%. Årsaken til at auken sidan forrige økonomiplan er auke i lånegjeld og lågare kraftinntekter og dermed lågare driftsinntekter å dele gjelda på.

#### Langsiktig gjeld uten lån til vidareutlån



Tabellen viser langsiktig gjeld i perioden 2016 til 2028. Det er sannsynleg at lånebehovet vil verta større enn det som er budsjettet i økonomiplanperioden.

#### Sentrale inntekter

Beløp i 1000

## Økonomiplan for 2025-2028

|                               | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. i fjor<br>2024 | Rev. bud.<br>i fjor<br>2024 | Rev. bud.<br>2025 | Økonomiplan     |                 |                 |                 |
|-------------------------------|-------------------|------------------------------|-----------------------------|-------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
|                               |                   |                              |                             |                   | 2025            | 2026            | 2027            | 2028            |
| skatt på inntekt og formue    | -285 441          | -295 180                     | -296 316                    | -321 729          | -321 729        | -322 319        | -322 319        | -322 319        |
| Ordinært rammtilskudd         | -344 674          | -361 127                     | -361 919                    | -370 655          | -370 655        | -362 843        | -362 860        | -362 881        |
| Skatt på eigedom              | -28 693           | -27 500                      | -28 095                     | -33 855           | -33 855         | -37 855         | -43 155         | -41 630         |
| Andre generelle statstilskudd | -46 806           | -58 188                      | -66 498                     | -67 111           | -67 111         | -70 029         | -57 241         | -63 508         |
| Konsesjonsavgift              | -4 777            | -4 400                       | -4 800                      | -4 800            | -4 800          | -4 800          | -4 800          | -4 800          |
| <b>Sum frie inntekter</b>     | <b>-710 390</b>   | <b>-746 395</b>              | <b>-757 628</b>             | <b>-798 149</b>   | <b>-798 149</b> | <b>-797 846</b> | <b>-790 375</b> | <b>-795 138</b> |

### skatt på inntekt og formue

Skatteinntekter er justert etter forslag til statsbudsjett 2025

### Ordinært rammtilskudd

Rammetilskot er justert etter forslag til statsbudsjett 2025

### Skatt på eigedom

I budsjett 2025 er det foreslått å auke promillen til 4, som er maksimal sats for bustad og fritid. Frå 2026 er det i tillegg budsjettert med å redusere botnfrådraget til 200 000,-, og fjerne botnfrådraget heilt frå 2027.

### Andre generelle statstilskudd

Auke i andre generelle statstilskudd er fordelt på auke i inntekter på Havbruksfondet og auke i netto tilskot til flyktningar ved å ta i mot 45 stk i 2025.

|                                      | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 |
|--------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Auke i Havbruksfond inntekt          | 5,0             | 8,5             | 4,0             | 10,5            |
| Auke i IMDI tilskot til flyktningar  | 1,7             | 1,7             | 0,2             |                 |
| <b>Andre generelle statstilskudd</b> | <b>6,7</b>      | <b>10,2</b>     | <b>4,2</b>      | <b>10,5</b>     |

### Sentrale utgifter

Beløp i 1000

## Økonomiplan for 2025-2028

|                             | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. i fjor<br>2024 | Rev. bud.<br>i fjor 2024 | Rev. bud.<br>2025 | Økonomiplan |        |        |        |
|-----------------------------|-------------------|------------------------------|--------------------------|-------------------|-------------|--------|--------|--------|
|                             |                   |                              |                          |                   | 2025        | 2026   | 2027   | 2028   |
| Pensjon                     | 60 293            | 70 261                       | 72 235                   | 78 614            | 78 614      | 87 689 | 93 375 | 98 350 |
| Sum<br>sentrale<br>utgifter | 60 293            | 70 261                       | 72 235                   | 78 614            | 78 614      | 87 689 | 93 375 | 98 350 |

### Pensjon

Justering av pensjon etter prognose frå pensjosselskap Budsjett 2025-2028

Premieavvik og aga på pensjon justert etter aktuar 2025-2028

## Inntekter og finansposter

I dette kapittelet finn du forklaring på viktige inntekter og finanspostar i budsjettet.

### Skatt og rammetilskot

#### Ny kommunal inntektsmodell

I statsbudsjettet for 2025 foreslår regjeringa både å endre kommunane sin berekningsmodell for skatteinntekter og berekningsmodellen for rammetilskotet i samsvar med endringane som var foreslått i Kommuneproposisjonen, Prop 102 S (2023-2024).

Det er gjort så store endringar at det gir lite mening å sjå på effekten av kvar av endringane isolert. Det blir difor fyrst gitt ei overordna oversikt over modellen. Deretter ser me på dei samla endringane for Kvam herad.

#### Skatt på inntekt og formue

Kommunane mottok ein del av skattane frå personar og selskap. Frå og med 2025 er det foreslått ei omlegging av kommunane sine skatteinntekter, med ei dreining frå formues- og utbytteskatt over til inntektsskatt. Historisk har utbytteskatt svinga mykje frå år til år, og argumentasjonen bak endringa er å gi kommunane meir stabile og føreseielege inntekter.

Frå og med 2025 skal kommunane ikkje lenger få nokon del av utbytteskatten. Kommunen sin del av formuesskatten blir halvert frå 0,70 % til 0,35 %. For å kompensere for reduksjonen i utbytteskatt og formuesskatt, aukar kommunane sin del av skatt på alminneleg inntekt. Alminneleg inntekt har ein skattesats på 22 %. Av dette fekk bustadkommunen 10,95 % i 2024. Kommunen sin del er i 2025 foreslått auka til 12,75 %.

Nettoeffekten av dei foreslegne endringane skal vere null, eller med andre ord, uendra totale skatteinntekter for kommunane samla sett.

#### Rammetilskot

Kommunane mottok rammetilskot frå staten. Rammetilskotet vert rekna ut på grunnlag av følgjande faktorar:

- **Innbuartilskot** utgjør hovuddelen av rammetilskotet og vert fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. For å sikre at alle kommunar kan tilby likeverdige tenester, vert dette beløpet

justert basert på ulike faktorar som geografi, alderssamansetjing og sosioøkonomiske forhold.

- **Utgiftsutjamning** er ein mekanisme som kompenserer kommunar for ufrivillige kostnadsforskjellar. For eksempel får kommunar med mange eldre eller store reiseavstandar ekstra midlar for å dekke dei høgare kostnadene.
- **Inntektsutjamning** utjamnar delvis skilnader i skatteinntekter mellom kommunar. Kommunar med lågare skatteinntekter får tilskot frå kommunar med høgare skatteinntekter.
- **Regionalpolitiske tilskot og skjønnsstilskot** vert gitt for å støtte spesifikke regionale behov og utfordringar.

Det er gjort store endringar i modellen for rammetilskotet i 2025, mellom anna med auka vekt på levekårskriterium i fordelingsnøkkelen. Berekningsgrunnlaget for og storleiken på inntektsutjamninga er òg endra.

### Effekten av ny inntektsmodell

Som sagt er det gjort mange endringar i inntektsmodellen. Etter siste oppdaterte prognosemodell frå KS (04.11.2024), gir endringane følgjande samla effekt for Kvam herad :

| MNOK         | 2024         | 2025         | Endring     | Prosent      |
|--------------|--------------|--------------|-------------|--------------|
| Rammetilskot | 361,1        | 367,5        | 6,4         | 1,8 %        |
| Skatt        | 285,1        | 322,3        | 37,2        | 13,1 %       |
| <b>SUM</b>   | <b>646,2</b> | <b>689,8</b> | <b>43,6</b> | <b>6,8 %</b> |

For Kvam herad er skatt og rammetilskot auka med 6,8 % frå 2024 til 2025.

I statsbudsjettet er det føresett ein gjennomsnittleg prisvekst (deflator) på 4,1 %.

I 2025 får Kvam ein realvekst i dei frie inntektene på 17,1 MNOK eller 2,7 % utover forventta prisstiging.

## Andre kommunale inntektspostar

### Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein frivillig skatt som vert vedteken av kommunestyret. Eigedomsskatten vert fastsett ut frå eigedom sin takst. Taksten vert redusert med 30 % og multiplisert med ein skattesats som er fastsett av kommunen. I tillegg kan det vere eit eige botnfrådrag for andre enn næringseigedomar.

Kommunestyret kan vedta å krevje ein skatt på inntil 4 promille av ein eigedom sin verdi for privatbustader og fritidsbustader. For næringseigedomar er den maksimale skattesatsen 7,0 promille. Detaljerte reglar for utskriving av eigedomsskatt finn du i «Lov om eigedomsskatt til kommunane». Lova set krav til at eigedomsskatten maksimalt kan auke med éin promille kvart år inntil maksimal skattesats er nådd. Promillen kan ikkje aukast det same året som botnfrådraget fjernast.

I 2024 har Kvam hatt ein eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar på 3,0 promille og eit botnfrådrag på kr 350 000. For næringseigedomar er eigedomsskatten på 7,0 promille, som er maksimal sats. Eigedomsskatten gir kommunen årlege inntekter på 40 MNOK. I budsjettet for 2025 er det foreslått å auke eigedomsskatten med 1 promille, til 4,0 promille, for bustader og fritidsbustader, medan botnfrådraget vert halde uendra. Dette vil føre til ei auke i kommunale inntekter på 5,7 MNOK. I 2026 er det foreslått ein reduksjon i botnfrådraget til kr 200 000 og deretter fjerne botnfrådraget heilt i 2027.

### Havbruksfondet

Havbruksfondet blei oppretta i 2016 for å fordele inntektene frå produksjonsavgifta og auksjonar av nye laksekonsesjonar til kommunar og fylkeskommunar som har oppdrettsanlegg i sine område. Fondet fungerer som ein økonomisk mekanisme som skal sikre at lokalsamfunna som legg til rette for havbruksnæringa får ein del av inntektene som vert generert.

Havbruksfondet får sine inntekter frå to kjelder:

1. **Auksjonar av nye oppdrettsløyver:** Når staten auksjonerer ut nye løyver for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, betaler selskapa ein pris for desse løyva. Inntektene frå desse auksjonane går direkte inn i Havbruksfondet. Prisen på løyva kan variere avhengig av marknaden og etterspurnaden etter oppdrettskapasitet.
2. **Produksjonsavgift:** Frå 2021 blei det innført ein produksjonsavgift på oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Produksjonsavgifta er ein prosentdel av verdien av den produserte fisken, og denne avgifta skal òg gå inn i Havbruksfondet. Denne ordninga sikrar ein jamn inntektsstraum til fondet, uavhengig av nye auksjonar.

Auksjonar vert gjennomførte som hovudregel annakvart år, neste gong i 2025. På grunn av usikkerheit rundt kor mange og store konsesjonar som vert lyst ut, grunnrenteskatten på oppdrett og tilbod/etterspurnad etter nye konsesjonar er det vanskeleg å anslå kor mykje pengar som vil kome inn. Kommunane der nye konsesjonar kjem får ein større del av det som kjem inn, men òg eksisterande oppdrettskommunar får ein del.

Produksjonsavgifta var opphavleg på 40 øre/kg produsert fisk. I 2023 blei den auka til 90 øre/kg og i 2024 til 93,5 øre/kg. I 2025 har regjeringa foreslått å auke satsen til 96,5 øre/kg. Dette er ei auke på 3,2 % som er lagt inn i budsjettet for 2025.

I 2024 fekk kommunen utbetalt 22,6 MNOK frå Havbruksfondet. Kommunane får diverre ikkje tilgang til bakgrunnsdata for utrekningane, så det er utfordrande å budsjettere.

I åra utan auksjon (2025 og 2027) er det budsjettet ei inntekt på 16,0 MNOK. I år med auksjon (2026 og 2028) er det budsjettet med 23,0 MNOK.

### Gebyrinntekter – sjølvkost

Sjølvkostområde i kommunar er tenester som skal finansierast fullt ut av brukarane, og der inntektene frå gebyr skal dekke kostnadene ved å tilby tenesta. Sjølvkostprinsippet inneber at kommunen ikkje skal tene pengar på desse tenestene, men heller ikkje gå med underskot. Kommunen må setje gebyra på eit nivå som dekkjer dei faktiske utgiftene knytt til drift, vedlikehald, administrasjon og eventuelle investeringar i tenestene.

Vanlege sjølvkostområde i norske kommunar inkluderer:

- Vatn, avløp, avfall og renovasjon (VAAR)
- Feiing og tilsyn
- Plan- og byggesaksbehandling

For 2025 har regjeringa foreslått å redusere meirverdiavgifta på vatn og avløp frå 25 % til 15 %.

Dette vil føre til lågare gebyr for innbyggjarane, samstundes som det ikkje har nokon netto effekt på kommunen sine inntekter eller utgifter.

Når det gjeld feiing og tilsyn, er takstane endra grunna kommunal overtaking av tenesta og endring av gebyrmodellen. For plan og byggesak er det gjennomført ei omfattande gjennomgang av tidsbruken knytt til enkelttenestene for å få eit riktig berekningsgrunnlag for takstane.

### Gebyrinntekter – andre tenester

Kommunen har inntekter frå eigenbetaling til barnehagar, skulefritidsordning, utleigebustader, og ulike helse- og omsorgstenester. Barnehagar følgjer makspris i statsbudsjettet. Andre

gebyrinntektene er i hovudsak auka i samsvar med kommunal deflator på 4,1 %.  
Meir informasjon om kommunale takstar finst i gebyrheftet for 2025.

### Konsesjonsavgift

I tillegg til konsesjonskraft har kommunen krav på konsesjonsavgift frå vasskraftutbyggingar. I 2024 mottek Kvam 4,8 MNOK. Inntekta er vidareført på same nivå i økonomiplanen.

## Gjeld, obligasjonar, renter og utbytte

### Rentemarknaden

Marknadsrenta i Noreg har vore på ein svakt fallande kurve dei 10 siste åra fram til 2022. Frå 2022 starta ein brå oppgang, der Noregs Bank si styringsrente gjekk frå 0 % til dagens nivå på 4,5 %. Dette påverkar alle som har gjeld, både private, verksemdar og kommunen.



### Lånegjeld og renteutgifter

Kommunen tek opp lån for å finansiere skular, omsorgsbustader, reinseanlegg og anna som er naudsynt for den kommunale verksemda. Kommunen må betale både renter og avdrag på desse låna. Utgiftene til renter og avdrag må hentast frå kommunen sitt disposisjonsfond eller ved reduksjon i kommunale tenester.

Gjeldsutviklinga er budsjettert slik i økonomiplanen:

| MNOK                       | 2022<br>Rekn | 2023<br>Rekn | 2024<br>Bud  | 2025<br>ØP   | 2025<br>ØP   | 2026<br>ØP   | 2027<br>ØP   |
|----------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <b>Langsiktig gjeld IB</b> | <b>1 355</b> | <b>1 357</b> | <b>1 470</b> | <b>1 573</b> | <b>1 725</b> | <b>1 786</b> | <b>1 807</b> |
| Nytt låneopptak            | 36           | 129          | 125          | 177          | 87           | 63           | 28           |
| Avdrag på gjeld            | -40          | -41          | -49          | -50          | -51          | -52          | -52          |
| Endring startlån           | 6            | 25           | 27           | 25           | 25           | 10           | 10           |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                         |              |              |              |              |              |              |              |
|-------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <b>SUM Gjeld</b>        | <b>1 357</b> | <b>1 470</b> | <b>1 573</b> | <b>1 725</b> | <b>1 786</b> | <b>1 807</b> | <b>1 793</b> |
| Startlån                | 128          | 153          | 180          | 205          | 230          | 240          | 250          |
| <b>Gjeld u/startlån</b> | <b>1 229</b> | <b>1 317</b> | <b>1 393</b> | <b>1 520</b> | <b>1 556</b> | <b>1 567</b> | <b>1 543</b> |

I økonomiplanperioden er nytt låneopptak budsjettert til 355 MNOK, og budsjetterte avdrag er på 205 MNOK. Dette fører til ei netto låneauke på 150 MNOK i perioden.

Gjeldsutviklinga påverkar renteutgiftene. Tabell under viser korleis renteutgifter og renteinntekter har utvikla seg frå 2022 og ut økonomiplanperioden.

| <b>MNOK</b>                | <b>2022<br/>Rekn</b> | <b>2023<br/>Rekn</b> | <b>2024<br/>Bud</b> | <b>2025<br/>ØP</b> | <b>2025<br/>ØP</b> | <b>2026<br/>ØP</b> | <b>2027<br/>ØP</b> |
|----------------------------|----------------------|----------------------|---------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Renteutgifter *)           | 28,7                 | 43                   | 66,5                | 64,8               | 64,8               | 67,3               | 68,8               |
| Renteinntekter *)          | 11,6                 | 21,4                 | 25,7                | 21,5               | 18,6               | 17,1               | 16,6               |
| <b>Netto renteutgifter</b> | <b>17,1</b>          | <b>21,6</b>          | <b>40,8</b>         | <b>43,3</b>        | <b>46,2</b>        | <b>50,2</b>        | <b>52,2</b>        |

\*) Renteinntekter og utgifter til startlån er inkluderte, men inntektene og utgiftene går mot kvarandre og påverkar i liten grad netto renteutgifter til kommunen.

Frå 2022 til 2025 har netto renteutgifter auka med 26 MNOK. Dette fører til eit kraftig press på kommuneøkonomien. Frå 2025 og vidare i økonomiplanen er det venta ei ytterlegare auke i netto renteutgifter. Trass i at renteprognosane peiker noko ned i 2025, har kommunen fortsett å auke lånegjelda. I tillegg har kommunen eit fastrentelån som forfell og må fornyast til høgare rente i 2025.

### Obligasjonsinvesteringar og renteinntekter

Kommunen har om lag 230 MNOK investert i obligasjonar. Obligasjonane gjev renteinntekter og sikrar kommunen god likviditet og naudsynnte midlar til å dekkje meirforbruk (underskot). Budsjetterte renteinntekter frå obligasjonar er inkluderte i tabellen over. Budsjetterte negative netto driftsresultat gjer at obligasjonane må realiserast for å sikra likviditet til drift av kommunale tenester. Dette vil føre til fallande renteinntekter.

### Netto renteeksponert gjeld og renterisiko

Ved inngangen til 2025 vil Kvam herad ha ei total lånegjeld på 1 573 MNOK. Inkludert i den totale lånegjelda ligg lån til vidare utlån. Dette utgjer 180 MNOK og er lån som kommunen tek opp hos Husbanken og låner ut gjennom NAV til personar som har vanskar med å skaffe seg eigen bustad. Når kommunen sine renteutgifter til Husbanken aukar, aukar renteinntektene på desse låna tilsvarande. Dette inneber at kommunen ikkje har renterisiko knytt til denne delen av gjelda.

Av den kommunale gjelda er om lag 350 MNOK knytt til levering av sjølvkosttenester, som til dømes feiing, vatn og avlaup som innbyggjarane må betale gjennom kommunale avgifter. Fastsetjinga av dei kommunale avgiftene inkluderer rentekostnader på desse investeringane, og dette er innarbeidd i økonomiplanen. Dette inneber at kommunen ikkje har renterisiko knytt til denne delen av gjelda.

Kvam herad har obligasjonsinvesteringar på om lag 230 MNOK, hovudsakleg hos norske sparebankar. På obligasjonane mottok kommunen ei avkastning som svingar med rentemarknaden,

og venta renteendringar er innarbeidde i økonomiplanen. Dette inneber at kommunen heller ikkje har vesentleg renterisiko knytt til denne delen av gjelda.

Basert på dette kan vi berekne kommunen sin netto renteeksponerte gjeld.

|                                         |              |
|-----------------------------------------|--------------|
| <b>MNOK</b>                             | <b>2024</b>  |
| <b>Total lånegjeld</b>                  | <b>1 573</b> |
| Husbanklån til vidare utlån             | 180          |
| <b>Lånegjeld u/lån til vidare utlån</b> | <b>1 393</b> |
| Lån til sjølvkostinvesteringar          | 350          |
| Obligasjonsinvesteringar                | 230          |
| <b>Netto renteeksponert gjeld</b>       | <b>813</b>   |

Kommunen sin renterisiko har med andre ord samanheng med storleiken på netto renteeksponert lånegjeld. Viss renta aukar med 1 % må kommunen dekkja inn ca 8 MNOK meir i renter kvart år. Dette må finansierast over drifta eller med bruk av disposisjonsfondet

### Rentebinding

Svingingar i renteutgiftene kan reduserast gjennom å binde renta. Dette vil vera meir føreseieleg for kommuneøkonomien og gjer at netto driftsresultat i mindre grad vert påverka av rentemarknaden.

Ved inngangen til 2025 har kommunen 660 MNOK som er lånt til fast rente. Dette inneber at storparten av den renteeksponerte gjelda har fast rente.

### Nye investeringar i økonomiplanperioden

Med dagens rente på om lag 5 % vil nye investeringar på 100 MNOK føre til ei auka renteutgift på 5 MNOK årleg. I tillegg kjem auka avdrag med ca 2-4 MNOK årleg. Begge deler må finansierast anten frå disposisjonsfondet eller med ein reduksjon i kommunale tenester. Renteauke knytt til vedtekne investeringar er innarbeidd i økonomiplanen.

### Gjelds- og obligasjonsforvaltning

Både gjeldsforvaltning og obligasjonsforvaltning vert styrt etter kommunen sitt gjeldande finansreglement. Det vert nytta ekstern forvaltar (Bergen Capital Management) og statusrapportar frå forvaltar ligg som vedlegg til all rekneskapsrapportering inkludert dette budsjettet.

## Andre finanspostar

### Aksjeutbytte

Kvam herad mottek utbytte frå fylgjande selskap:

| Selskap        | 2022 | 2023 | 2024 |
|----------------|------|------|------|
| Kvam Energi AS | 9,0  | 20,0 | 9,3  |
| Eviny AS (BKK) | 8,2  | 16,0 | 11,8 |
| BIR AS         | 0,2  | 0,2  | 0,0  |


|                      |             |             |             |
|----------------------|-------------|-------------|-------------|
| Gjensidigestiftelsen | 0,2         | 0,2         | 0,1         |
| <b>Totalt</b>        | <b>17,6</b> | <b>36,4</b> | <b>21,2</b> |

Utbytte er basert på resultatene til selskapa frå fjoråret og vert bestemt av selskapa sitt styre og generalforsamling. Kvam herad sitt utbyte kjem primært frå kraftbransjen og vil difor ha samanheng med utviklinga i kraftprisane. Dette er vanskeleg å føreseie, og utbyttet er halde uendra på 21,2 MNOK i økonomiplanperioden.

## Kraftinntekter

### Kraftforvaltning

Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengd på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft og 60,9 GWh konsesjonskraft. Kraftmengda gjev Kvam herad ein ekstra inntekt som ein middels stor kraftkommune. Kraftmengda vert forvalta etter månadsblokk-modellen, som inneber at volumet er størst om vinteren når forbruket og prisane normalt er høgast. Modellen gjev kommunen eit føreseieleg volum kvar måned, både for konsesjonskraft og heimfallskraft. Kvam herad sin uttaksprofil ser slik ut:



Kvam kjøper krafta frå kraftprodusentane til kostpris som vert fastsett på departementsnivå ein gong i året. Prisen for 2025 er enno ikkje fastsett, og budsjettet bygger derfor på ei vidareføring av prisane frå 2024 oppjustert med den kommunale deflatoren. I tillegg til innkjøpsprisen har

kommunen utgifter til såkalla «residual» og «energiledd» som kommunen må betala for å nytta kraftselskapa sitt kraftnett.

Når krafta vert seld til høgare pris enn kostpris (ca 13 øre/kWh), får kommunen eit overskot som kan nyttast til å dekkja deler av kommunen sine utgifter. Dersom salsprisen er lågare enn 13 øre vil kommunen tapa pengar på krafthandelen. Dette tapet må eventuelt dekkast av kommunen sitt disposisjonsfond.

Det er ikkje skatt på konsesjonskraftsalet og kommunen sit att med heile overskotet. For heimfallskrafta må kommunen betale både grunnrenteskatt og overskotsskatt. Samla utgjør desse skattane til staten ca 65% av overskotet frå heimfallskrafta.

For å oppnå stabile kraftinntekter over tid, har heradsstyret (HST 087/20) vedtatt «Strategi for sal av kraft». Strategien inneber at heimfallskrafta vert seld i spotmarknaden, medan størstedelen av konsesjonskrafta skal prissikrast. På grunn av grunnrenteskatten på heimfallskraft, er det ein stor skatterisiko knytt til å prissikra heimfallskrafta. Dette vert difor ikkje gjort.

Kvam herad nyttar ein ekstern kraftforvaltar for å følgja med på marknaden og handtera salet av krafta.

### **Kraftmarknaden**


Salsprisane både i spot- og framtidsmarknaden svingar mykje. Prisane vert påverka både av tilgangen på ulike energikjelder som vatn, sol, vind, kol, gass og kjernekraft og det løypande kraftforbruket i Skandinavia og delar av Nord-Europa. Forbruket frå dag til dag vert igjen påverka av lokale vêrforhold og etterspurnad. Krig og konflikhtar har og stor påverknad på kraftprisane.

Samla er desse forholda bakgrunnen for at kommunen sitt resultat på kraftsal svingar mykje over tid og er særskild utfordrande å budsjettera. Kraftinntektene vert løypande justert med oppdaterte marknadsprisar i samband med framlegginga av tertialrapportar.

### **Budsjett og økonomiplan**

For 2024 er 26,5% av konsesjonskrafta førehandsseld til ein gjennomsnittleg pris på 69 øre/kWh. I resten av økonomiplanperioden er det ikkje førehandsseld kraft. Dette fordi det er eit pågåande arbeid med bytte av kraftforvaltar.

Heimfallskrafta og resten av konsesjonskrafta vert seld i spot-marknaden, altså til dei prisane som endrar seg kvar dag frå time til time. For å budsjettera desse prisane, vert framtidsprisane i kraftmarknaden lagt til grunn. Prisane i budsjettet er innhenta frå kraftforvaltar 20.10.2024.




Dei blå søylane syner marknadsprisane per måned. Den oransje linja syner gjennomsnittleg budsjettpris per år. I 2025 ligg budsjettprisen på 58 øre. Denne auker gradvis til 66 øre/KWh ved utgangen av økonomiplanperioden.

For 2025 ser kommunen sitt kraftbudsjett slik ut:

| <b>Kraft 2024</b>            | <b>Heimfall</b> | <b>Konsesjon</b> |
|------------------------------|-----------------|------------------|
| <b>Kraftmengd GWh</b>        | 106,6           | 60,9             |
| <b>Snitt salspris kr/KWh</b> | - 0,58          | - 0,59           |
| <b>Salsinntekt MNOK</b>      | - <b>62,1</b>   | - <b>36,1</b>    |
| <b>Kraftkjøp MNOK</b>        | 13,7            | 7,8              |
| <b>Andre utgifter MNOK</b>   | 2,3             | 0,9              |
| <b>Skatter MNOK</b>          | 30,9            |                  |
| <b>Resultat MNOK</b>         | - <b>15,2</b>   | - <b>27,4</b>    |

Inntekta er ulikt fordelt på dei ulike månadene i året grunna variasjonar i mengd og pris. Kommunen sine inntekter er lågast i sommarmånadene grunna lågt volum og låg pris. Grafen under syner utviklinga over året.




Over økonomiplanperioden er resultat frå kraftsal budsjettert slik:

| MNOK          | 2025        | 2026      |
|---------------|-------------|-----------|
| Heimfall      | 15,3        | 16        |
| Konsesjon     | 27,4        | 28        |
| <b>Totalt</b> | <b>42,7</b> | <b>44</b> |

Det er utfordrande å finne att desse tala i budsjettet. Dette skuldast at inntekter frå konsesjonskrafta er definert som «salsinntekter», medan inntekter frå heimfallskrafta er definert som «overføringar frå staten». Kjøp av krafta frå produsent, residual, energiledd, grunnrenteskatt, overskotsskatt og andre utgifter er definert som «driftsutgifter». Krafthandelen vert på denne måten innarbeidd i kommunen sin driftsrekneskap og har direkte innverknad på både brutto og netto driftsresultat.

#### Utviklinga over tid



Som grafen viser, svingar resultatet frå kraftsal mykje. I 2018 og 2019 var prisane gode og netto resultat frå kraftsal vart 24,0 og 29,6 MNOK. I 2020 var kraftprisane uvanleg låge, slik at heradet tapte pengar på heimfall, medan konsesjonskrafta som var seld til fastpris og sikra kommunen eit samla overskot på kraftsalet 5,7 MNOK. I 2021 var prisane svært høge og resultatet enda på 45,2 MNOK. Krigen i Ukraina førte til historisk høge energiprisar og resultatet frå kraftsal i 2022 vart på heile 106,5 MNOK.


I 2023 vart resultatet 54,2 MNOK og prognosen for 2024 er på 41,2 MNOK. Når ein ser på endringa frå 2022 til 2023 er det viktig å vera klar over at grunnrenteskatten vart auka frå 37 % i 2022 til 45 % i 2023. Dette påverkar dei oransje søylene slik at tala før og etter 2023 ikkje er direkte samanliknbare.

Budsjettet for 2025 ligg på 42,7 MNOK, med ein jamn stigning utover i økonomiplanperioden.

*Resultatet frå krafthandel har direkte innverknad på kommunen sitt netto driftsresultat og er ein medverkande årsak til at resultatet svingar mykje og er vanskeleg å budsjettera.*

### Prisrisiko

Det er ikkje lagt inn nokon sikkerheitsmargin i dei budsjetterte kraftprisane i økonomiplanen. Dette inneber at det ligg ein betydeleg prisrisiko i budsjettet. Grafen under syner korleis ulike kraftprisar vil påverka kommunerekneskapen.



Budsjettet er basert på ein snittpris på 0,58 kr/KWh og kommunen vil då oppnå eit resultat frå krafthandel på 42,7 MNOK. Om prisen vert 0,40 kr/KWh vert kraftresultatet 29 MNOK. Dette er ei forverring på 14 MNOK som eventuelt må dekkast inn frå disposisjonsfondet. Dersom kraftprisen vert høgare enn 0,58 kr/KWh vil bidraget verta positivt.

## Investeringar i økonomiplanen

### Driftsprosjekt i Kvam herad

Driftsprosjekta er med i rekneskapsrapportane på dei ulike tenestoområda, driftsprosjekta kan ikkje lånefinansierast, og må derfor finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Kvam herad har få driftsprosjekt i forhold til investeringsprosjekt.

[Driftsprosjekta vert presentert i eit eige vedlegg, som du finn her.](#)

Når det gjeld driftsprosjekta er følgjande tema:

#### Områdeplanen for Øystese - auka rammer

Kartlegging av flaumsikring og grunnforhold er ferdig. Omsynssoner vert innarbeidd i plankart og føresegner. Det er behov for å utvida budsjetttrammene for planen i budsjettet for 2025, for at ABO kan halda fram med å jobbe med planen. Målet er å legge fram områdeplanen i Øystese til 1. gongshandsaming i første kvartal i 2025.

### **Reguleringsplan for ny bru til Fjærabygda - avslutta planarbeid**

Det viser seg at planen treng ytterlegar utvida rammer. Rådmannen ber likevel ikkje om dette i budsjettet, men vil koma attende med ei eiga sak med spørsmål om å avslutta planarbeidet. Slik den økonomiske situasjonen er no, kan ikkje rådmanen sjå at kommunen vil ha moglegheit for å finansiere framlegg til løysing for å få ei ny, sikker bru over Steinsdalselva. Her vil politisk vedtak avgjera om administrasjonen skal jobba vidare med planen eller ikkje.

### **Reguleringsplan for tunell bak Norheimsund - truleg behov for rammeutviding**

Fylkeskommunen fråråda kommunen å regulere tunnel bak Norheimsund, då dei meinte at ein plan med ein slik dimensjon måtte gjennomførast av fylkeskommunen. Ut frå dette, var tilrådinga å omdefinera reguleringsplan til eit forprosjekt, men det vart politisk vedteke å halda fram med reguleringsplanen. Det inneber mest sannsynleg at prosjektrammene må utvidast ut i frå krav om grunnundersøkingar i samband med oppstart av reguleringsplan. Administrasjonen har førebels ikkje oversikt over kva for rammeutviding som er naudsynt. Det må gjennomførast dialog mellom konsulent, kommune og fylkeskommune for å få dette på plass. Rådmannen kjem attende til heradsstyret når dette er avklara.

## **Investeringsprosjekt i Kvam herad**

Kvam herad har ei omfattande prosjektportefølje som favner om mange ulike tenesteområde. Kompleksiteten er stor, og prosjektleiar og styringskompetanse er kritiske faktorar for å levera på tid, kostnad og kvalitet. Oversikt over driftsprosjekt ligg også i dette kapittelet.

Investering er eit eige budsjett og rekneskap.

Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett-/rekneskapsår, medan budsjetttrammene vert tildelt årleg. I tabellane under viser totalramma og kva årleg ramme som ligg i åra 2025-2028.

Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, men kan vere delvis finansiert av salsinntekter, overføringer eller fondsbruk. Investeringar kan finansierast med disposisjonsfond slik som driftsprosjekta.

Investeringsprosjekta er delt på andre investeringar og sjølvkost investeringar. Sidan andre investeringar i stor grad er lånefinansiert påverkar investeringsmengda driftsrekneskapen direkte i form av avdrag og renter. Sjølvkost-prosjekta vert finansiert av brukarane, og påverkar dermed ikkje resten av det kommunale driftsrekneskapen. Det er stort sannsyn for at faktisk investeringsbehov innan både sjølvkost og andre investeringar vert høgare utover i perioden enn det som er lagt inn i budsjettforslaget.

Utover prosjekta som ligg i tabellane for budsjett 2025 er det ønske om nye investeringsprosjekt på totalt 77 000 000 som det ikkje er funne midlar til i 2025:

- Oppvekst har ønsker på totalt kr 2 850 000,- for nytt uteområde Bjørketeigen barnehage og skallsikring/nøkkelsystem Bjørketeigen barnehage.
- FDV-bygg har ønsker på totalt kr 65 900 000,-, der prosjekta varme/ventilasjon rådhuset, brannsikring kommunale bygg, og takbyte kommunale bygg står for det meste av totalbeløpet.

Resten av ønska er nye vindauger på kontora på Sandven, veg til løe ved Norheimsund stadion, ventilasjon i gymsal og garderobar Ålvik skule og nye dører og adgangskontroll Norheimsund idrettshall.

- Kvam brann og redning har ønsker på totalt kr 1 080 000,- som består av sikringsutstyr til hendingar på veg (jfr. ny rettleiar), gassmålarutstyr, hoppepute og restverdiredningsutstyr.
- Veg, vatn og avlaup har ønsker på totalt kr 6 600 000,- som er fordelt på VA-hall, ny gravemaskin, målekummar, vannkiosk Kaldestad, og oppgrading kai Norheimsund.

Andre større investeringsprosjekt som er under utgreiing:

- Her er heller ikkje lagt inn det største investeringsprosjektet som er planlagt oppstart i 2026, Øystese skule. Førrelse kalkyler for ombygging på noverande tomt ligg opp mot 300 mnok.
- Vidare er det ikkje lagt inn nye investeringar i sjukeheimsplassar, som behovanalyser viser at me treng ha på plass til 2030.
- Planar for eit "Fossehus" i Strandebarm har ei forventning om kommunal deltaking.
- Kyrkjene i Kvam er også under utgreiing for utbetringar

## Nye prosjekt, endra prosjekt og årlege prosjekt

Tabellen under viser alle nye foreslåtte prosjekt i økonomiplanen

### Nye prosjekt 2025

Beløp i 1000 kr

| Hovudprosjekt (T)                                      | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Sum<br>inv.utgifter<br>i øk.plan |
|--------------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|----------------------------------|
| 0*ENØK: Brønnpark/varmepumper<br>Strandebarm skule     | 5 000           | 0               | 0               | 0               | 5 000                            |
| 0*ENØK: Brønnpark/varmepumper<br>Tolo varmesentral     | 625             | 4 375           | 0               | 0               | 5 000                            |
| 0*ENØK: Prosjektering -<br>Varmepumpe Bjørketeigen bhg | 375             | 0               | 0               | 0               | 375                              |
| 0*Ny elektrokjel på Mikkjelsflaten                     | 0               | 1 375           | 0               | 0               | 1 375                            |
| 0*Ny lift                                              | 1 250           | 0               | 0               | 0               | 1 250                            |
| 0*Nødstraum Mikkjelsflaten                             | 0               | 1 125           | 0               | 0               | 1 125                            |
| 0*Samankopling/overtaking Vikøy<br>vassverk            | 1 000           | 0               | 0               | 0               | 1 000                            |
| 0*Sanering vass- og avlaupsanlegg<br>Børvenes          | 15 200          | 15 200          | 15 200          | 0               | 45 600                           |
| 0*Takbyte idrettshuset i Ålvik                         | 1 625           | 0               | 0               | 0               | 1 625                            |
| 0*Utfasa sjøvassleidning Kyrkjefjæra<br>Øystese        | 0               | 0               | 3 750           | 0               | 3 750                            |
| 0*Vaskerobot Norheimsund<br>idrettshall                | 1 250           | 0               | 0               | 0               | 1 250                            |
| <b>Totalsum</b>                                        | <b>26 325</b>   | <b>22 075</b>   | <b>18 950</b>   | <b>0</b>        | <b>67 350</b>                    |

I tillegg til nye prosjekt er det foreslått redusering på nokre eksisterande prosjekt. Bakgrunn for rammeendringa kan ein lesa ved å trykka seg inn på kvart enkelt prosjekt.

## Økonomiplan for 2025-2028

### Prosjekt med endring 2025

Beløp i 1000 kr

| Hovudprosjekt (T)              | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Sum<br>inv.utgifter<br>i øk.plan |
|--------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|----------------------------------|
| 0*Asfaltering - årleg prosjekt | 5 500           | 4 500           | 4 500           | 3 125           | 17 625                           |
| 0*Rassikringstiltak - årleg    | 1 250           | 1 250           | 1 250           | 1 250           | 5 000                            |
| 0*Velferdteknologi - årleg     | 750             | 750             | 750             | 750             | 3 000                            |
| <b>Totalsum</b>                | <b>7 500</b>    | <b>6 500</b>    | <b>6 500</b>    | <b>5 125</b>    | <b>25 625</b>                    |

Det er ynskje om å endre namn på nokon prosjekt. Bakgrunn for namneendring kan ein lesa ved å trykka seg innpå kvart enkelt prosjekt.

### Prosjekt med endra namn i 2025

Beløp i 1000 kr

| Hovudprosjekt (T)                   | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Sum<br>inv.utgifter<br>i øk.plan |
|-------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|----------------------------------|
| 0*Overføring avlaupsvatn Vikøy      | 1 281           | 0               | 0               | 0               | 1 281                            |
| 0*Utbetring kommunale bruer - årleg | 313             | 313             | 313             | 313             | 1 252                            |
| Eigedomskjøp 2025                   | 25              | 0               | 0               | 0               | 8 125                            |
| Eigedomskjøp 2026                   | 0               | 25              | 0               | 0               | 8 125                            |
| <b>Totalsum</b>                     | <b>1 619</b>    | <b>338</b>      | <b>313</b>      | <b>313</b>      | <b>18 783</b>                    |

Heradet har nokre prosjekt med faste årlege prosjektrammer.

### Prosjekt med årlege rammer

Beløp i 1000 kr

| Hovudprosjekt (T)                                 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Sum<br>inv.utgifter<br>i øk.plan |
|---------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|----------------------------------|
| 0*Asfaltering - årleg prosjekt                    | 5 500           | 4 500           | 4 500           | 3 125           | 17 625                           |
| 0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg          | 188             | 188             | 188             | 188             | 750                              |
| 0*Fornyng teknisk utstyr - årleg                  | 455             | 625             | 625             | 625             | 2 330                            |
| 0*Fornyng teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt     | 500             | 500             | 500             | 500             | 2 000                            |
| 0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg       | 3 400           | 3 400           | 1 500           | 1 500           | 9 800                            |
| 0*IT-investeringar - årlege                       | 1 800           | 1 800           | 1 800           | 1 800           | 7 200                            |
| 0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup | 600             | 600             | 600             | 600             | 2 400                            |
| 0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn   | 2 000           | 1 500           | 1 500           | 1 500           | 6 500                            |
| 0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg        | 800             | 800             | 800             | 800             | 3 200                            |
| 0*Oppgradering bygg -årleg prosjekt               | 1 250           | 1 250           | 1 250           | 1 250           | 5 000                            |
| 0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg          | 750             | 750             | 750             | 750             | 3 000                            |
| 0*Rassikringstiltak - årleg                       | 1 250           | 1 250           | 1 250           | 1 250           | 5 000                            |
| 0*Skule - inventar og utstyr - årleg              | 188             | 188             | 188             | 188             | 750                              |
| 0*Utbetring kommunale bruer - årleg               | 313             | 313             | 313             | 313             | 1 252                            |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Hovudprosjekt (T)                    | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Sum<br>inv.utgifter<br>i øk.plan |
|--------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|----------------------------------|
| 0*Velferdteknologi - årleg           | 750             | 750             | 750             | 750             | 3 000                            |
| 0/1* Trafikksikringsplan - årleg     | 250             | 250             | 250             | 250             | 1 000                            |
| 0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg | 250             | 250             | 250             | 250             | 1 000                            |
| <b>Totalsum</b>                      | <b>20 243</b>   | <b>18 913</b>   | <b>17 013</b>   | <b>15 638</b>   | <b>71 807</b>                    |

## Investeringstabell for kommunen samla

### Finans og fellespostar

Beløp i 1000

|                                | Økonomiplan  |              |          |          | Sum          |
|--------------------------------|--------------|--------------|----------|----------|--------------|
|                                | 2025         | 2026         | 2027     | 2028     | 2025-28      |
| <b>Investeringsprosjekter</b>  |              |              |          |          |              |
| <b>Andre investeringer</b>     |              |              |          |          |              |
| Eigenkapital KLP 2025          | 2 500        | 0            | 0        | 0        | 2 500        |
| Eigenkapital KLP 2026          | 0            | 2 500        | 0        | 0        | 2 500        |
| <b>Sum Andre investeringer</b> | <b>2 500</b> | <b>2 500</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>5 000</b> |
| <b>Sum</b>                     | <b>2 500</b> | <b>2 500</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>5 000</b> |

### Administrasjon

Beløp i 1000

|                                | Økonomiplan  |              |              |              | Sum          |
|--------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
|                                | 2025         | 2026         | 2027         | 2028         | 2025-28      |
| <b>Investeringsprosjekter</b>  |              |              |              |              |              |
| <b>Andre investeringer</b>     |              |              |              |              |              |
| 0*IT-investeringar - årlege    | 1 800        | 1 800        | 1 800        | 1 800        | 7 200        |
| <b>Sum Andre investeringer</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>7 200</b> |
| <b>Sum</b>                     | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>7 200</b> |

### Barnehagar

Beløp i 1000

|                                                     | Økonomiplan |            |            |            | Sum          |
|-----------------------------------------------------|-------------|------------|------------|------------|--------------|
|                                                     | 2025        | 2026       | 2027       | 2028       | 2025-28      |
| <b>Investeringsprosjekter</b>                       |             |            |            |            |              |
| <b>Andre investeringer</b>                          |             |            |            |            |              |
| 0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg            | 188         | 188        | 188        | 188        | 750          |
| 0*ENØK: Prosjektering - Varmepumpe Bjørketeigen bhg | 375         | 0          | 0          | 0          | 375          |
| <b>Sum Andre investeringer</b>                      | <b>562</b>  | <b>188</b> | <b>188</b> | <b>188</b> | <b>1 125</b> |
| <b>Sum</b>                                          | <b>562</b>  | <b>188</b> | <b>188</b> | <b>188</b> | <b>1 125</b> |

## Økonomiplan for 2025-2028

### Grunnskuleopplæring

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter<br>Andre investeringer   | Økonomiplan   |               |              |              | Sum            |
|-------------------------------------------------|---------------|---------------|--------------|--------------|----------------|
|                                                 | 2025          | 2026          | 2027         | 2028         | 2025-28        |
| 0*Digitale tavler til skulane - utskifting      | 1 750         | 1 750         | 0            | 0            | 3 500          |
| 0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Strandebarm skule | 5 000         | 0             | 0            | 0            | 5 000          |
| 0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg     | 3 400         | 3 400         | 1 500        | 1 500        | 9 800          |
| 0*Kommunale funksjonar i Kvam VGS               | 74 776        | 0             | 0            | 0            | 74 776         |
| 0*Norheimsund skule - uteområde                 | 0             | 7 500         | 0            | 0            | 7 500          |
| 0*Norheimsund skule, moglegstudie               | 625           | 0             | 0            | 0            | 625            |
| 0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg        | 750           | 750           | 750          | 750          | 3 000          |
| 0*Skule - inventar og utstyr - årleg            | 188           | 188           | 188          | 188          | 750            |
| <b>Sum Andre investeringer</b>                  | <b>86 489</b> | <b>13 588</b> | <b>2 438</b> | <b>2 438</b> | <b>104 951</b> |
| <b>Sum</b>                                      | <b>86 489</b> | <b>13 588</b> | <b>2 438</b> | <b>2 438</b> | <b>104 951</b> |

### Pleie og omsorg

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter<br>Andre investeringer   | Økonomiplan   |              |              |            | Sum           |
|-------------------------------------------------|---------------|--------------|--------------|------------|---------------|
|                                                 | 2025          | 2026         | 2027         | 2028       | 2025-28       |
| 0*ENØK - Øysteseheimen ventilasjon              | 0             | 625          | 0            | 0          | 625           |
| 0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Tolo varmesentral | 625           | 4 375        | 0            | 0          | 5 000         |
| 0*Nytt kjøken og oppvaskmaskin Toloheimen       | 500           | 0            | 0            | 0          | 500           |
| 0*Nytt kjøken Tolo omsorg                       | 438           | 0            | 0            | 0          | 438           |
| 0*Ombygging Mikkjelsflaten                      | 625           | 0            | 0            | 0          | 625           |
| 0*Oppgradering trygdebustader Ålvik             | 3 506         | 0            | 0            | 0          | 3 506         |
| 0*Solskjerming kommunale bygg                   | 3 750         | 0            | 0            | 0          | 3 750         |
| 0*Utfasa sjøvassleidning Kyrkjefjæra Øystese    | 0             | 0            | 3 750        | 0          | 3 750         |
| 0*Varmepumper Øysteseheimen                     | 2 125         | 0            | 0            | 0          | 2 125         |
| 0*Velferdteknologi - årleg                      | 750           | 750          | 750          | 750        | 3 000         |
| <b>Sum Andre investeringer</b>                  | <b>12 318</b> | <b>5 750</b> | <b>4 500</b> | <b>750</b> | <b>23 318</b> |
| <b>Sum</b>                                      | <b>12 318</b> | <b>5 750</b> | <b>4 500</b> | <b>750</b> | <b>23 318</b> |

### Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter<br>Selvkost            | Økonomiplan |      |      |      | Sum     |
|-----------------------------------------------|-------------|------|------|------|---------|
|                                               | 2025        | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| 0*Fornyng teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt | 500         | 500  | 500  | 500  | 2 000   |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                                                        | Økonomiplan   |               |               |              | Sum           |
|--------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------|
|                                                        | 2025          | 2026          | 2027          | 2028         | 2025-28       |
| <b>Investeringsprosjekter</b>                          |               |               |               |              |               |
| 0*Ny vassleidning Mo-Nobbo                             | 2 150         | 0             | 0             | 0            | 2 150         |
| 0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup      | 600           | 600           | 600           | 600          | 2 400         |
| 0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn        | 2 000         | 1 500         | 1 500         | 1 500        | 6 500         |
| 0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg             | 800           | 800           | 800           | 800          | 3 200         |
| 0*Overføring avlaupsvatn Vikøy                         | 1 281         | 0             | 0             | 0            | 1 281         |
| 0*Overvatn Norheim/Mjølstølvegen                       | 10 737        | 0             | 0             | 0            | 10 737        |
| 0*Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes    | 2 000         | 0             | 0             | 0            | 2 000         |
| 0*Samankopling/overtaking Vikøy vassverk               | 1 000         | 0             | 0             | 0            | 1 000         |
| 0*Sanering vass- og avlaupsanlegg Børvenes             | 15 200        | 15 200        | 15 200        | 0            | 45 600        |
| 0*Vass- og avlaupsleidning Øvre Valland/Vallandshovden | 2 500         | 0             | 0             | 0            | 2 500         |
| 0*Vassleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa    | 10 592        | 0             | 0             | 0            | 10 592        |
| <b>Sum Selvkost</b>                                    | <b>49 360</b> | <b>18 600</b> | <b>18 600</b> | <b>3 400</b> | <b>89 960</b> |
| <b>Sum</b>                                             | <b>49 360</b> | <b>18 600</b> | <b>18 600</b> | <b>3 400</b> | <b>89 960</b> |

### Plan og byggesak

Beløp i 1000

|                                | Økonomiplan |          |          |          | Sum        |
|--------------------------------|-------------|----------|----------|----------|------------|
|                                | 2025        | 2026     | 2027     | 2028     | 2025-28    |
| <b>Investeringsprosjekter</b>  |             |          |          |          |            |
| <b>Andre investeringer</b>     |             |          |          |          |            |
| 0*Ny GPS til oppmåling         | 438         | 0        | 0        | 0        | 438        |
| <b>Sum Andre investeringer</b> | <b>438</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>438</b> |
| <b>Sum</b>                     | <b>438</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>438</b> |

### Kultur

Beløp i 1000

|                                      | Økonomiplan  |          |          |          | Sum          |
|--------------------------------------|--------------|----------|----------|----------|--------------|
|                                      | 2025         | 2026     | 2027     | 2028     | 2025-28      |
| <b>Investeringsprosjekter</b>        |              |          |          |          |              |
| <b>Andre investeringer</b>           |              |          |          |          |              |
| 0*Ny lift                            | 1 250        | 0        | 0        | 0        | 1 250        |
| 0*Takbyte idrettshuset i Ålvik       | 1 625        | 0        | 0        | 0        | 1 625        |
| 0*Vaskerobot Norheimsund idrettshall | 1 250        | 0        | 0        | 0        | 1 250        |
| <b>Sum Andre investeringer</b>       | <b>4 125</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>4 125</b> |
| <b>Sum</b>                           | <b>4 125</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>4 125</b> |

### Kyrkja

Beløp i 1000

|                               | Økonomiplan |      |      |      | Sum     |
|-------------------------------|-------------|------|------|------|---------|
|                               | 2025        | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| <b>Investeringsprosjekter</b> |             |      |      |      |         |
| <b>Andre investeringer</b>    |             |      |      |      |         |
| 0*Namna minnelund i Øystese   | 2 500       | 0    | 0    | 0    | 2 500   |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                                 | Økonomiplan  |          |          |          | Sum          |
|---------------------------------|--------------|----------|----------|----------|--------------|
|                                 | 2025         | 2026     | 2027     | 2028     | 2025-28      |
| <b>Investeringsprosjekter</b>   |              |          |          |          |              |
| 0*Skifte tak Strandebarm kyrkje | 7 300        | 0        | 0        | 0        | 7 300        |
| <b>Sum Andre investeringer</b>  | <b>9 800</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>9 800</b> |
| <b>Sum</b>                      | <b>9 800</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>9 800</b> |

### Samferdsel

Beløp i 1000

|                                              | Økonomiplan   |              |              |              | Sum           |
|----------------------------------------------|---------------|--------------|--------------|--------------|---------------|
|                                              | 2025          | 2026         | 2027         | 2028         | 2025-28       |
| <b>Investeringsprosjekter</b>                |               |              |              |              |               |
| <b>Andre investeringer</b>                   |               |              |              |              |               |
| 0*Asfaltering - årleg prosjekt               | 5 500         | 4 500        | 4 500        | 3 125        | 17 625        |
| 0*Fornyng teknisk utstyr - årleg             | 455           | 625          | 625          | 625          | 2 330         |
| 0*Rassikringstiltak - årleg                  | 1 250         | 1 250        | 1 250        | 1 250        | 5 000         |
| 0*Utbetring kommunale bruer - årleg          | 313           | 313          | 313          | 313          | 1 252         |
| 0*Utomhusområde rundt Kvam rådhus/KFL-bygget | 10 000        | 0            | 0            | 0            | 10 000        |
| 0/1* Trafikksikringsplan - årleg             | 250           | 250          | 250          | 250          | 1 000         |
| 0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg         | 250           | 250          | 250          | 250          | 1 000         |
| <b>Sum Andre investeringer</b>               | <b>18 018</b> | <b>7 188</b> | <b>7 188</b> | <b>5 813</b> | <b>38 207</b> |
| <b>Sum</b>                                   | <b>18 018</b> | <b>7 188</b> | <b>7 188</b> | <b>5 813</b> | <b>38 207</b> |

### Bustad

Beløp i 1000

|                                                               | Økonomiplan   |               |               |               | Sum            |
|---------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
|                                                               | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          | 2025-28        |
| <b>Investeringsprosjekter</b>                                 |               |               |               |               |                |
| <b>Andre investeringer</b>                                    |               |               |               |               |                |
| 0*ENØK - Oppgradering eksisterande ventilasjon Mikkjelsflaten | 0             | 1 150         | 0             | 0             | 1 150          |
| 0*Heradet kjøper seg inn i byggeprosjekt                      | 10 000        | 15 000        | 20 000        | 0             | 45 000         |
| 0*Modulbustader til ROP                                       | 1 875         | 0             | 0             | 0             | 1 875          |
| 0*Ny elektrokjel på Mikkjelsflaten                            | 0             | 1 375         | 0             | 0             | 1 375          |
| 0*Nødstraum Mikkjelsflaten                                    | 0             | 1 125         | 0             | 0             | 1 125          |
| 0*Oppgradering bygg -årleg prosjekt                           | 1 250         | 1 250         | 1 250         | 1 250         | 5 000          |
| Eigedomskjøp 2025                                             | 8 125         | 0             | 0             | 0             | 8 125          |
| Eigedomskjøp 2026                                             | 0             | 8 125         | 0             | 0             | 8 125          |
| Husbanklån                                                    | 30 000        | 30 000        | 15 000        | 15 000        | 90 000         |
| <b>Sum Andre investeringer</b>                                | <b>51 250</b> | <b>58 025</b> | <b>36 250</b> | <b>16 250</b> | <b>161 775</b> |
| <b>Sum</b>                                                    | <b>51 250</b> | <b>58 025</b> | <b>36 250</b> | <b>16 250</b> | <b>161 775</b> |

### Brann- og ulykkesvern

Beløp i 1000

|                               | Økonomiplan |      |      |      | Sum     |
|-------------------------------|-------------|------|------|------|---------|
|                               | 2025        | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| <b>Investeringsprosjekter</b> |             |      |      |      |         |
| <b>Andre investeringer</b>    |             |      |      |      |         |
| 0*Kjøp av kjøretøy KVBR       | 6 250       | 0    | 0    | 0    | 6 250   |

## Økonomiplan for 2025-2028


| Investeringsprosjekter  | Økonomiplan |      |      |      | Sum     |
|-------------------------|-------------|------|------|------|---------|
|                         | 2025        | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| Sum Andre investeringer | 6 250       | 0    | 0    | 0    | 6 250   |
| Sum                     | 6 250       | 0    | 0    | 0    | 6 250   |

## Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

|                                               | Økonomiplan     |                 |                |                |
|-----------------------------------------------|-----------------|-----------------|----------------|----------------|
|                                               | 2025            | 2026            | 2027           | 2028           |
| Investeringer i varige driftsmidler           | 210 410         | 75 138          | 55 963         | 15 638         |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 2 500           | 2 500           | 0              | 0              |
| Utlån av egne midler                          | 30 000          | 30 000          | 15 000         | 15 000         |
| Avdrag på lån                                 | 4 500           | 4 500           | 4 500          | 2 500          |
| <b>Sum finansieringsbehov</b>                 | <b>247 410</b>  | <b>112 138</b>  | <b>75 463</b>  | <b>33 138</b>  |
| Kompensasjon for merverdiavgift               | -24 585         | -9 708          | -7 473         | -2 448         |
| Tilskudd fra andre                            | 0               | 0               | 0              | 0              |
| Salg av varige driftsmidler                   | -1 100          | -1 100          | 0              | 0              |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler       | -4 500          | -4 500          | -4 500         | -2 200         |
| Bruk av lån                                   | -177 725        | -87 330         | -63 490        | -28 190        |
| Overføring fra drift                          | 0               | 0               | 0              | 0              |
| Avsetninger til bundne investeringsfond       | 0               | 0               | 0              | 0              |
| Bruk av bundne investeringsfond               | -30 000         | 0               | 0              | -300           |
| Avsetninger til ubundet investeringsfond      | 0               | 0               | 0              | 0              |
| Bruk av ubundet investeringsfond              | -9 500          | -9 500          | 0              | 0              |
| <b>Sum finansiering</b>                       | <b>-247 410</b> | <b>-112 138</b> | <b>-75 463</b> | <b>-33 138</b> |
| <b>Sum finansieringsbehov</b>                 | <b>247 410</b>  | <b>112 138</b>  | <b>75 463</b>  | <b>33 138</b>  |
| <b>Sum finansiering</b>                       | <b>-247 410</b> | <b>-112 138</b> | <b>-75 463</b> | <b>-33 138</b> |
| <b>Udekt finansiering</b>                     | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>       | <b>0</b>       |

## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



| Tabell     | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | KOSTRA 2023 | Budsjett 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 | Økplan 2028 |
|------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Kvam herad | 132 617     | 134 318     | 144 518     | 145 217     | 162 899       | 178 575     | 183 474     | 185 410     | 183 172     |

## Samfunnsutvikling

### Visjon

## **Å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future.**

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

### **Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting**

#### **Mål og tiltak**

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.*

Kvam må vidareutvikla regionsenteret i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon.

For å nå måla, er det valt fylgjande satsningsområde:

- Stadutvikling
- Bustad
- Infrastruktur og kommunikasjon
- Verdiskaping gjennom samarbeid
- Livskvalitet

#### **Kva for utfordringar får me i økonomiplanperioden**

Heile Noreg går mot ein nedgang i folketal på sikt, korleis kan me i Kvam vere attraktive og trekke til oss nye innbyggjarar?

Korleis skal me skapa ein god barndom for barn og unge slik at dei får lyst til å bli buande eller flytte tilbake etter utdanning osv?

Kva må me leggja til rette for dersom fleire eldre treng heildøgns omsorg? Kor mange plassar treng me, kor skal dei ligge og når må me planleggja for å bygge?

Korleis går det med økonomien til kommunen og alle behova som me vil ha framover?

Ein kommune har ei rekkje roller å ivareta:

- kommunen skal vere ein samfunnsutviklar,

- ein tenesteytar,
- ein ressursforvaltar
- og ein arbeidsgjevar.

Retningslinjene for rolla som samfunnsutviklar ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel. Den igjen legg føringar for andre planar som kommunen sin arealplan, temavise kommunedelplanar og kva for prioriteringar kommunen skal ha i planperioden. Med dei utfordringane me ser no, så har me eit behov for å få på plass ein justert samfunnsdel som kan vere eit godt styringsverktøy for den tida me no går inn i.

## **Stadutvikling**

Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.

### Korleis vert det jobba med stadutvikling framover?

Det er fleire butikkar som har lagt ned og skal leggjast ned i kommunen, for nokre butikkar er det krevjande når folk har mindre å midlar å nytte og med ein auke i netthandel. Kommuneplanen sin samfunnsdel og strategi for næring og kompetanse må jobba mot at me framleis vil ha attraktive og levande sentra i kommunen vår.

Områdeplanen i Øystese vil verta eit godt verktøy for stadutvikling i Øystese. Det vil verta nokre utfordringar knytt til omsyn til naturfare som flaum og områdestabilitet. Det vert jobba med å få på plass ein aktivitetspark i Øystese gjennom eit samarbeid mellom Øystese grendelag, Liv og lyst og kommunen.

Det er eit prosjekt på gong for å gjere noko med Nistegata i Norheimsund, initiert av Norheimsund grendelag og handelsstanden. Prosjektet vil sjå på kva må gjerast for at Nistegata skal verta meir attraktiv.

Når nye Kvam VGS med kommunale funksjonar som kino og bibliotek står ferdig, så håpar kommunen at me får eit attraktivt område for alle og at det vil vere med på å skapa meir liv i sentrum. Det er positivt for stadutviklinga at me får eit publikumsbygg midt i sentrum, med aktivitet ut over skuletida til den vidaregåande skulen.

I Ålvik vert det jobba med finansiering av gang- og sykkelveg frå sentrum og til Pensjonisten i Ålvik. Tiltaket er ferdig prosjektert og manglar finansiering, det vert jobba mot Vestland fylkeskommune for å få på plass ein samfinansiering av tiltaket.

## **Bustad**

Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.

### Korleis vert det jobba med bustadbehov framover?

Det har vore mindre bygging av leilegheiter siste året, noko av forklaringa kan vere «dyr tid» med omsyn til rentenivå og auka prisar i samfunnet.

I starten av 2025 ønskjer kommunen å få til ein fag dag i samarbeid med Husbanken, der me inviterer bransjen lokalt. Ønskje er å få i gong gode bustadprosjekt som kan stetta behov for leilegheitar for ulike grupper i sentrale område i kommunen.

Kommunen har oppretta ein tverrsektoriell gruppe som jobbar med tema knytt til bustadsosial lov.

### **Infrastruktur og kommunikasjon**

Kvam skal ha ein trafikkssikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.

### Korleis vert det jobba med infrastruktur og kommunikasjon framover?

Fylkeskommunen jobbar med å få på plass ein reguleringsplan for ny tunnel under Kvamskogen. Det er samtidig foreslått frå regjeringa at arm til Bergen for E139 skal gå via Norheimsund. Det er nok langt fram til alt er på plass med omsyn til betra infrastruktur, men prosessen er i gong og vil verta viktig for Kvam.

Vestland fylkeskommune kjem til å halda fram med punktvis utbetring av fylkesvegen, dei har mellom anna planar om å utbetra strekninga som står att mellom Øystese og Laupsa. Det er starta ei prosjektgruppe som jobbar med strekninga ut over mot Mundheim.

Det vert gjennomført faste møte internt i kommunen og mellom kommunen og fylkeskommunen knytt til trafikkssikringstiltak.

Skyss har starta opp med såkalla “bestillingsbuss” i enkelte andre kommunar. Administrasjonen har vore i dialog med Skyss for å sjå på om me kan få etablert ei slik løysing i Kvam.

### **Verdiskaping gjennom samarbeid**

I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet

### Korleis vert det jobba med verdiskaping gjennom samarbeid framover?

Hardangerrådet er ein viktig arena som samarbeid mellom Hardangerkommunane. Hardangerrådet har sett i gong arbeidet med å laga ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden.

Næringslivet er variert i Kvam og er av styrken til kommunen. Det er viktig å lage arenaer, i samarbeid med kommunen, for næringslivet der dei kan treffast og diskutere framtidige utfordringar. Kva for behov har næringslivet, korleis kan me vere ein ressurs saman for eit godt og stabilt næringsliv. Me har auke i turismen til regionen vår. Her må Hardanger som region ha attraktive tilbod slik at dei som kjem til kommunen får ei god oppleving.

God og systematisk jobbing for barn og unge i Kvam førte til at Kvam vart kåra til årets ungdomskommune 2023. I 2025 skal det arrangerast ein ungdomskonferanse for heile Noreg i Kvam. Det er viktig at barn og unge har ei stemme i kvammasamfunnet, og rådmannen meiner det er viktig å halda fram med fram med satsinga på barn og unge i Kvam.

### Livskvalitet

I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleve høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.

#### Korleis vert det jobba med livskvalitet framover?

I etterkant av at ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse vert politisk vedteken i desembermøtet i 2024, vil administrasjonen gå i gang med å oppdatera beredskapsplanen i 2025. Elles vert revisjon av samfunnsplanen viktig for mange av tema under Samfunnsutvikling. I folkehelseoversikta frå hausten 2024 kan me mellom anna lesa at dei aller fleste barn og unge i Kvam har det trygt og godt. Både i folkehelseoversikten og kunnskapsgrunnlaget, som er tilgjengeleg på nett i Framsikt, er det mykje relevant informasjon i høve tema livskvalitet.

Tal frå den nasjonale undersøkinga Ungdata 2024 viser at trivselen i det store og heile er god og at dei aller fleste har det bra. Det er tette band mellom ungdomar og føresette. Men her er også store utfordringar som vil vera tema i revisjon av ny samfunnsplan. Mellom anna har Kvam fleire unge vaksne (18-44 år) som mottek varig uførepensjon enn snittet for landet og Vestland. Ei forklaring kan vera at mange unge flyttar ut av kommunen for å studera eller jobb, men det er truleg fleire forklaringar. Det er no litt fleire kvinner enn menn som mottek varig uførepensjon. Fleire unge står utanfor arbeid, utdanning eller opplæring, er arbeidssøkjande eller arbeidsavklaring. Kvam har prosentvis færre unge i den gruppa enn snittet for fylket og landet, ein generell nedgang det sist tiåret. Innvandrarbefolkninga er overrepresentert når det gjeld unge vaksne som ikkje er i arbeid, utdanning eller opplæring.

Kvam har over tid jobba breitt med førebyggjande arbeid og tidleg innsats, jmf Oppvekstplanen som legg vekt på forhold som vernar og/eller styrkjer den enkelte og felleskapet for å stå imot utanforskap, framtidig uhelse og redusert livskvalitet. *Sterke Fellesskap* var tema for Oppvekstkonsferansen 2024. Gjennom medverknadsarbeid kring Ungdata hausten 2024, har ungdom i kommunen drøfta kva som bør jobbast med framover. *Psykisk helse, medverknad frå barn og unge, og skuletrivsel* er prioriterte tema. Fritida er ein viktig arena for at unge skal verta kjende og oppleve at dei høyrer til og meistarar. Eit mangfald av barn og unge treng eit mangfald av møteplassar og aktivitetar. Barn og unge ønskjer å ta del i eige liv og i samfunnslivet, og verta tekne på alvor, sitat frå undomar som tok del med Ungdata-arbeidet

*Ungdomar bryr seg meir enn ein trur*

*Gje ungdomen ein sjanse*

## Organisasjon

### Rekruttering

“Korleis skal me saman skapa ein attraktiv arbeidsplass som leverer framtidsretta tenester med færre ressursar enn me brukar i dag?”

Dette spørsmålet rommar kommunen sine utfordringar i høve til noverande og framtidig bemanningssituasjon. Å rekruttera og behalda personell til dei fleste kommunale tenester er utfordrande. Det er difor heilt avgjerande at kommunen er attraktiv som arbeidsplass for dei unge som skal velja yrke, for vaksne jobbsøkjjarar og ikkje minst at me klarer å behalda flinke fagfolk. Framover vil t.d. tilgangen på helsepersonell vera ei større begrensning for tenestene enn pengar. KS viser til at dersom kommunane held fram med å løysa oppgåvene sånn som i dag, vil det vera behov for 70 000 fleire årsverk i dei kommunale helse og omsorgstenestene. Det er ikkje realistisk når det blir knappheit på arbeidskraft i heile arbeidslivet. Me må difor tenkja nytt og organisera arbeidet slik at me brukar ressursar og kompetanse best mogleg og slik at kommunen vert opplevd som ein attraktiv arbeidsgjevar. Me må ta i bruk ny teknologi - både velferdsteknologi og digitale løysingar for betre informasjonsflyt og samhandling. Det personellet me har, må me bruka meir effektivt. Framtidsbiletet har teikna seg klart lenge no. “Det er tid for handling”, slik det vert slått fast i Helsepersonellkommisjonen sin rapport.

Kvam herad har starta arbeidet med omstilling. Gjennom bemanningsprosjektet i pleie og omsorg og deltaking i KS-prosjekt som TØRN, vert det gjort forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer. TØRN-prosjektet skal bidra til å gjera pleie og omsorg meir berekraftig ved å auka den delen som jobbar heiltid og auka talet på tilsette med formell helsefagleg kompetanse. Samtidig har prosjektet fokus på å utvikla, prøva ut og innføra ny oppgåvedeling mellom ulike yrkesgrupper. Gjennom TØRN-prosjektet blir det også sett søkelys på det mange arbeidstakarar oppfattar som negativt, nemleg at for at fleire skal få heiltidsstilling, må dei jobba fleire helgetimar. Kartlegging som er gjort i bemanningsprosjektet i pleie og omsorg viser at heiltidsandelen har auka, men det har ikkje medført at tilsette jobbar fleire helgetimar. Det betyr difor at tenesta ikkje får dekkja bemanningsbehovet ved at fleire arbeider heiltid utan at dei også arbeider fleire helgetimar. Prosjektet har synleggjort at utfordringsbiletet med å dekkja helgetimar, aukar i tråd med grad av heiltid ved tradisjonelt turnusarbeid med arbeid kvar tredje helg. Andre arbeidstidsordningar, t.d. ved bruk av langvakter, er svaret for å møte denne utfordringa.

Også innan barnehage er ein igang med omstilling. Hovudfokuset er å behalda kompetanse. Eit prosjekt som KLP har delfinansiert, har sett som mål å få barnehage tilsette til å bli i jobben sin m.a. gjennom involvering av fleire enn leiaren i førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Utfordringa med begge desse omstillingsprosjekta er at dei har varigheit og finansiering på 2-3 år. Det er truleg for kort tid til å få synlege og varige resultat som t.d. redusert sjukefråvær og høgare kompetansenivå. Rådmannen ser difor at me må ha eit lengre perspektiv på kva tid me kan forventast konkrete, varige resultat. Problemstillingane er komplekse, og det er utfordrande å finna faktiske årsakssamanhengar og dei løysingar som gir gevinst.

Dei ulike prosjekta peikar også på eit viktig moment, nemleg ny oppgåvedeling og kva det har å seia at me klarer rekruttera nye yrkesgrupper til kommunale tenester. Matvertprosjektet i pleie og

omsorg synleggjer viktigheita av oppgåvedeling kring mat og måltid, og at kvaliteten på både mat og pleie kan aukast på denne måten. Det er i tillegg ein rekrutteringsarena for unge som kan bli motiverte til å utdanna seg til helsepersonell, noko som er avgjerande for kommunen sitt bemanningsbehov framover.

### Alderssamansetjing

Alderssamansetjinga i Kvam herad viser at 238 av dei tilsette er i aldersgruppa 55-64 år og 25 tilsette er over 65 år. Denne alderen reflekterer ein arbeidsstyrke der mange nærmar seg pensjonsalder. Det blir difor viktig å behalda den kompetansen desse har og motivera dei til å stå i arbeid så lenge som mogleg. Frå 1.1.25 vil 1963-kullet som dei første, ha høve til å ta ut livsvarig AFP samtidig som dei kan halda fram med å vera i ordinært arbeid. Det er spenning knytt til kva dette vil ha å bety i kommunal sektor. Det nye systemet kan føra til at fleire arbeidstakarar vel å jobba lenger, sidan AFP kan kombinerast med inntekt frå arbeid utan at pensjonen vert redusert i like stor grad som tidlegare. Formålet med ny AFP er å fremja moglegheita for å veksle mellom jobb i offentleg og privat sektor. Tidlegare har ikkje tida ein har jobba i privat sektor blitt rekna med dersom ein går over til offentleg sektor, noko som vert løyst i den nye ordninga.


Snittalderen for tilsette i Kvam herad er omlag 44 år- litt under det som er gjennomsnittsalderen i norske kommunar (45,6 år).

| Aldersgruppe    | Antall tilsette |
|-----------------|-----------------|
| 18-24           | 71              |
| 25-34           | 204             |
| 35-44           | 247             |
| 45-54           | 264             |
| 55-64           | 238             |
| 65+             | 25              |
| Under 18        | 16              |
| <b>Totalsum</b> | <b>1065</b>     |

### Organisering

Som aldersstatistikken over viser har Kvam herad 1065 tilsette pr. 1.10.24. Me har det travelt med å finna nye måtar å organisera tenestene våre på med relativt færre ressursar, og på ein måte som gjer at me også vil vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Som ein konsekvens av dette vert det nokre endringar i den overordna organiseringa frå 1.1.25. Som del av innsparingsprogrammet er stillinga som einingsleiar for samfunn, næring og kultur spart inn. Den nye eininga samfunnsutvikling er ei samanslåing av fleire avdelingar. Informasjon er skilt frå teknisk og vert del av eininga samfunnsutvikling. Einingsleiar for oppvekst får deler av oppgåvene som sjef for Teknisk og informasjon hadde tidlegare. Dette gjeld rolla som beredskapsansvarleg og ferievikar for rådmann. Tittelen vert endra til oppvekstsjef og assisterande rådmann og får personalansvar for stillinga som tenesteutviklar, som skal jobba med tenesteutvikling på tvers av einingane.

**Organisasjonskart for Kvam herad pr.1.1.25:**



**Arbeidsgjevarpolitikk**

Arbeidsgjevarpolitikken utgjør eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leiarar har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også eit handlingsrom for å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeidarskap og i Kvam herad vil me at leiarane er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar

Godt leiarskap er avgjerande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leiarar skal leggja til rette for meistring, innovasjon og kontinuerleg forbetring gjennom m.a. å setja mål og jakta effektar som gir verdi for brukarane.

Medarbeidarar i Kvam herad vil verta kjenneteikna av at dei er:

- Profesjonelle
- Innovatørar
- Lagspelarar

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet. Kommunen treng tilsette som tenkjer nytt gjennom å foreslå nye løysingar, vera opne for endringar, dela og auka sin kompetanse og samarbeida tverrfagleg.

**Medarbeidarundersøking – «10-faktor»**

Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar i heile organisasjonen. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor». Undersøkinga er gjennomført fire gonger; i 2017, 2019, 2021 og 2023. Neste måling vert hausten 2025. Undersøkinga måler faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat og er basert på 10 innsatsfaktorar som det er mogleg å påverka for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse. Det er utarbeidd eit oppfølgingssystem som arbeidsplassane skal nytta for å følgja opp resultatane.

Faktor 10 - Prososial motivasjon, dvs. motivasjon for å gjera noko verdifullt og nyttig for andre, viser seg å vera ei viktig drivkraft for Kvam herad sine tilsette. Prososial motivasjon er ein viktig innsatsfaktor som har vist seg å ha ei rekkje godt dokumenterte, positive effektar.

10-faktorundersøkingane viser også at tilsette ynskjer meir kompetanse for å kunne utføra arbeidet sitt. Det er positivt og medfører at det er sett i verk ulike tiltak for å leggja til rette for kompetanseutvikling.

For å stetta lovkrav om kartlegging av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet vert det også gjennomført ei HMS-undersøking. Undersøkinga kartlegg tema som:

- Fysiske arbeidsforhold
- Rutinar
- Vald og truslar
- Trakassering, diskriminering og varsling
- Psykososiale forhold
- System for lønns- og arbeidstidsordningar

### Kompetanseutvikling

Kvam herad er ein kompetanseorganisasjon med krav til kontinuerleg oppdatering av fagleg kunnskap. Kommunen tilbyr økonomisk støtte og tilrettelegging for å gjennomføra grunn- og vidareutdanningar innan mange ulike fagområde. Fleire kompetansetiltak er obligatoriske, som t.d. vidareutdanningar for lærarar innan den nasjonale strategien “Kompetanse for kvalitet” eller spesialiseringløpet for allmennlegar og psykologar. Frå 2031 vil også barnevernet få lovpålagde kompetansekrav gjennom krav til masterutdanning ved nytilsetjing.

I tillegg til vidareutdanning som utdanningsinstitusjonar tilbyr, tilbyr Kvam herad e-læringstilbod via læringsplattforma KS læring. På denne opplæringsarenaen kan kommunane utvikla egne kurs for deretter å dela dei med andre kommunar. Samtidig kan Kvam henta kursopplegg som andre kommunar har utvikla og tilpassa dei til eigen organisasjon. Kvam herad har innført Dossier kompetanse som gir leiarane betre oversikt over kva kompetanse som fins i organisasjonen og status og framdrift for gjennomføring av tilsette sine kompetanseplanar.

Kvam herad har eit nært samarbeid med opplæringskontoret Handalag om lærlingar, men også om kvalifisering av vaksne til fagbrev. Å ha moglegheit for å tilby teoriopplæring lokalt, er avgjerande for at fleire kan kvalifisera seg til fagbrev gjennom ordninga som praksiskandidat. Også Næringshagen i Voss og Hardanger og Nav arbeidslivssenter er aktørar som set i gang ulike satsingar innan desentraliserte undervisningstilbod som kommunen kan nytta seg av for at fleire skal oppnå høgare formell kompetanse. Frå hausten 2025 er det planlagt desentralisert barnehagelærerutdanning som er eit tiltak som spring ut av samarbeidet med næringshagen.

## Heiltidskultur

Pr 1.10.24 er det 1065 tilsette i heradet. Tilsvarande tal i 2023 var 1028. Talet varierer m.a. etter kor mange vikarar som er inne på teljetidspunktet. 30 tilsette er knytt til beredskapsordninga innan brann og redning med ein 2% stilling knytt til faste øvingar. Dersom me trekkjer ut desse småstillingane, viser tabellen at 52 % av arbeidsstyrken (489 av 1035 tilsette) arbeider i heiltidsstilling. I 2023 var tilsvarande prosent 50,5%.

| Pr 01.10.2024                      | Alle tilsette | u.brann<br>1,35/1.92 |
|------------------------------------|---------------|----------------------|
| Antall ansatte i deltid og heiltid | 1 065         | 1 035                |
| Gjennomsnittleg deltidspersent     | 79            | 81                   |
| Antal i 100% eller meir            | 546           | 542                  |
| Antall i deltid%                   | 519           | 489                  |
| Tilsette i brannberedskap/øving    | 30            |                      |

Det har lenge vore eit mål å tilby større stillingar og få fleire til å arbeida heiltid. Grunnbemanningsprosjektet i pleie og omsorg har synleggjort ei utfordring i dette biletet: det å dekkja talet på helgetimar aukar i tråd med grad av heiltid ved tradisjonelt turnusarbeid med arbeid kvar tredje helg, dvs. jo høgare stillingsprosent desto fleire helgetimar bør den tilsette arbeida. Men mange som vil ha større stilling, vil ikkje arbeida fleire helgetimar. Styringsgruppa i prosjektet er ikkje kome til felles einigheit om kva som er gode løysingar på denne utfordringa. Befolkningsframskriving og framtidige kompetansebehov er dei viktigaste grunnane til at fleire må jobba heiltid. Det krev at me må tenkja nytt når det gjeld turnus og m.a. sørge for godt samarbeid med dei tillitsvalde slik at det framleis vert nytta årsplan og ikkje 6 vekers turnusar. Me må vekk frå tradisjonell turnus som skapar «hol i turnus i helgane» som vert dekkja opp med småstillingar på 14% (helgestillingar) og som medfører lågare kompetansenivå i helgane. Bodskaen frå forskarhald er at det er uunngåeleg at fleire må arbeida fleire helgetimar for at fleire skal arbeida heiltid. Bette fordeling av helgetimar er ein føresetnad for heiltidskultur. Me kjem ikkje utanom dette dersom me skal få ein bærekraftig helse og omsorgssektor.

## Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling

Kommunen skal handtera komplekse oppgåver og har høge krav til kvalitet, fornying og effektivitet i eit samfunn i stadig endring. Å byggja kultur for innovasjon og nyskaping må er ei leiaroppgåve gjennom å finna innovative løysingar i breitt samarbeid med mange aktørar som har ulike interesser og behov. Samarbeid om nye måtar å tenkja matomsorg som t.d. matvertprosjektet, er eit døme på innovasjon og nyskaping. Det handlar om å:

- *skapa rom for idéar og setja pris på kreativitet, pleia talent og utfordra innovatørar*
- *sjå kvar det er behov for å skapa noko nytt og føreslå nye løysingar*
- *bruka kompetanse på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar*

- henta inspirasjon og løysingar frå andre fagområde og organisasjonar
- dela og auka kunnskap internt og eksternt

Gevinstrealisering handlar om å sørgja for at dei gevinstane som var forventa av eit prosjekt, faktisk vert realisert. Gevinstane kjem ikkje alltid så tidleg som forventa. Både KLP-prosjektet i barnehage og matvertprosjektet er døme på innovasjonsprosjekt som må virka over tid før det kjem konkrete resultat som t.d. redusert sjukefråvær, mindre vikarbruk og betre rekruttering.

Tenesteinnovasjon og endring av arbeidsprosessar er utviklingsprosessar som medfører behov for omstilling. Kvam herad har retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning som saman med Hovudavtalen skal sikra medverknad frå tilsette i slike omstillingsprosessar.

Stillinga som tenesteutviklar eller kvalitetskoordinator, har tidlegare vore lyst ut men vorte ståande vakant. No ynskjer rådmannen å nytta midlane til å vidareføra og utvida oppgåvene som er lagt til noverande BTI-koordinator. Oppgåvene til BTI-koordinator vert utvida til å gjelda tverrfagleg arbeid og tenesteutvikling i heile organisasjonen, og finansiert med midlar frå vakant stilling som tenesteutviklar.

### Sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv

Intensjonsavtalen for eit inkluderande arbeidsliv er under forhandling mellom regjeringa og partane i arbeidslivet. Grunnidéen i noverande avtale (2019-24) er at innsats på arbeidsplassen er nøkkelen til å redusera sjukefråvær og hindra fråfall frå arbeidslivet.

Kvam herad tilrettelegg så langt det er mogleg for tilsette som har redusert arbeidsevne, men som ynskjer å vera i jobb. Det inneber bl.a. tilrettelegging av arbeidssituasjonen og eventuelt overføring til andre oppgåver i kommunen gjennom å nytta føreretten til ledige stillingar den tilsette er kvalifisert for.


Sjukefråværet hittil i år ligg på 9,79% for kommunen samla sett. Målet er 8%. Sjukefråværet auka i pandemien og ser førebels ikkje ut til å falla tilbake til nivået før pandemien. Det er store variasjonar i fråværsprosent mellom einingane. Sjukefråværet er høgare i barnehage og helse og omsorg enn innan skule, administrasjon og teknisk. Også mellom kjønna er det stor forskjell når det gjeld fråvær. Kvinner har vesentleg høgare fråvær enn menn.

Sjukefråvær jan – sept 2024:

Hittil i år: 9,79%

Siste 12 mnd: 10,12%

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger






Det er 226 menn og 839 kvinner tilsett i Kvam herad. Kvinneandelen utgjør dermed omlag 80%. 61% av sjukefraværet er blant kvinner, medan menn står for 39% av det samla sjukefraværet.

Diagrammet nedanfor viser korleis fraværet fordeler seg på korttidsfravær og langtidsfravær:

Fordelt på varighet (egen og legemeldt)



Dei første 16 fraværslagane er arbeidsgjevar sin kostnad åleine og utgjør 2,89 % av det totale sjukefraværet på 9,8%. Langtidsfraværet utgjør 6,9 %. Nav refunderer kostnaden etter arbeidsgjevarperioden, men ikkje fullt ut. Ser ein nærmare på fraværskostnaden, er det korttidsfraværet (arbeidsgjevarperioden) som utgjør den største kostnaden (tal frå jan-sep 2024):

|                               |             |                        |
|-------------------------------|-------------|------------------------|
| Total fraværskostnad          |             | 24 089 272             |
| Gjennomsnitt per måned        |             | 2 408 927              |
| Detaljer                      |             |                        |
|                               | Total       | I arbeidsgiverperioden |
| Lønn i fravær                 | 34 251 158  | 10 186 114             |
| + Pensjon i fravær            | 6 170 268   | 1 827 559              |
| + Feriepenger i fravær        | 4 224 043   | 1 258 363              |
| + Arbeidsgiveravgift i fravær | 6 295 011   | 1 871 357              |
| + Ekstra arbeidsgiveravgift   | 0           | 0                      |
| - Refusjoner                  | -22 327 442 | -984 660               |
| - Redusert arbeidsgiveravgift | -3 148 175  | -138 837               |
| - Refunderte feriepenger      | -1 375 592  | -104 577               |
| = Fraværskostnad              | 24 089 272  | 13 915 318             |

Tabellen viser ein fráværskostnad på mnok 13 915 318 for korttidsfråvær, medan langtidsfråværet kostar kommunen mnok 10 173 953. Sjølv om kommunen får refundert forskottert sjukelønn, kjem det likevel kostnadar som ikkje vert refunderte. I tillegg kjem eventuell vikarkostnad. Reduksjon i sjukefråvær til måltalet på 8%, ville medført ei vesentleg innsparing. Det er difor viktig å halda trykk på arbeidsmiljøtiltak som kan førebyggja sjukefråvær og sørga for god oppfølging av tilsette som vert sjukmelde, slik at dei kjem raskast mogleg tilbake i arbeid.

### Helse, miljø og tryggleik

Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. aml. § 3-1 og internkontrollforskrifta

Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette og kjøper denne tenesta etter anbudsrunde. Det er tilsett HMS-koordinator som har oppfølging av kvalitetssystemet som hovudarbeidsfelt. Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsystem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert ivaretekne. Kommunen nyttar pr i dag. kvalitetssystemet Compilo til dette. I tillegg utviklar Kvam herad eigne HMS-kurs på læringsplattforma «KS læring» innan ulike HMS-tema, m.a. HMS-kurs for leiarar.

### Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova.

Det inneber at det ikkje skal skje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

Som arbeidsplass er Kvam herad kvinnedominert med omlag 80% kvinneandel, men det er variasjonar mellom einingane. Oppvekst og helse og omsorg har klart flest kvinner tilsett, medan det i teknisk eining og innan plan og byggesak er menn i fleirtal. Tabellen viser fordeling av kvinner og menn i dei ulike einingane:

| Eining                    | Antall kvinner | Antall menn | Totalt |
|---------------------------|----------------|-------------|--------|
| Helse og omsorg           | 408            | 57          | 465    |
| Oppvekst                  | 347            | 65          | 412    |
| Plan og byggesak          | 2              | 7           | 9      |
| Samfunn, næring og kultur | 20             | 15          | 35     |
| Stabseiningar             | 20             | 14          | 34     |
| Teknisk og informasjon    | 42             | 68          | 110    |
| Totalsum                  | 839            | 226         | 1065   |

## Klimabudsjett

### Klimabudsjett – eit verktøy for å oppnå klimamål

I Kvam herad sin "Energi- og klimaplan 2021-2024" står det at «Klimagassutsleppa i Kvam herad skal i tråd med nasjonale mål reduserast med inntil 55 % innan 2030 i høve til 1990". Eit steg i arbeidet mot måloppnåing er å laga eit klimabudsjett, der "Energi -og klimaplanen" ligg til grunn for tiltaka i klimabudsjettet. I tråd med nasjonale føringar omfattar dette målet dei direkte utsleppa frå det geografiske Kvam – altså alle klimagassutslepp som kjem frå maskinar, motorar, dyr og andre prosessar innafor heradsgrensa. Kvotebelagt industri vert regulert av staten og er difor ikkje underlagt denne målsetjinga.

Mange av tiltaka for å redusera direkte klimagassutslepp, reduserer også indirekte utslepp. Sertifisering av Kvam herad som Miljøfyrtårn gjer at me forpliktar oss til å arbeida for å redusera utslepp frå den kommunale bilparken, noko som gjev ein reduksjon i direkte utslepp. Samtidig forpliktar me oss også til å redusera matsvinn på tenestestadene, noko som i hovudsak er reduksjon i indirekte utslepp.

På same måte er heller ikkje tiltak som har rein energieffektiviserande effekt inkludert i klimabudsjettet. Energieffektiviserande tiltak er kjempeviktig for at samfunnet skal klara den grønne omstillinga, fordi ein treng å fristilla energi for alt som skal overførast frå å gå på fossil til fornybar energi. Energieffektivisering fører likevel ikkje nødvendigvis til lågare klimagassutslepp i Kvam herad, og er, i tråd med retningslinjer for korleis ein lager klimabudsjett, ikkje inkludert i klimabudsjettet.

### Kva tiltak skal me velja?

I eit klimabudsjett kan effekten av tiltaka gjerne reknast ut, slik at ein kan velje å utføra dei mest effektfulle tiltaka. Talfesting av tiltakseffekt er veldig ressurskrevjande, men vert gjort i kommunar med store klimaetatar, eller kommunar som har leigd inn konsulentar til dette. Sjølv ved bruk av gode modeller kan det vera vanskeleg å talfesta tiltakseffekt. Nokre tiltak er komplekse kor effekten er avhengig av fleire faktorar. For eksempel, når Kvam herad ynskjer å leggja til rette for fleire lademoglegheitar for elbil, er det usikkert kor mange fleire innbyggjarar som vil byta ut sin fossilbil med elbil, som ei direkte følgje av heradet sitt tiltak. For nokre tiltak kan tiltakseffekten vera avhengig av ukjente faktorar. Ta for eksempel tiltaket om at "Kvam herad skal ved nyanskaffing kjøpe utsleppsfrie maskinar dersom det er tilgjengeleg på marknaden". Ei vurdering på om marknaden på eit gitt tidspunkt kan levere ei spesiell maskin til bruket den er tiltenkt må gjerast for kvart tilfelle av nyskaffing. Det er derfor ikkje hensiktsmessig å vurdere tiltakseffekten før ein skal gå til innkjøp av maskinane.


Me nyttar likevel kvantitative data når me vurderer kor me bør setja i verk tiltak for å redusera klimagassutsleppa. For det første er det viktig å vite kor dei store klimagassutsleppa i Kvam kjem frå. I tillegg må me vita kva klimagassutslepp Kvam herad som organisasjon kan påverka. Gjennom Miljødirektoratet har me tilgang på gode data om kva sektorar som står for dei største klimagassutsleppa. Vegtrafikk er mellom dei største kjeldene til direkte klimagassutslepp i Kvam herad – og er også ein sektor kvar Kvam herad har moglegheit til å påverka gjennom sine aktivitetar som tenesteytar og innkjøpsaktør. Gjennom klimarekneskapet for 2023 har me fått rekna ut kva aktivitetar hjå kommuneorganisasjonen som har store potensial for kutt av direkte- og indirekte klimagassutslepp kombinert. *Investering i bygg og kjøp av varer* er kategoriar som typisk fører til stort klimafotavtrykk blant Kvam herad sine aktivitetar. Tiltak som kan syta for at me reduserer desse utsleppa er derfor viktige for å oppnå store utsleppskutt. I neste del kan du lesa meir om utsleppstala, både dei direkte

klimagassutsleppa innafor det geografiske Kvam herad og klimafotavtrykket (både direkte og indirekte utslepp) til kommuneorganisasjonen, som er viktige bak våre vurderingar av tiltaka i klimabudsjettet.


## Klimagassutslepp i Kvam

### Generelle trendar

Dagens reduksjon i klimagassutslepp er ikkje tilstrekkeleg for å nå målet om 55% kutt innan 2030. Tiltak som forårsakar omfattande utsleppskutt må setjast i verk omgåande. Utsleppstala i Miljødirektoratet sitt klimagassrekneskap frå perioden 2021-2022 visar at Kvam har ein liten nedgang på 5,1%. I klimagassrekneskaret så for kommunane så ligg ikkje 2023 tal inne, men på landsbasis så har Noreg hatt ein nedgang på over 9 prosent frå 2022 til 2023. Det kan tyde på at også Kvam får ein liten nedgang i 2023. Dei historiske data tydar på at utsleppa fram mot 2030 vil halda seg på historisk nivå dersom ikkje effektive klimagass reduserande tiltak vert innført.



## Økonomiplan for 2025-2028



Figur 1. Historiske klimagassutslepp i Kvam herad (grønt), utslepp fram mot 2030 basert på historiske trendar (grå), og klimamål for 2030 (gult). Tala er ekskludert kategorien «industri, olje og gas» og «andre aktivitetar sjøfart» (sjå forklaring i tekst). Kjelde data: Miljødirektoratet

\*Det er ei viss uvisse knytt til talfesting av historiske utslepp, og dermed også kva klimagasskutt som er naudsynt for å oppnå Kvam herad si målsetjing for 2030. Data for klimagassutslepp i kommunane eksisterer ikkje for året som delmålet har definert som referanseår, altså 1990. Det nærmaste året med talgrunnlag er 1991, men desse estimata er basert på andre metodar enn dei me brukar for å talfeste dagens klimagassutslepp. Dagens metodar har vore i bruk sidan 2009, og er dermed tilrådd å bruka som referanseår når ein evaluerer målrealisering (KS, Miljødirektoratet). Det kan likevel vera feilkjelder i målingar som gjer det vanskeleg å nøyaktig talfesta mål for reduksjon i klimagassutslepp (sjå sjøfart).

### Vegtrafikk

Sektoren «Vegtrafikk» stod for eit utslepp på 9490 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2022. Desse utsleppa kjem i hovudsak frå personbilar og tunge køyretøy. Sidan 2009 har det vore ein utsleppsreduksjon frå personbil på 34%. Denne reduksjonen kan i stor grad tilskrивast aukinga i talet på el-bilar på bekostning av bilar som går på fossilt drivstoff. Samla sett har køyringa i heradet auka i same periode.

Klimagassutslepp frå tunge køyretøy har vore jamt høgt, og er ikkje forventa å minka i perioden fram mot 2030, dersom nye tiltak ikkje vert iverksett. Utsleppa frå varebilar er mindre (10% av vegtrafikk), men likevel ei viktig kategori for framtidig utsleppsreduksjon. Utsleppa frå varebil har vore jamn sidan 2009, men teknologiutviklinga har gjort marknaden meir modent for overgang til el-varebilar i åra fram mot 2030.

### Jordbruk

Klimagassutsleppet frå jordbruk har vore på rundt 11-12 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar årleg i perioden 2009-2022. Meir enn halvparten av utsleppa kjem frå husdyra sine fordøyelses prosessar. Resterande utslepp kjem frå gjødsellager og generell utslepp frå jordbruksareala.


I tillegg kjem utslepp frå motorreiskap (sektor «anna mobil forbrenning»), kor jord- og skogbruk har ført til utslepp av i underkant 500 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter årleg dei siste åra.

### Sjøfart

Det er ein del uvissikkerheit knytt til klimagassutsleppa frå sektoren «sjøfart» i Kvam herad. I åra før 2016 var ikkje utslepp knytt til bruk av kjel, «boilers», i hamn inkludert. Dermed kan det totale klimagassutsleppet i Kvam herad for referanseåret 2009 vere underestimert. Miljødirektoratet informerer likevel om at det var ein reel auke av utslepp i hamn i mange norske kommunar før og etter 2016.


Bruk av landstraum for skip i hamn vert ikkje automatisk inkludert i Miljødirektoratet sitt klimagassrekneskap. I perioden 2016 til 2021 har talet for utslepp frå passasjerbåtar og bilferjer (inkluderer ikkje cruiseskip) vore dobla – til tross for at utsegla distanse har vore stabil. I same periode har ferjesambandet Tørvikbygd-Jondal vorte elektrifisert. Gode data på forbruk av landstraum ved hamner i Kvam herad kan forbetre Miljødirektoratet sitt klimagassrekneskap vesentleg, og gjera oss betre rusta til å setja i verk effektive tiltak for å redusera klimagassutsleppa i Kvam herad fram mot 2030.

Under pandemien var det få cruiseskip inn og ut Hardangerfjorden. I 2022 ser me ei auke igjen som er høgare enn før pandemien, jf. figuren under.



### Klimafotavtrykket til organisasjonen Kvam herad

Kvam herad har laga klimagassrekneskap for organisasjonen Kvam herad for 2023. I dette klimagassrekneskapet vert utslepp som kommuneorganisasjon er direkte ansvarlege for tatt med. Dette omfattar heradet sine bilar og maskinar, men også indirekte utslepp, som for eksempel knytt til produksjon og transport, som heradet kjøper frå andre delar av verda. Dei høgaste utsleppskategoriene for organisasjonen Kvam herad var bygg og varekjøp som ligg under indirekte utslepp. Dette inkluderer klimagassutslepp frå mellom anna anleggsmaskinar innafor det geografiske Kvam herad, i tillegg til utslepp utanfor heradsgrensa i samband med for eksempel materialproduksjon. I kategorien varekjøp, så er det programvare og mat og drikkevarer som har dei høgaste verdiane.



### Miljøfyrtårn

Kvam rådhus vart Miljøfyrtårnsertifisert i fjor, og i juni i år vart biblioteket og kulturskulen også Miljøfyrtårnsertifisert. Som Miljøfyrtårn er me forplikta til å kontinuerleg arbeida for å redusere vår negative påverknad på klima og miljø. I år har me blant anna etablert system for avfallssortering på rådhuset og komme godt vidare med å foreta grønare innkjøp.

Ordninga med miljøfyrtårnsertifisering er svært ressurskrevjande og kostbar for kommunen. Erfaringane er at me bruker mykje tid på noko som gir lite igjen. Men det me har erfart av gode tiltak gjennom sertifisering av rådhuset, biblioteket og kulturskulen vil me nytta vidare i organisasjonen. Ved resertifisering av bygg som er sertifisert, så vert det ei vurdering om me skal halda fram med løysinga.

## Klimatiltak med i økonomiplanen

### Direkte utslipp

Beløp i 1000 kr


| Klimatiltak                                                                                                                                                                                                                                                     | Hovudmål | Berekraftsmål  | Driftstiltak | Kostnad Sektor 2025       | Kjelde | Status i Beskriving plan |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|----------------|--------------|---------------------------|--------|--------------------------|
| Kvam herad skal ved nyanskaffing av maskinar alltid velja utsleppsfrie maskinar dersom dette er tilgjengeleg i marknaden og dersom dette gjer eit lågare samla utslepp enn fossile. Dersom dette ikkje lar seg gjera skal fossilfritt drivstoff vurderast.      |          | Ikkje relevant |              | 0 Annen mobil forbrenning | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad er ikkje hamn for cruiseskip, og skal vera pådrivar for at cruisenæringa i Hardangerfjorden skal verta meir miljøvennleg. Dette inkluderer aktivitetar knytt til cruisenæring, kor bussane som transporterar cruisepassasjerar bør vera utsleppsfri. |          | Ikkje relevant |              | 0 Annet                   | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad skal omgjera retningslinjene for Kraftfondet for at det i større grad skal rettast imot klimainvesteringar.                                                                                                                                          |          | Ikkje relevant |              | 0 Annet                   | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad skal vektleggja klima og miljø i ny eigarskapsstrategi                                                                                                                                                                                               |          | Ikkje relevant |              | 0 Annet                   | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad støtter berekraft-sertifisering av reiselivet i Hardanger ("Berekraftig reisemål")                                                                                                                                                                   |          | Ikkje relevant |              | 0 Annet                   | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad skal auka kunnskapen om arealrekneskap                                                                                                                                                                                                               |          | Ikkje relevant |              | 0 Arealbruk               | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad skal kartleggja myr i forbindelse med nye planar                                                                                                                                                                                                     |          | Ikkje relevant |              | 0 Arealbruk               | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad sine nye større bygg skal tilfredsstilla krav til BREEAM-NOR klasse «good» eller betre for å syta for at det vert teken omsyn til klima og miljø under oppføring og drift av bygga.                                                                  |          | Ikkje relevant |              | 0 Bygg                    | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad skal invitera til informasjonsmøte om å byggja og drifta miljøvennlege bygg.                                                                                                                                                                         |          | Ikkje relevant |              | 0 Bygg                    | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad skal utforme ein "grøn innkjøpsstrategi"                                                                                                                                                                                                             |          | Ikkje relevant |              | 0 Innkjøp                 | Annet  | Ikkje relevant           |
| Kvam herad følger opp nasjonale føringar for miljøvennleg jordbruk                                                                                                                                                                                              |          | Ikkje relevant |              | 0 Jordbruk                | Annet  | Ikkje relevant           |

## Økonomiplan for 2025-2028

|                                                                                                                                                                                 |                |          |              |       |                |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------|--------------|-------|----------------|
| Kvam herad skal laga nyheitsbrev om berekraftstema som vert utgitt minimum kvart kvartal.                                                                                       | Ikkje relevant | 0        | Miljøledelse | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal vidareføra og utvida gjenbruksveka                                                                                                                              | Ikkje relevant | 0        | Miljøledelse | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal arbeida for at det er nok straum for ladestasjonar der det er hensiktsmessig i heile heradet.                                                                   | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal arbeida for å tilrettelegga for kollektiv transport i reiselivet                                                                                                | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal fortsetta å vera gratiskommune i Sykle-til-jobben kampanjen                                                                                                     | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal ha ein plan for å tilrettelegga for lading på eksisterande kommunale parkeringsområder                                                                          | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal ved nyanskaffing av køyretøy alltid velja utsleppsfrie køyretøy dersom dette lar seg gjera for bruken for køyretøyet. Dette gjeld ikkje for beredskapskøyretøy. | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Kvam herad skal vurdere, og deretter marknadsføre, ein app som kan nyttast for å koordinere samkøyring.                                                                         | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Miljøvennleg transport skal vektast ved leveransar/oppdrag for Kvam herad der transport er ein del av ytelsen.                                                                  | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Ved alle nye parkeringsområder skal det vurderast om det er hensiktsmessig å tilrettelegga for infrastruktur som tillèt installering av el-billadarar                           | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| Ved nye kommunale parkeringsområder skal det vurderast om det er hensiktsmessig å installera elbilladarar.                                                                      | Ikkje relevant | 0        | Veitrafikk   | Annet | Ikkje relevant |
| <b>Sum</b>                                                                                                                                                                      |                | <b>0</b> |              |       |                |

## Klimagassutslepp (graf)

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Historiske utslepp er henta frå Miljødirektoratet. Du ser kommunen si referansebane og i tillegg effekten av klimatiltaka i den stipla linja.



## Eigedomsforvaltning

Kommunal eigedom omfattar ikkje berre bygg, men òg uteareal rundt bygg, parkar, idrettsanlegg, friluftsområde, kaianlegg, vegar og vass- og avløpsanlegg.

Kvam herad si primære oppgåve er å utføre tenester for innbyggjarane. Både menneskelege ressursar og infrastruktur trengs for få dette til. Den kommunalt eigde bygningsmassen som husar aktivitetane har, i 2023, eit totalareal på ca. 76.000 m<sup>2</sup> og er forsikra for ca. 2,1 mrd (2023), og areala er fordelt slik:

| Type formål | Areal (m <sup>2</sup> ) |
|-------------|-------------------------|
|-------------|-------------------------|

|                                                 |               |
|-------------------------------------------------|---------------|
| Skular                                          | 18 336        |
| Barnehagar                                      | 6 159         |
| Helse/omsorgsbygg                               | 22 207        |
| Administrasjon<br>Rådhus/Teknisk<br>Sandven/KFL | 6 146         |
| Idrettsbygg                                     | 9 833         |
| Kulturbygg                                      | 2 680         |
| Andre bygg                                      | 3 483         |
| Utleigebustadar                                 | 6 815         |
| <b>Sum areal</b>                                | <b>75 659</b> |

## Eigedsstrategi

Det vart i perioden 2023-2024 utarbeidd ein [eigedsstrategi for Kvam herad](#). Denne tek føre seg tilstanden på dei kommunale bygga, inkl. vedlikehalds-etterslepet og utfordringsbilete.

### Vedlikehaldsetterslep

Ei av elementa eigedsstrategien har retta fokus på er vedlikehaldsetterslepet på dei kommunale bygga. Vedlikehaldsetterslepet skildrar gapet mellom planlagt vedlikehaldstiltak etter vedtekne standardar og planar og det som faktisk er gjort.

Kvam herad nyttar 114 kr pr m<sup>2</sup> i året på vedlikehald, mens det tilrådde normtalet ligg på 284 kr. Det vil sei at Kvam herad nyttar kun 40 % av tilrådd sum til vedlikehald av kommunale bygg.

For å nå normtalet burde Kvam herad brukt 12,9 mill *meir* i årleg vedlikehald.

I tillegg visar eigedsstrategien at me i dag har eit vedlikehaldsetterslep på 269 mill på dei bygga me eig idag. Og då er nokre sentrale bygg som Øystese skule, Strandebarmsheimen, kyrkjene og bygg eigd av Kvam bustadstifting ikkje medrekna.

Vedlikehaldsetterslepet ligg på 269 mill, fordelt på desse bygningsgruppene:

| Bygningsgrupper | mill. kr |
|-----------------|----------|
| Rådhuset, admin | 11       |
| Skular          | 34       |
| Barnehagar      | 25       |

|                                    |            |
|------------------------------------|------------|
| Helse og omsorg                    | 54         |
| Idrettsbygg                        | 31         |
| Kultur                             | 18         |
| Andre                              | 10         |
| Bustadar                           | 85         |
| <b>Total vedlikeholdsetterslep</b> | <b>269</b> |


Areal kostar både i form av forvaltning, drift, vedlikehald og investering. Difor bør alt tilgjengeleg kommunalt areal sjåast på som eit fellesgode og ikkje berre som eit særgode for einskildgrupper.

For å sikre at eigedomsforvaltninga vert berekraftig er det ein føresetnad at gapet mellom faktiske og tilrådde budsjettressursar til verdibevarende vedlikehald gravis vert redusert. For å oppnå dette må anten årleg vedlikehaldsbudsjett aukast vesentleg eller ein må redusera areal på kommunalt eigde bygg.

#### Verdibevarende vedlikehald

Eit viktig omgrep i eigedomsstrategien er verdibevarende vedlikehald. Med verdibevarende vedlikehald meinast innsats og aktivitet for å oppretthalde dagens standard til ei kvar tid. Det kan òg vere innsats og aktivitet knytt til nye tekniske krav eller nye miljøkrav.

Vedlikehald kan vere planlagt eller uplanlagt. Verdibevarende vedlikehald er som oftast planlagt og viser hovudsakleg til nødvendig arbeid for å førebyggje forfall som er ein følge av normal slitasje. Ikkje planlagt vedlikehald er løpande vedlikehald knytt til uføresette hendingar som til dømes hærverk.



*Korleis vedlikehald og utvikling bidreg til eit berekraftig bygg (Bjørberg, 2008, som sitert i Valen et al., 2011)*

#### Klassifisering i A, B og C-bygg

Ut frå tilstandsvurdering og kor eigna bygget er til formålet det har, vart bygga klassifiserte som A, B eller C-bygg i egedomsstrategien. Klassifiseringa vert basis for prioritert vedlikehald framover. C-bygga (lågast klasse) vert ikkje prioritert i vedlikehaldet, og bør vurderast avhenda/selde/rivne. Likevel er det sagt at tomteverdien skal vurderast for framtidig bruk. Det er viktig å kunne avhende nokon av C-bygga slik at vedlikehaldet kan konsentrerast meir til A og B-bygg.

Liste over kva bygg som ligg i dei ulike kategoriane finn ein i [eigedsstrategien](#).

| Type bygg | Antal (stk) | Totalt etterslep<br>ca |
|-----------|-------------|------------------------|
| A         | 31          | 90                     |
| B         | 28          | 110                    |
| C         | 15          | 60                     |

*\*andre utleigebygg, VA-bygg (vatn og avløp), kyrkjer eller Kvam bustadstifting sine bygg er ikkje med i tabellen*

#### Politikardashbord

Hausten 2024 lanserte KLP og Norsk Kommunalteknisk Forening eit [politikardashbord](#). Dette er eit nytt pilotprosjekt med utvalde kommuner, deriblant Kvam herad.

Politikardashbordet samanstiller data om kommunale bygg fra internkontrollsystemet "NKF IK Bygg", KOSTRA og andre offentlig tilgjengelige data, og gjer ei oversikt over tilstandsgraden på kommunen sine formålsbygg.

Ved hjelp av simuleringar kan ein på ein enkel måte sjå korleis budsjett og vedtak, knytt til vedlikehald, har konsekvensar for miljø, berekraft og økonomi.

#### Utfordringsbilete

Kvam herad sit på ein stor bygningsmasse og har per idag verken ressursar eller økonomi nok til å forvalte alle desse bygga på ein tilstrekkeleg måte.

I tillegg visar, ikkje berre framtidsbilete, men allereie notidsbilete, ei demografiutvikling med færre fødde barn og fleire eldre. Med dette kjem endra behov og endra bruk av dei kommunale bygga.

For å sikre ei berekraftig egedomsforvaltning er me nøydd til å sjå heilheitsbilete og mellom anna vurdere å kvitta oss med bygg som har for stort vedlikehaldsetterslep eller som ikkje lengre er teneleg til våre formål, jf. tilstandsklasse C i egedomsstrategien. Ved å sjå på heilheitsbiletet meinast det at det òg må takast ei vurdering på om bygga me har kan nyttast til andre tenester enn det dei vert nytta til i dag. I mange tilfelle vil slik bruksendring krevje kostbare tilpassingar som gjer at det ikkje alltid er like tenleg å bruke bygget til andre formål likevel.

Kvam herad skal snart i gang med kartlegging av tenestestrukturen og ein vil då få eit meir eigna blick på framtidsbilete og framtidsbehova for dei store tenesteområda i kommunen. Med dette kjem òg infrastrukturelle behov, som mellom anna eigedom.

## Tidstjuvar

### Internkontrollar

Det ligg mykje ansvar og oppgåve, utover vanleg vedlikehald, til det å eige bygg som bind opp tid og ressursar. Mellom anna skal det jamleg gjennomførast internkontrollar for å sikre at systema og rutinane fungerer, og for å sørgje for at problem og utfordringar blir fanga opp. Dette er lovpålagte oppgåver som er viktig for å sikre korrekt bruk av bygga og redusere unødig slitasjebruk, jf. [internkontrollforskrifta](#). Mange av desse lovkrava klarar ein ikkje å oppfylle i tilstrekkeleg grad idag.

### Utleige av kommunale bygg og bustader

Kvam herad leiger ut både kommunale bygg og bustader. Med dette kjem administrering, oppfølging, tilrettelegging, vedlikehald og andre reparasjonar. Særskilt ved utskifting av leigetakar ser ein ofta behov for å iverksetje uplanlagte tiltak. Bustader har eit eige tenestekapittel der ein kan lese meir om dette tenesteområdet.

Kommunen har òg valt å ha gratis utleige av kommunale bygg til frivillige lag og ideelle organisasjonar i Kvam. Med slik utleige ber kommunen driftskostnadane åleine, som drift- og lønnskostnadar til administrering og tilrettelegging/tilrigg, samt reinhald, forbruksmateriell, straum o.l.

### Intern bistand

I tillegg til å drifte og forvalte eigedommane blir eigne ressursar nytta til å bistå andre einingar i Kvam herad ved behov, i form av tilrigg, montering, flytting m.m. Eigedomsstrategien har avdekket at dei tilsette i FDVU (Forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling) brukar 13 % av tida si til dette.

## Gebyrliste

### Eigedomsgebyr

#### For eigedomsskatteåret 2025 gjeld fylgjande:

§ 1. Eigedomsskatt vert skriven ut på alle faste eigedomar i Kvam herad, jfr. [eigedomsskattelova §3](#) bokstav a.

§ 2. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille, jfr. eigedomsskattelova [§10](#) og [§11](#) første ledd. I medhald av eigedomsskattelova [§12](#), bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustadeigedomar og fritidseigedomar sett til 4 promille.

Botnfrådraget vert i 2025 sett til kr 350 000,-.

---

Innbyggjerane kan sjølv velje mellom fire alternativ. Faktura 1, 2, 4 eller 12 gongar i året. Oversikten under viser når det er forfall i dei ulike alternativa.

Vassmålar vert avlese 2 gongar i året, og heile forbruket vil bli fakturert i påfølgande månad.

|                                 | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des |
|---------------------------------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| <b>Forfall 1 gong i året</b>    |     |     |     | x   |     |     |     |     |     |     |     |     |
| <b>Forfall 2 gongar i året</b>  |     |     |     | x   |     |     |     |     |     | x   |     |     |
| <b>Forfall 4 gongar i året</b>  | x   |     |     | x   |     |     | x   |     |     | x   |     |     |
| <b>Forfall 12 gongar i året</b> | x   | x   | x   | x   | x   | x   | x   | x   | x   | x   | x   | x   |
| <b>Vassmålar (forbruk vatn)</b> |     |     |     |     |     | x   |     |     |     |     |     | x   |

Val av terminar vert gjort på denne nettsida: [Min eigedom](#)

Slamtøming - gebyr i medhald til "Forskrift for Kvam herad for innsamling av forbruksavfall, tømning av slamavskiljarar m.v. og for avfallsgebyr" av 09.12.93.

Gebyr i medhald til "Vass- og avlaupsforskrift for Kvam herad", vedteke å sende ut på høyring av Kvam heradsstyre, sak 99/24 25.09.24.

Forbruksgebyr blir betalt av abonnentar med bustad - eller fritidshus enten etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>, eller stipulert forbruk basert på utrekna bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m<sup>3</sup>. Næringseigedomar skal ha vassmålar i henhold til forskrift.

Stipulert forbruk vert basert på utrekna bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m<sup>3</sup>. Omrekningsfaktor for stipulert forbruk for m<sup>3</sup> /m<sup>2</sup> for bustad og fritidshus vert fastsett i samband med det årlege gebyrvedtaket.

Omrekningsfaktoren for stipulert årleg forbruk er 1,2 m<sup>3</sup> per m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) for bustad og 0,6 m<sup>3</sup> per m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) for fritidsbustad.

#### Særlege vilkår for tilknytningsgebyr:

For jordbruksverksemd vert tilknytningsgebyret rekna ut for samla bruksareal av våningshus og driftsbygning. For øvrige bygg vert det rekna separat tilknytningsgebyr etter vanlege reglar.

For bustad skal eingongsgebyret for tilknytning for høvevis vassforsyning og avlaup utgjera eit fast beløp pr. eining.

For andre bygg (til dømes næringsbygg) skal eingongsgebyret utgjera eit fast beløp pr. bygg, men pr. eigedom dersom eit bygg er oppdelt i fleire eigedomar, til dømes gjennom seksjonering.

## Vatn

| Gebyr                                                                        | Eining             | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % |
|------------------------------------------------------------------------------|--------------------|-----------|-----------|--------------|-------------|
| Abonnementsgebyr (fast gebyr)                                                | pr. år             | 3 363,0   | 3 519,0   | 156,0        | 4,6%        |
| Forbruksgebyr (målt eller stipulert)                                         | pr. m <sup>3</sup> | 29,5      | 28,4      | -1,1         | -3,7%       |
| Oppmøte i samband med avstenging og påsetjing av vatn ved manglande betaling |                    | 2 365,0   | 2 462,0   | 97,0         | 4,1%        |
| Oppmøte i samband med kontroll ved fritak §6                                 |                    | 1 262,0   | 1 314,0   | 52,0         | 4,1%        |
| Tilknytingsgebyr                                                             |                    | 13 025,0  | 13 025,0  | 0,0          | 0,0%        |

## Avlaup

| Gebyr                                        | Eining             | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % |
|----------------------------------------------|--------------------|-----------|-----------|--------------|-------------|
| Abonnementsgebyr (fast gebyr)                | pr. år             | 2 513,0   | 3 605,0   | 1 092,0      | 43,5%       |
| Forbruksgebyr (målt eller stipulert)         | pr. m <sup>3</sup> | 24,7      | 29,8      | 5,1          | 20,6%       |
| Oppmøte i samband med kontroll ved fritak §6 |                    | 1 262,0   | 1 314,0   | 52,0         | 4,1%        |
| Tilknytingsgebyr                             |                    | 13 025,0  | 13 025,0  | 0,0          | 0,0%        |

## Slamtøming

| Gebyr                                             | Eining                    | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % |
|---------------------------------------------------|---------------------------|-----------|-----------|--------------|-------------|
| 0-4 kbm, tøming annakvart år, bustadhus           | pr. tank pr. år           | 1 623,0   | 1 623,0   | 0,0          | 0,0%        |
| 0-9,5 kbm, tøming annakvart år, bustadhus         | pr. tank pr. år           | 2 675,0   | 2 675,0   | 0,0          | 0,0%        |
| 2 bustadeiningar på same tank                     | pr. bustadeining pr. år   | 1 385,0   | 1 385,0   | 0,0          | 0,0%        |
| 3 bustadeiningar på same tank                     | pr. bustadeining pr. år   | 1 182,0   | 1 182,0   | 0,0          | 0,0%        |
| 4 bustadeiningar på same tank                     | pr. bustadeining pr. år   | 999,0     | 999,0     | 0,0          | 0,0%        |
| 5 bustadeiningar på same tank                     | pr. bustadeining pr. år   | 828,0     | 828,0     | 0,0          | 0,0%        |
| 6 bustadeiningar på same tank                     | pr. bustadeining pr. år   | 728,0     | 728,0     | 0,0          | 0,0%        |
| 7 eller fleire bustadeiningar på same tank        | pr. bustadeining pr. år   | 607,0     | 607,0     | 0,0          | 0,0%        |
| For større tankar, tøming annakvart år, bustadhus | pr. m <sup>3</sup> pr. år | 327,0     | 327,0     | 0,0          | 0,0%        |
| Hytter tilknytt felles slamavskiljaren            | pr. hytte pr. år          | 607,0     | 607,0     | 0,0          | 0,0%        |
| Tøming 4. kvart år per hytte / fritidsbustad      | pr. år                    | 891,0     | 891,0     | 0,0          | 0,0%        |

## Feiing

| Gebyr                                                | Eining   | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % |
|------------------------------------------------------|----------|-----------|-----------|--------------|-------------|
| Feiing av pipe                                       | pr. time | 470,0     | 552,0     | 82,0         | 17,4%       |
| Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg                   | pr. år   | 480,0     | 552,0     | 72,0         | 15,0%       |
| Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg, fleire piper/løp | pr. pipe | 240,0     | 276,0     | 36,0         | 15,0%       |
| Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg, fritidsbustad    | pr. år   | 480,0     | 552,0     | 72,0         | 15,0%       |

## Feiing av pipe

Per mannskap, per påbegynte time

## Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg

| Skyss og kostgodgjersle, omfordeling                                               | -5           | -5           | -5           |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                       | <b>317</b>   | <b>415</b>   | <b>463</b>   |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                        | <b>163</b>   | <b>163</b>   | <b>163</b>   |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                  | <b>235</b>   | <b>-161</b>  | <b>240</b>   |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                     | <b>7 735</b> | <b>7 339</b> | <b>7 740</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                  |              |              |              |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                | 12           | 20           | 20           |
| Indirekte kostnader på sjølvkost, B2025                                            | -15          | -15          | -15          |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                       | 89           | 140          | 140          |
| N002 Hardangerrådet , justert budsjett 2025-2027 etter vedtak i Hardangerrådet IKS | -120         | -100         | -78          |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                            | 2            | 2            | 2            |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                              | <b>-31</b>   | <b>48</b>    | <b>70</b>    |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                                        | <b>-31</b>   | <b>48</b>    | <b>70</b>    |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                                             | <b>7 703</b> | <b>7 387</b> | <b>7 810</b> |

## Prioriteringar i økonomiplanen

Det er viktig å halda fram arbeidet med å gjera politiske møter og prosessar tilgjengeleg for innbyggjarane våre. Utviklinga andre stadar i verda har vist at me ikkje kan ta demokrati for sjølvst, og det er svært viktig å oppretthalda tillit til det politiske systemet vårt.


Det er ikkje foreslått innsparingar frå administrasjon på tenesteområdet, det vert opp til politikarane sjølve å koma med innspel. Tidlegare føreslåtte innsparingstiltak har vert å leggja møter til kveld, redusera tal møter og leggja ned utval som ikkje er lovpålagde.

Det er stortingsval i 2025 og budsjett er derfor justert i samsvar med dette. Utføring av val vil krevja ekstra ressursar, det vert i hovudsak løyst på tvers av tenesteområder.

Opplæring av politikarane vil halda fram i 2025.

Kvam herad vart årets ungdomskommune i 2023 og skal arrangera den store ungdomskonferansen hausten 2025. Kvam ungdomsråd har hatt auka aktivitet sidan hausten 2023, det vil halda fram tom hausten 2025.

## Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



## Driftsbudsjett

### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                  | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan |       |             |
|------------------|-----------|----------|--------------|-------------|-------|-------------|
|                  | 2023      | 2024     | 2024         | 2025        | 2026  | 2027 2028   |
| Politisk styring | 5 857     | 6 408    | 6 754        | 6 666       | 6 318 | 6 737 6 411 |

# Økonomiplan for 2025-2028

|                      | Rekneskap    | Budsjett     | Rev.budsjett | Økonomiplan  |              |              |              |
|----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
|                      | 2023         | 2024         | 2024         | 2025         | 2026         | 2027         | 2028         |
| Kontroll og revisjon | 948          | 1 272        | 1 310        | 1 242        | 1 244        | 1 244        | 1 244        |
| <b>Sum</b>           | <b>6 805</b> | <b>7 680</b> | <b>8 064</b> | <b>7 908</b> | <b>7 562</b> | <b>7 981</b> | <b>7 655</b> |

## Administrasjon

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Administrasjon](#)

Nokre budsjettpostar vert lagt på administrasjonsområdet i starten av året, før det vert fordelt til aktuelle tenesteområde gjennom året.

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                  | Økonomiplan   |               |               |
|--------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                    | 2025          | 2026          | 2027          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                            | <b>49 589</b> | <b>49 589</b> | <b>49 589</b> |
| Sum Tekniske justeringer                                           | 799           | 799           | 799           |
| Sum Vedtak forrige periode                                         | -3 352        | -4 525        | -4 542        |
| <b>Budsjettendringar</b>                                           |               |               |               |
|                                                                    | 41            | 41            | 41            |
|                                                                    | 0             | 0             | 0             |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                        | 0             | 0             | 0             |
| Auke i budsjettamma knytt til kommunale avgifter på kommunale bygg | 24            | 24            | 24            |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                    | 5             | 5             | 5             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                              | -31           | -31           | -31           |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024               | 0             | 0             | 0             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024           | -56           | -56           | -56           |
| Forsikring - rette på teneste                                      | 1 183         | 1 183         | 1 183         |
| Innsparing - Bedriftshelseteneste                                  | -50           | -50           | -50           |
| Innsparing - Kontormateriell HR                                    | -15           | -15           | -15           |
| Innsparing - Lokale til leiarsamling, verneombodssamling           | -100          | -100          | -100          |
| Innsparing - redusere innetemperatur med 1 grad                    | -35           | -35           | -35           |
| Innsparing: Sei opp lisensavtalen med Arkivplan frå 2025           | -14           | -14           | -14           |
| Innsparing: Ta ned reinhaldsfrekvens                               | -306          | -306          | -306          |
| Interne endringar på konto, teneste og diversekode                 | -41           | -41           | -41           |
| IT - sikkerhetsforum Indre vestland                                | 200           | 200           | 200           |
| L170 3 årig lisens, flytt midlar i økonomiplanperioden             | -150          | -150          | 300           |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                                                                                       | Økonomiplan   |               |                |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|----------------|
|                                                                                                                         | 2025          | 2026          | 2027           |
| Lisens 3 årig -periodisering mellom år                                                                                  | -150          | -150          | 0              |
| Norsk Helsenett - flytt budsjett frå IT27 til L307                                                                      | 0             | 0             | 0              |
| Realisering av innsparingskrav_Teknisk                                                                                  | 34            | 34            | 34             |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                                                        | 2 260         | 2 916         | 3 243          |
| Skyss og kostgodgjersle, omfordeling                                                                                    | 5             | 5             | 5              |
| Splitte lønnskonto vedlikehaldsarbeidarar FDV                                                                           | 130           | 130           | 130            |
| Teknisk justering av ramme mot nytt budsjett 2024                                                                       | 15            | 15            | 15             |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                                                            | <b>2 949</b>  | <b>3 604</b>  | <b>4 532</b>   |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                                                             | <b>-994</b>   | <b>-994</b>   | <b>-994</b>    |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                                                       | <b>-598</b>   | <b>-1 116</b> | <b>-205</b>    |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                                                          | <b>48 991</b> | <b>48 473</b> | <b>49 384</b>  |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                                                |               |               |                |
| Innsparing : Pott for overlappande stillingar, fjern restmidlar                                                         | -480          | 0             | 0              |
| Innsparing: Kjøp fondsandelar istadenfor direkte obligasjonar for å spare på forvaltningsutgifter (1/2 års effekt 2025) | -125          | -250          | -250           |
| Innsparing: Kutta gåver for tilsette som fyller 50 år                                                                   | -20           | -20           | -20            |
| Innsparing: Selge Strandebarnsheimen                                                                                    | -60           | -60           | -60            |
| Innsparing: Selge Ålvik trygdebustader                                                                                  | -13           | -13           | -13            |
| Innsparing: ytterlegare reduksjon i tenestenivå                                                                         | 0             | -5 000        | -15 000        |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                                                            | <b>-698</b>   | <b>-5 343</b> | <b>-15 343</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                                                       |               |               |                |
| 19-teneste til fordeling                                                                                                | 57            | 57            | 57             |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                     | 99            | 156           | 156            |
| Indirekte kostnader på sjølvkost, B2025                                                                                 | -510          | -510          | -510           |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                            | -122          | 287           | 287            |
| Premieavvik og aga på pensjon justert etter aktuar 2025-2034_B2025                                                      | 0             | 0             | 0              |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                                                                 | 23            | 23            | 23             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                                                                   | <b>-453</b>   | <b>13</b>     | <b>13</b>      |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                                                                             | <b>-1 151</b> | <b>-5 330</b> | <b>-15 330</b> |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                                                                                  | <b>47 841</b> | <b>43 144</b> | <b>34 055</b>  |


### Prioriteringar i økonomiplanen

Me går inn i ein krevjande periode for administrativt tilsette. Det er svært mange prosessar og prosjekt på gang som krev ekstra administrative ressursar. Særleg gjeld dette dei tilpassingane me må gjera i organisasjonen for å møte demografiutfordringane og oppfølging av klimatiltak. På toppen kjem no innsparingsprogram som normalt er ein av dei mest krevjande prosessane å administrera i ein kommune. Samstundes som eit innsparingsprogram treng administrasjon, må også innsparingar i administrative ressursar vurderast.

Administrative stillingar i kommunen er få innanfor eit fagområde, samstundes som fagmiljø er attraktivt for søkjarar. Kvam herad er heldig som har ein storleik som gjer at me har klart å laga fagmiljø innanfor dei fleste område, samstundes som at me er så små at dei tilsette får variasjon i arbeidsdagen. Me opplever likevel i stadig større grad at det er vanskelegare å få rekruttert inn ynskt kompetanse i desse stillingane. Generelt fører den låge arbeidsløysa at HR og leiarar må bruka meir tid på å følgja opp tilsette gjennom heile prosessen frå tilsetjing til avslutning av arbeidsforhold.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

## Økonomiplan for 2025-2028



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                              | Rekneskap     | Budsjett      | Rev.budsjett  | Økonomiplan   |               |               |               |
|----------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                                              | 2023          | 2024          | 2024          | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          |
| Administrasjon                               | 44 012        | 45 881        | 47 019        | 44 667        | 39 415        | 30 243        | 24 056        |
| Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen | 3 738         | 3 800         | 4 492         | 3 851         | 3 845         | 3 842         | 4 454         |
| Administrasjonslokaler                       | 3 711         | 3 774         | 4 054         | 4 010         | 3 894         | 3 891         | 3 905         |
| <b>Sum</b>                                   | <b>51 460</b> | <b>53 456</b> | <b>55 565</b> | <b>52 528</b> | <b>47 154</b> | <b>37 976</b> | <b>32 414</b> |

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter      | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan  |              |              |              | Sum                 |
|-----------------------------|-----------------------|-------------|--------------|--------------|--------------|--------------|---------------------|
|                             | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025         | 2026         | 2027         | 2028         | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Administrasjon</b>       |                       |             |              |              |              |              |                     |
| 0*IT-investeringar - årlege |                       |             | 1 800        | 1 800        | 1 800        | 1 800        | 7 200               |
| <b>Sum Administrasjon</b>   | <b>0</b>              | <b>0</b>    | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>1 800</b> | <b>7 200</b>        |

### Måltabell

#### Overordna mål

Arkivplan: Sikra arkivet for nåtid og framtid

Bevarings- og kassasjonsplan 1964-2021: Sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon

Digitaliseringsstrategi 2018-2021: Brukarstyrte løysingar som ivaretek informasjonstryggleik

Etterleving av lover og reglar

Godt omdøme og legitimitet

Heilskaleg styring og rett utvikling

Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Aktiv, offensiv og planlagt informasjon

**Overordna mål**

---

Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Fremja demokrati og medverknad

---

Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Sikring av informasjon som ikkje skal vera offentleg

---

Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Tilgjengeleg informasjonsmateriell

---

Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Tilpassa informasjon

---

Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjon

## Barnehagar

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Barnehagar](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                                                                                       | Økonomiplan    |                |                |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                                                                                         | 2025           | 2026           | 2027           |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                                                                                 | <b>102 180</b> | <b>102 180</b> | <b>102 180</b> |
| Sum Tekniske justeringar                                                                                                                | 1 458          | 1 458          | 1 458          |
| Sum Vedtak forrige periode                                                                                                              | 33             | -1 643         | -2 272         |
| <b>Budsjettendringar</b>                                                                                                                |                |                |                |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                                                                             | 0              | 0              | 0              |
| Auke i budsjetttramma knytt til kommunale avgifter på kommunale bygg                                                                    | 82             | 82             | 82             |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                                                                                         | 33             | 33             | 33             |
| Barnehage brukerbetaling                                                                                                                | 574            | 896            | 896            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024_oppvekst                                                                                          | -6             | -6             | -6             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                                                                                    | 4              | 4              | 4              |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                                                                                | 72             | 72             | 72             |
| Forsikring - rette på teneste                                                                                                           | -7             | -7             | -7             |
| Innparingsprogram Oppvekst                                                                                                              | -3 407         | -2 800         | -2 800         |
| Innsparing - redusere innetemperatur med 1 grad                                                                                         | -65            | -65            | -65            |
| Reinhald ferievikar - rette på teneste                                                                                                  | -310           | -310           | -310           |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                                                                        | 4 645          | 5 972          | 6 635          |
| Splitte lønnskonto vedlikehaldsarbeidarar FDV                                                                                           | 45             | 45             | 45             |
| Tidsforskyv deler av ramma frå 2024 til 2025 for tiltaket : stipendordning til studentar som vil utdanna seg innanfor oppvekst og helse | 450            | 0              | 0              |
| Tilskot privat barnehage FUS justert 2024                                                                                               | 1 750          | 1 750          | 1 750          |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                                                                            | <b>3 859</b>   | <b>5 665</b>   | <b>6 329</b>   |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                                                                             | <b>1 256</b>   | <b>1 256</b>   | <b>1 256</b>   |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                                                                       | <b>6 606</b>   | <b>6 736</b>   | <b>6 770</b>   |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                                                                          | <b>108 786</b> | <b>108 916</b> | <b>108 950</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                                                                |                |                |                |
| Innsparing: Barnehage - kun gje plass til barn med lovfesta rett og søkt innan 1. feb                                                   | -3 000         | -6 600         | -6 600         |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                                  | Økonomiplan    |                |                |
|--------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                    | 2025           | 2026           | 2027           |
| Innsparing: Barnehage - reduksjon i ramma                          | -500           | -1 500         | -1 500         |
| Innsparing: Feriestengt i barnehage                                | -936           | -936           | -936           |
| Innsparing: Medlemsskap, lisensar og avtalar i oppvekst            | 0              | -25            | -25            |
| Innsparing: Oppvekst - redusera antal lærlingar                    | -500           | -500           | -1 000         |
| Innsparing: Søskenmoderasjon i barnehage og SFO                    | -251           | -715           | -715           |
| Innsparing: Vikarkoordinator og administrasjonsressurs i barnehage | -229           | -496           | -496           |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                       | <b>-5 416</b>  | <b>-10 772</b> | <b>-11 272</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                                  |                |                |                |
| 19-teneste til fordeling                                           | 199            | 199            | 199            |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                | 283            | 448            | 448            |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                       | 1 046          | 2 219          | 2 219          |
| Premieavvik og aga på pensjon justert etter aktuar 2025-2034_B2025 | 0              | 0              | 0              |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette            | 41             | 41             | 41             |
| Tilskot til private barnehagar i 2025                              | 5 351          | 5 351          | 5 351          |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                              | <b>6 920</b>   | <b>8 259</b>   | <b>8 259</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                        | <b>1 505</b>   | <b>-2 513</b>  | <b>-3 013</b>  |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                             | <b>110 291</b> | <b>106 404</b> | <b>105 938</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

#### Kostratal:

- 93,89% av barna i Kvam hadde barnehageplass i 2023
- I 2023 gjekk 448 barn, i alderen 1-5 år, i barnehagane, mot 464 i 2022
- Kvam herad brukte kr. 13.345 på netto driftsutgifter pr. innbyggjar til barnehage i 2023, medan samanliknande kommunar brukte kr. 10.160.
- Nedgang i barnetalet: Det vart født 97 barn i Kvam i 2023, mot 81 i 2022. Fødselstala gjev ein peikepinn på antal barn som kjem til å søkja plass det neste året, medan tal barn som kjem flyttande til Kvam og søkjer gjennom året er ulikt frå år til år.
- Gjennomsnittleg bemanning i Noreg var 5,6 barn per voksen i 2023, mot 5,1 barn per voksen i Kvam. Dette heng saman med auka grunnbemanning på 6,15 årsverk (budsjettvedtak for 2022 og 2023) som er fordelt, i ulike stillingsstørrelsar, på barnehagane

#### Politiske vedtak:

- Frå og med hausten 2023 fekk barnehagane tildelt rammer til bemanning, slik at bemanninga er stor nok til at barnehagane kan gje tilbod om plass gjennom året til born barnehagen har ledig plass til
- I budsjettvedtak for 2022 og 2023 vart barnehage tilført midlar til styrking av grunnbemanning og til auka administrasjonsressurs. Den auka administrasjonsressursen vart brukt til å tilsetja vikarkoordinator/administrasjonsmedarbeidar i 1,2 årsverk. Den skal avlasta styrar og pedagogisk leiarar med å få tak i vikarar. Stillinga inneberer òg å avlasta styrarane i Sjødnahaugen, Bjørketeigen og Norheimsund barnehage med enkelte administrative oppgåver

### Prioriterte område - beskyttande faktorar

I økonomiplanperioden ønskjer barnehage å halda fram med å prioritera dei beskyttande faktorane relatert til Oppvekstplanen

- Trygge vaksne
- Høg kvalitet på opplæringa
- Mangfald vert sett på som ein ressurs

Barn har behov for å møta trygge og stabile vaksne som kjenner og forstår det einskilde barnet. Grunna utfordringar med høgt fråvær i barnehagane er det mange barn som dagleg møter ukjende vikarar utan erfaring. Forsking viser at barn i barnehagen som opplever personale med stort sjukefråvær har lågare kapasitet til læring i starten av skuleløpet. Dei utvalde beskyttande faktorane må jobbast med over tid for å sikra at barn opplever tryggleik, trivsel, mestring og tilhøyrslø. I ei tid med stort fråvær er det viktig at arbeidet med trygge vaksne og høg kvalitet på opplæringa vert vidareført. Barnehagane skal utjamne sosiale forskjellar, og vera ein trygg stad for fellesskap, vennskap, meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Dette krev at barnehagane har kompetente tilsette som er på arbeid og gjev barna stabile dagar i barnehagen.

### Satsingar dei siste åra

- 4 årsverk spesialpedagog, i ulike stillingsstorleik, fordelt på barnehagane. Dei skal sikra ei heilskapstenking rundt barn når det gjeld allmenn- og spesialpedagogikk. PPT deltek på lågterskelrundar og melder om færre tilmeldingar frå barnehage etter at støttesystemet i barnehage vart innført
- 10% stilling til rettleiing av nyutdanna lærarar i barnehage
- «Bli i jobben» prosjekt for å redusera sjukefråværet og få folk til å bli i jobben sin
- Regional ordning for kompetanseheving i barnehage (Rekom)
- Kompetanseheving innan psykososialt barnehagemiljø, kap. 8 i barnehageloven
- Kurs til tilsette og føresette i "Sjå barnet innanfrå" med utgangspunkt i Circle of security (COS) - Tryggleikssirkelen
- Leiaropplæring for pedagogisk leiarar og styrarar

### Innsparingar og konsekvensar for tilbodet, tilsette og attraktivitet

Rådmannen vurderer at satsingane til Kvam herad med auka grunnbemanning, spesialpedagogar i kvar barnehage og rettleiing til nyutdanna må vurderast i ein heilskap i vidare arbeid med innsparingsprosessen. Tiltaka er knytt tett saman og justeringar/endringar vil påverka heilskapen. Satsingane har innverknad kvaliteten på tilbodet, rekruttering/behalda personalet og i beste fall redusera sjukefråværet.

#### *Konsekvensar ved å kun gje tilbod om barnehageplass til dei med lovfesta rett*

Tiltaket kan få konsekvensar for familiar som flyttar til Kvam herad i løpet av året, og dei som ikkje søker barnehageplass ved hovudopptaket. Barnehagane kan få utfordringar i forhold til organisering av barnegrupper sidan dei ikkje får fylt opp avdelingane ved barnehageoppstart. Det kan t.d. vera veldig få barn på ei avdeling som igjen er utfordrande når det gjeld organisering av dagen. Det kan ha positiv effekt på barnegruppene som vert stabile gjennom året. Eit slikt tiltak vil redusera administrative oppgåver knytt til barnehageopptak gjennom året, organisering av barnegrupper og tilvenning.

#### *Konsekvensar ved feriestengd barnehage*

Lågare utgifter til ferievikarar og mindre administrasjonstid for styrarane for å sikra nok personale i ferieavvikling. Med noverande ordning (3 veker stengt) leiger ein inn vikarar når tilsette skal ta ut den 4, 5 og 6 ferieveka. Feriestengd barnehage (4 veker) fører til at det kun er behov for budsjett til den 6. ferieveka, som gjeld eit fåtall av tilsette. Utdanningsforbundet og Fagforbundet i Kvam gjennomførte ei spørjeundersøking våren 2024, der over 80% av pedagogane i barnehage svara. Nesten halvparten svara at forslaget vil vera ein positiv faktor for "å bli i jobben".

Erfaring viser at veldig mange barn tek ferie i veke 27 og 31 (sommarferie), i “mellomdagane” i påsken og jula. Føresette må melda barnet sitt på desse dagane. Registrering i MyKid viser at mange melder seg på, men nyttar likevel ikkje tilbodet. Det er utfordrande å bemanna barnehagen ut ifrå påmelding når behovet viser seg å ikkje vera reelt, og plassen ikkje vert nytta. Tiltaket vil redusera administrasjonstid for å sikra nok personale i ferieavvikling. Personale vil ofte ha ferie i same periode, og det må prioriterast kven som skal få fri. Tiltaket vil medføra at alle tilsette og barn har fri samstundes, noko som vil vera positivt for barna sidan personale ikkje skal avvikla ferie gjennom året i tillegg til fråvær knytt til sjukdom. Personalgruppa vil verta meir stabil og trygg for barna. Nokre tilsette vil oppleva det som positivt å vita at ein får fri jul og påske, og faste veker om sommaren. Det kan gjera det lettare med tanke på t.d. planlegging av ferie. Tiltaket kan få negative konsekvensar for føresette og personale når det gjeld å få bestemma bruk av den fjerde og femte ferieveka. I tillegg kan det få konsekvensar for føresette sin arbeidsgjevar iht. bemanning i feriar og høgtider.

### *Konsekvensar ved å avvikle søskenmoderasjon i barnehage og SFO*

Om fjering av søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO får vesentlege økonomiske konsekvensar for føresette, kan føresette søkja om redusert foreldrebetaling.

### *Konsekvensar ved reduksjon i ramma*

Lønnsutgifter er det største utgifta til tenesta og driftsbudsjettet er forholdsvis lågt. Barnehagane må sjå på midlar som er av større art som t.d. kursmidlar og midlar til arbeidskle. Konsekvensar ved å spara inn på klebudsjettet kan vera at t.d. kun nye får arbeidskle i 2025. Konsekvensar ved reduksjon i kursmidlar kan vera at færre barnehagetilsette får ny kunnskap. Det kan få konsekvensar for barna og barnehagetenesta på lengre sikt.

### *Konsekvensar ved å halvera årsverk til vikarkoordinator/administrasjonsmedarbeidar i barnehage*

Ved reduksjon til 0,6 årsverk vikarkoordinator/administrasjonsmedarbeidar vert det mindre hjelp til barnehagane med å få tak i vikarar, og opplæring av vikarar. I tillegg vert det mindre tid til å hjelpa styrarar i tre barnehagar med administrative oppgåver og meir administrativt arbeid for alle styrarane. Tiltaket vil få konsekvensar for barn i tida når styrar og pedagogiske leiarar skal få tak i vikar grunna reduksjon i ressursen nytta til vikarkoordinator.

Vikarkoordinatorane har utvikla gode system for formidling av behov og fordeling av vikarar. Stillinga inneberer å ha den fyrste kontakten med vikaren, gjennomføra intervju, henta inn politiattest og signering av teieplikt. I tillegg har dei kurs for nye vikarar og elevar i språkpraksis frå NAV Kvam flyktningteneste, og rekrutteringsarbeid i samarbeid med informasjonsrådgjevar i heradet.

### *Konsekvensar ved reduksjon i lærlingar*


Færre lærlingar får tilbod om læreplass i barnehagar og skular i Kvam herad. Dersom barnetalet aukar og det kjem mange nye tilflyttararar til Kvam kan det bli mangel på fagarbeidarar i barnehage og skule. Barnehagane og skulane vil missa ein viktig ressurs i den daglege drifta når det er færre lærlingar.

### *Konsekvensar ved å redusera medlemskap, lisensar og avtalar*

Administrativt arbeid kan verta meir tungvint for styrarane, pedagogiske leiarar og barnehagetilsette. Planlagde nye lisensar som forenkla arbeidet til leiarar kan verta utsett og gje meirarbeid.

Føreslegne tiltak som auka feriestenging, kutt i søskenmoderasjon, kun tilbod til dei med lovretta plass og reduksjon i vikarkoordinatorstilling vil få konsekvensar for brukar, tilsette og attraktivitet. Rådmannen vurderer likevel at dette er tiltak som ikkje går direkte utover kvaliteten på barnehagetilbodet til barna. Det vil få størst konsekvensar for attraktiviteten, tilsette og føresette som ikkje får barnehageplass gjennom året, mindre valfridom ved uttak av ferie, høgare foreldrebetaling og auka arbeidsmengd for tre styrarar.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                 | Rekneskap      | Budsjett       | Rev.budsjett   | Økonomiplan    |                |                |                |
|---------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                 | 2023           | 2024           | 2024           | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           |
| Førskole                        | 91 084         | 91 509         | 93 850         | 99 811         | 94 205         | 93 513         | 95 847         |
| Styrket tilbud til førskolebarn | 10 007         | 10 117         | 9 709          | 12 196         | 12 146         | 12 118         | 12 238         |
| Førskolelokaler og skyss        | 12 419         | 11 833         | 12 164         | 12 717         | 12 499         | 12 488         | 12 536         |
| <b>Sum</b>                      | <b>113 510</b> | <b>113 459</b> | <b>115 722</b> | <b>124 724</b> | <b>118 850</b> | <b>118 119</b> | <b>120 622</b> |

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

|                               | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan |      |      |      | Sum                 |
|-------------------------------|-----------------------|-------------|-------------|------|------|------|---------------------|
|                               | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025        | 2026 | 2027 | 2028 | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Investeringsprosjekter</b> |                       |             |             |      |      |      |                     |
| <b>Barnehagar</b>             |                       |             |             |      |      |      |                     |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Investeringsprosjekter                              | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan |            |            |            | Sum                 |
|-----------------------------------------------------|-----------------------|-------------|-------------|------------|------------|------------|---------------------|
|                                                     | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025        | 2026       | 2027       | 2028       | Økonomiplan 2025-28 |
| 0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg            |                       |             | 188         | 188        | 188        | 188        | 750                 |
| 0*ENØK: Prosjektering - Varmepumpe Bjørketeigen bhg | 375                   | 0           | 375         | 0          | 0          | 0          | 375                 |
| <b>Sum Barnehagar</b>                               | <b>375</b>            | <b>0</b>    | <b>562</b>  | <b>188</b> | <b>188</b> | <b>188</b> | <b>1 125</b>        |

## Måltabell

### Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Oppvekstplanen: Barnehagen skal ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehage og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen.

Oppvekstplanen: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer.

## Grunnskuleopplæring

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Grunnskuleopplæring](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                    | Økonomiplan    |                |                |
|----------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                      | 2025           | 2026           | 2027           |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                              | <b>178 972</b> | <b>178 972</b> | <b>178 972</b> |
| Sum Tekniske justeringer                                             | 1 699          | 1 699          | 1 699          |
| Sum Vedtak forrige periode                                           | -5 104         | -11 591        | -12 698        |
| <b>Budsjettendringar</b>                                             |                |                |                |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                          | 0              | 0              | 0              |
| Auke i budsjetttramma knytt til kommunale avgifter på kommunale bygg | 299            | 299            | 299            |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                      | 60             | 60             | 60             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024_oppvekst                       | 6              | 6              | 6              |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                 | 6              | 6              | 6              |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024             | 465            | 465            | 465            |
| Forsikring - rette på teneste                                        | -41            | -41            | -41            |
| Gjestelevsar skule                                                   | 388            | 0              | 0              |
| HST 064/24 Evaluering av miljøretteleiarstillingane i Kvammaskulen   | 3 014          | 3 014          | 3 014          |
| Innparingsprogram Oppvekst                                           | -600           | -600           | -600           |
| Innsparing - redusere innetemperatur med 1 grad                      | -170           | -170           | -170           |
| Innsparing: Ta ned reinhaldsfrekvens                                 | -478           | -478           | -478           |
| Korrigerer teneste                                                   | 0              | 0              | 0              |
| Reinhald ferievikar - rette på teneste                               | 310            | 310            | 310            |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                     | 8 151          | 10 480         | 11 645         |
| SFO auka ressursar                                                   | 1 020          | 1 020          | 1 020          |
| SFO brukarbetaling                                                   | 327            | 543            | 543            |
| Skule - nytt vikarbudsjett                                           | 1 339          | 1 339          | 1 339          |
| Skule auke ressursar skuleår 24/25                                   | 465            | 0              | 0              |
| Splitte lønnskonto vedlikehaldsarbeidarar FDV                        | -692           | -692           | -692           |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                         | <b>13 870</b>  | <b>15 561</b>  | <b>16 727</b>  |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                          | <b>1 161</b>   | <b>1 161</b>   | <b>1 161</b>   |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                    | <b>11 626</b>  | <b>6 830</b>   | <b>6 889</b>   |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                                                      | Økonomiplan    |                |                |
|----------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                                        | 2025           | 2026           | 2027           |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                         | <b>190 598</b> | <b>185 802</b> | <b>185 861</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                               |                |                |                |
| Innsparing : Pott for overlappande stillingar, fjern restmidlar                        | -770           | 0              | 0              |
| Innsparing skule - reduksjon i ramma                                                   | -400           | -1 500         | -2 000         |
| Innsparing: Struktur skule                                                             | -1 000         | -2 000         | -4 000         |
| Innsparing: Alternativ opplæringsarena i skule                                         | -100           | -100           | -100           |
| Innsparing: Foreldreveiledning i introduksjonsprogrammet                               | -150           | 0              | 0              |
| Innsparing: Medlemsskap, lisensar og avtalar i oppvekst                                | 0              | -75            | -75            |
| Innsparing: Merkantil ressurs i skule                                                  | -140           | -280           | -280           |
| Innsparing: Reduksjon sentral kurspott med 0,1 mnok fordelt på ulike tenester fom 2025 | -20            | -20            | -20            |
| Innsparing: Redusere reinhaldskostnader frå 2026                                       | 0              | -70            | -140           |
| Innsparing: Stenge bassenget i Ålvik                                                   | 0              | -250           | -250           |
| Innsparing: Særskild språkopplæring i skule                                            | -180           | -180           | -180           |
| Innsparing: Søskenmoderasjon i barnehage og SFO                                        | 83             | -102           | -102           |
| Innsparing: Tilbakeføring av restmidlar til lærebøker                                  | -1 600         | 0              | 0              |
| Innsparing: Vaksenopplæringa - reduksjon i ramma                                       | -300           | -600           | -1 000         |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                           | <b>-4 576</b>  | <b>-5 177</b>  | <b>-8 147</b>  |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                      |                |                |                |
| 19-teneste til fordeling                                                               | 342            | 342            | 342            |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                    | 518            | 821            | 821            |
| Estimat tilskot frå lmdi grunnskule                                                    | -648           | -648           | -648           |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                           | 2 311          | 4 459          | 4 459          |
| Mellomsbels lokaler for vaksenopplæringa                                               | -300           | 300            | 0              |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                                | 51             | 51             | 51             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                                  | <b>2 274</b>   | <b>5 324</b>   | <b>5 025</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                                            | <b>-2 302</b>  | <b>148</b>     | <b>-3 122</b>  |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                                                 | <b>188 296</b> | <b>185 950</b> | <b>182 739</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

#### Beskriv kva tenester som er levert utover grunn-nivået:

Kommunen har ei plikt til å gi eit grunnskuletilbod. Som eit minimum må kommunen ha ein grunnskule og eit SFO tilbod. Å driva grunnskule inneber at elevane får den opplæringa dei har rett på, og plikt til å delta i jmf krav i opplæringslova. For å drifta grunnskule i tråd med lovkrava må grunnmuren i grunnskuledrifta ha:

- Trygge og kompetente vaksne i aktive profesjonsfellesskap
- Høg kvalitetet på ordinær og tilrettelagt opplæring
- Mangfald og inkludering
- Trygt og godt skulemiljø
- Gode tenester i laget rundt skulane/barna - BTI

Desse elementa i grunnmuren er i tråd med beskyttande faktorar i Oppvekstplanen.

- Beskyttande faktor: Trygge vaksne
- Beskyttande faktor: Høg kvalitet på opplæringa
- Beskyttande faktor: Mangfald
- Beskyttande faktor: Gode kommunale tenester for barn, unge, gravide og familiar

**For å nå dei langsiktige måla i oppvekstplanen arbeider skulane m.a med ulike utviklings- og systemarbeid:**

- Deltek i Udir/Statsforvaltaren si oppfølgingsordning (frå 2022-2025). Arbeidet er godt i gang og tema for Oppfølgingsordninga er leiarstøtte, trygt og godt skulemiljø og styrking av ordinær opplæring.
- Miljørettteiarane har etablert seg som ei viktig ny faggruppe i alle skulane og har ei særleg rolle i det systematiske og utøvande arbeidet med trygt og godt skulemiljø.
- Leiarane jobbar meir systematisk med utviklingsarbeid og læringsresultat.
- Pedagogane brukar meir tid på resultat, tiltak, metodeval for undervisningsopplegg og vurderingsformer.
- Støttesystemet i ordinær opplæring blir stadig meir implementert i skulane, og ny opplæringslov gjev ei god retning på kva arbeid som må prioriterast. Skulane og PPT skal arbeida tett saman, og PPT skal bidra førebyggjande og vera tett på. Målet er at grunnmuren, der alle skal vera inkluderte i ordinær opplæring, er godt forankra, og det er her, i den ordinære opplæringa, ressursane i stor grad må nyttast. God ordinær og inkluderande opplæring er viktig både førebyggjande og samfunnsøkonomisk.
- Skulane implementerer bruk av handlingsrettteiaeren i Betre tverrfagleg innsats(BTI) for å ha systematikk for å oppdaga tidleg viss det er grunn til å ha uro for eit barn eller ein ungdom og for god oppfølging. Ein digital handlingsrettteiar gjev føringar for kva ein gjer i ulike fasar av oppdaging og oppfølging. Ved å handla etter BTI-modellen sikrar ein eit felles språk på tvers av tenestene, ein tydeleg systematikk i arbeidet, at ein handlar i samsvar med lover og andre overordna forventingar og i samsvar med det me veit er god praksis.
- Utviklar/justerer rutinar og system, og tilbyr tilsette kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning, kurs og ulike satsingar, f.eks oppfølgingsordninga.

**Innsparingar og konsekvensar for brukarane, tilsette og attraktivitet:**


Rådmannen har vurdert ulike område ein kan ha innsparingar på, og kva konsekvensane kan bli for brukarane, tilsette og attraktivitet:

- Nokre av dei konkrete innsparingsframlegga som rådmannen har lagt fram i denne økonomiplanen vil i liten grad påverka satsingane som er skildra ovanfor, men kan på andre måtar påverka tilsette, brukarar og attraktivitet. T.d. må tilsette med foreldrerettteilingskompetanse prioritera vekk nokre av sine noverande arbeidsoppgåver for å imøtekoma lovkrav om å gje foreldrerettteiling til deltakarar i introduksjonsprogrammet. At ramma til lærebøker er redusert, vil ikkje ha ein direkte negativ effekt dei næraste åra fordi skulane pr. no har kjøpt inn nye læreverk i tråd med nye læreplanar. Ramma til særskilt språkopplæring blir redusert noko i tråd med faktisk bruk. Dei elevane som har rett til særskilt språkopplæring får sine rettar dekkja gjennom eksisterande ramme. Å redusera merkantil ressurs på Ålvik og Tørvikbygd skule vil gje rektorane fleire administrative oppgåver enn dei har idag. Ramma til alternativ opplæringsarena vert halvert, og skulane må då dekkja denne delen innanfor eiga ramme. Kvam herad innførte søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO i ei tid der barnehageprisane var høgare enn dei er idag, og før regjeringa innførte 12 t gratis SFO for elevar på 1-3 trinn( 12t utgjør ca 50% sfo-plass). Om fjerning av søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO får vesentelege økonomiske konsekvensar, kan føresette søkja om redusert foreldrebetaling.
- Om ein vel å gjera innsparingstiltak (reduksjon i skulerramma) som rører ved ein eller fleire av dei langsiktige satsingane i skulen, så vil ein truleg i større grad ramma brukarar, tilsette og

attraktivitet. Ved å berøra langsiktige satsingar, meiner rådmannen at det er nødvendig å vurdera konsekvensar før ein gjer justeringar på stillingar/rammer og innhald. Dersom det er nødvendig i samband med innsparingsprogrammet å “byggja om” satsingar i skulen, må ein vita kva “konstruksjonar som er berande i bygget”. Ressursar til undervisning er regulert. Om me vel å fjerna støttesystemet i skule utan å ha vurdert konsekvensane, risikerer me å reversera utviklinga og system som er bygd opp, og konsekvensen kan verta auka kostnad ved meir behov for individuell tilrettelagt opplæring (spesialundervisning). Likeså miljørettleiarstillingane, som har ei viktig rolle med tanke på å ha eit trygt og godt skulemiljø på skulane og lovkrav i samband med arbeidet på dette feltet. Dei er eit gode for elevane, men og for undervisningspersonale og leiarar for kartlegging, analysar og setja inn tiltak. Me har i dag rekrutteringsutfordringar når det gjeld skuleleiing og undervisningspersonale, og desse kan verta større om me tek vekk støttefunksjonar. Andre tiltak som evt. må vurderast, er reduksjon av leiingsressursen innanfor skule. Det er idag utfordrande å levera på alle lovpålagde oppgåver leiarane utfører, særleg med det aukande kravet om dokumentasjon, internkontroll og komplekse elevsaker og vanskar med rekruttering til desse stillingane.

- Det er eit auka arbeidstrøkk i skulane. Lovverk, krav til forsvarleg system, oppfølging og kontrollar, revisjonar, tilsyn, innføring av ny læreplan i skule og SFO, komplekse elevsaker, rekrutteringsutfordringar og sjukefråvær, gjer at tilsette og leiarar strekkjer seg langt for å imøtekomma alle krav. Som rådmannen har signalisert i tidlegare budsjett og økonomiplan er rekrutteringsutfordringa, nye kvalifikasjonskrav og ny lærarutdanning krevjande. Rådmannen vurderer det som nødvendig å vurdera korleis framtidig skulestruktur bør vera for å sikra alle elevane eit godt grunnskuletilbod med kvalifiserte pedagogar og støttefunksjonar i skulen og rundt eleven (t.d PPT). Ut frå dei rekrutteringsutfordringane me står overfor i skule bør vurderingar rundt framtidig skulestruktur gjerast for å sikra alle elevane eit godt skuletilbod i framtida, slik politisk vedtak tilseier. Ein berekraftig skulestruktur tilpassa demografi, økonomiske rammer og rekrutteringsutfordring vil ha innverknad på ressursbruk for tekniske tenester, skulehelsetenesta, PPT og andre tenester i laget rundt elevane.

#### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



#### Driftsbudsjett

## Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                    | Rekneskap      | Budsjett       | Rev.budsjett   | Økonomiplan    |                |                |                |
|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                    | 2023           | 2024           | 2024           | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           |
| Grunnskole         | 145 186        | 159 201        | 166 214        | 168 757        | 165 048        | 162 282        | 162 072        |
| Voksenopplæring    | 8 769          | 9 398          | 9 597          | 8 801          | 8 215          | 7 520          | 7 565          |
| Skolefritidstilbud | 6 534          | 7 372          | 8 317          | 9 968          | 9 607          | 9 586          | 9 678          |
| Skolelokaler       | 26 902         | 25 120         | 26 361         | 27 125         | 26 235         | 26 145         | 26 231         |
| Skoleskyss         | 3 997          | 4 021          | 4 126          | 4 121          | 4 121          | 4 121          | 4 121          |
| <b>Sum</b>         | <b>191 388</b> | <b>205 112</b> | <b>214 616</b> | <b>218 772</b> | <b>213 226</b> | <b>209 654</b> | <b>209 667</b> |

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

|                                                 | Samla prosjektbeløp   |                | Økonomiplan   |               |              |              | Sum                 |
|-------------------------------------------------|-----------------------|----------------|---------------|---------------|--------------|--------------|---------------------|
| Investeringsprosjekter                          | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin.    | 2025          | 2026          | 2027         | 2028         | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Grunnskuleopplæring</b>                      |                       |                |               |               |              |              |                     |
| 0*Digitale tavler til skulane - utskifting      | 5 250                 | 0              | 1 750         | 1 750         | 0            | 0            | 3 500               |
| 0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Strandebarm skule | 5 000                 | 0              | 5 000         | 0             | 0            | 0            | 5 000               |
| 0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg     |                       |                | 3 400         | 3 400         | 1 500        | 1 500        | 9 800               |
| 0*Kommunale funksjonar i Kvam VGS               | 119 500               | -16 000        | 74 776        | 0             | 0            | 0            | 74 776              |
| 0*Norheimsund skule - uteområde                 | 7 625                 | -5 000         | 0             | 7 500         | 0            | 0            | 7 500               |
| 0*Norheimsund skule, moglegstudie               | 625                   | 0              | 625           | 0             | 0            | 0            | 625                 |
| 0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg        |                       |                | 750           | 750           | 750          | 750          | 3 000               |
| 0*Skule - inventar og utstyr - årleg            |                       |                | 188           | 188           | 188          | 188          | 750                 |
| <b>Sum Grunnskuleopplæring</b>                  | <b>138 000</b>        | <b>-21 000</b> | <b>86 489</b> | <b>13 588</b> | <b>2 438</b> | <b>2 438</b> | <b>104 951</b>      |

## Måltabell

## Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Oppvekstplanen: Barnehagen skal ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehage og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen.

Oppvekstplanen: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer.

## Kommunehelse

### Innleiing

Link til beskriving av tenesteområdet: [Kommunehelse](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                                      | Økonomiplan   |               |               |
|----------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                                        | 2025          | 2026          | 2027          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                                | <b>42 785</b> | <b>42 785</b> | <b>42 785</b> |
| Sum Tekniske justeringer                                                               | 108           | 108           | 108           |
| Sum Vedtak forrige periode                                                             | -1 948        | -2 465        | -2 729        |
| <b>Budsjettendringar</b>                                                               |               |               |               |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                            | 0             | 0             | 0             |
| Auke i budsjettamma knytt til kommunale avgifter på kommunale bygg                     | 6             | 6             | 6             |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                                        | 5             | 5             | 5             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                                                  | -10           | -10           | -10           |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                                   | 10            | 10            | 10            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                               | -33           | -33           | -33           |
| Helsenett                                                                              | 250           | 250           | 250           |
| Innparingsprogram Oppvekst                                                             | -30           | -30           | -30           |
| Legevakt - arbeidstid                                                                  | 180           | 180           | 180           |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                       | 1 940         | 2 494         | 2 771         |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                           | <b>2 318</b>  | <b>2 872</b>  | <b>3 149</b>  |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                            | <b>226</b>    | <b>226</b>    | <b>226</b>    |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                      | <b>703</b>    | <b>740</b>    | <b>753</b>    |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                         | <b>43 488</b> | <b>43 525</b> | <b>43 538</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                               |               |               |               |
| Innsparing: Legge ned kommunale utekontor i Strandebarm og Ålvik                       | -1 400        | -1 400        | -1 400        |
| Innsparing: Reduksjon sentral kurspott med 0,1 mnok fordelt på ulike tenester fom 2025 | -20           | -20           | -20           |
| Innsparing: Redusere førebyggjande arbeid barn og unge                                 | 0             | -500          | -1 000        |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                           | <b>-1 420</b> | <b>-1 920</b> | <b>-2 420</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                      |               |               |               |
| 19-teneste til fordeling                                                               | 23            | 23            | 23            |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                                 | Økonomiplan   |               |               |
|-------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                   | 2025          | 2026          | 2027          |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                               | 113           | 180           | 180           |
| Drift, vedlikehold og service av system på legekantor og legevakt | 60            | 60            | 60            |
| Fastlegevikariat husleige Helsebanken                             | 700           | 0             | 0             |
| Kommunalt legekantor - drift av Norheimsund legekantor            | 498           | 598           | 598           |
| Kommunalt legekantor - Nye ALIS-stillingar                        | 1 804         | 1 804         | 1 804         |
| Kommunalt legekantor - Vikarutgifter Nhs.legesenter               | 1 200         | 0             | 0             |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                      | 118           | 587           | 587           |
| Medisinsk ansvarleg Norheimsund legekantor                        | 140           | 140           | 140           |
| Ny stilling legevaktarbeid, 10% stilling                          | 140           | 140           | 140           |
| Overtaking legekantor - Reinholdsstilling                         | 326           | 326           | 326           |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette           | -3            | -3            | -3            |
| Vidareføring av stabiliseringstiltak til fastlegar                | 500           | 500           | 500           |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                             | <b>5 619</b>  | <b>4 354</b>  | <b>4 354</b>  |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                       | <b>4 199</b>  | <b>2 434</b>  | <b>1 934</b>  |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                            | <b>47 687</b> | <b>45 960</b> | <b>45 473</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

#### Helsetasjon og skulehelsetenesta

Nasjonale faglege retningslinjer er førande for tenesta sine oppgåver, og fungerer som internkontrollsystem, jf. Helsetilsynslova § 5 første ledd. Kommunen skal leggja tilrette for forsvarleg drift, med god kvalitet, tilstrekkeleg omfang, likeverdig og ytast i tide. Retningslinja inneheld både krav til korleis tenesta **skal** eller **må** vere, samt tilrådingar om korleis innhaldet i tenesta **bør** vera for å oppnå god praksis og dermed forsvarleg teneste. Retningslinja er fagleg normerande og gjev retning ved å tilrå handlingsvalg for tenesta. Dersom tenesta vel ein praksis som avvik frå nasjonale faglige retningslinjer, skal den dokumenterast og begrunnast, med tanke på klage og/eller tilsyn.

#### Prioriterte beskyttande faktorar for å nå dei langsiktige måla i oppvekstplanen

Tenesta vil halde fram med arbeidet for å nå dei langsiktige måla i oppvekstplanen, plan for førebyggjande arbeid og Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), som må tilpassast rammevilkår og ressursar i planperioden.

#### Gode kommunale tenester for gravide, born, unge og familiar

Tenesta ser vekst i samansette hjelpebehov hos barn og unge. Fleire unge opplever psykisk uhelse. Utanforskap blant barn og unge påverkar folkehelse og livskvalitet. Helsetasjon og skulehelsetenesta møter alle barn og unge. Gjennom faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid bidreg tenesta med helsefremjande arbeid gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon og rettleiing. Tenesta når alle barn og er lett tilgjengeleg. Den kan avdekka og sikra rett oppfølging av barn med utviklingsavvik og samansette vanskar. Saman med barnehage og skule, er helsetasjon og skulehelsetenesta grunnmuren i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Saman med andre helse- og hjelpetenester vurderer rådmannen at tenesta bidreg til å styrkja oppvekstvilkåra til barn og unge i kommunen. Helsetasjon og skulehelsetenesta har høg oppslutting blant innbyggjarane.

#### Trygge vaksne

Det er press på tenesta med nye oppgåver via sentale føringar. Samstundes har tenesta utfordringar med å rekruttere kvalifiserte helsesjukepleiarar. Bemanningsnorma er ikkje bindande, men er førande

for tenesta. Den ligg pr i dag under i skulehelsetenesta på barneskulane. Framover må tenesta prioritera at helsesjukepleiarane er nok til stades for elevane på skulane slik at dei lovpålagte oppgåvene vert utført, både på individ- og systemnivå. Frå statleg hald er skulehelsetenesta si rolle på skulen særskilt omtalt. Tenesta er ein viktig partner i arbeidet med å skapa eit trygt og godt skulemiljø, blant anna gjennom å samarbeida med tilsette i skulen og vera lett tilgjengeleg for elevane. Ungdomane sjølve, gjennom ungdomsrådet i kommunen, ynskjer at helsesjukepleier er meir til stades på skulane i Kvam. Det vert derfor viktig å prioritere ressursane rett framover, der **skal- og bør- oppgåver** skal utførast, medan **kan-oppgåver** må vurderast nøye.

### Satsingar i tenesta

Kurs i *Tryggleikssirkelen* (COS) til alle fyrstegongsforeldre (kan), der målet er å styrkja foreldrerollen og fremja trygg tilknytning til barnet.

Delta og implementere Tidleg Inn Opplæringsprogram (kan). Programmet er i regi av fleire regionale kompetanseiningar med fokus på foreldre som kan ha utfordringar med rusbruk, psykiske helseplager og/eller vald i nære relasjonar. Omlag 10-15 % opplever psykiske vanskar i svangerskap, fødsel og barsel-/småbarnstid. Det kan også gjelda partner. Programmet skal bidra til å auka kompetanse og mot til å avdekka slike utfordringar, og gje nødvendig hjelp for å hindra framtidig uhelse hos borna. Dei 1000 fyrste dagane i barnet sitt liv er svært avgjerande for utviklinga. Nobelprisvinner James Heckman (2006) viser i si forskning at førebyggjande tiltak i sped-/småbarnsalder gjev langt større økonomiske innsparingar for samfunnet enn tiltak seinare i oppveksten. Rådmannen har vurdert opplæringsprogrammet som ei viktig satsing på tvers av tenester for barn og vaksne for å koma vidare i det overordna arbeidet med førebygging, jmf planverk.

Deltaking i *Konsultasjonsteamet for vald og overgrep* er ei prioritert oppgåve, saman med andre tenester. Kunnskap om vald og overgrep, og kompetanse til å avdekka og gripa inn ved mistanke, er avgjerande for at straffbare forhold vert stoppa og hjelp kan setjast inn (bør)

*Samtalegrupper* for jenter og gutar i ungdomskulen er ei "kan-oppgåve". Slike grupper har tenesta drifta saman med utekontakten i fleire år. Alle elevar på 9.trinn får er med i gruppene, og tema er psykisk og fysisk helse og livsmestring. Tilbakemeldingane frå elevane er positive. Deltaking i gruppene ser ut til å senka terskelen for å ta kontakt med tenestene vidare. Samarbeidet mellom tenestene fungerer godt.

Tenesta treng *digitale verktøy* som samsnakkar med kvarandre og kan gjera hektiske kvardagar meir effektive. Kompetanseheving er naudsynt for kvalitetssikra bruken av fagsystema. Å ha effektive digitale verktøy og utføra tiltak i tråd med digitaliseringsstrategien vert prioritert.

### Mogleg innsparing og konsekvensar for brukarar, tilsette og attraktivitet

- Vurdera prioriteringar og ressursbruk opp mot nasjonalfagleg retningslinje.
- Grunnmuren i tenesta (må, skal): Svangerskapsomsorg, helsestasjonsprogrammet 0-5 år, skulehelseteneste inkl treffetid, undervisning, samarbeid med skule (grunn- og vidaregåande skule), vaksinasjonsprogrammet, helsestasjon for ungdom, helsestasjon for flyktningar, smittevern.
- Reisevaksine - viktig i forhold til smittevern og førebygging av sjukdomar (kan).
- Gruppetilbod - viktig for å styrkja den fysiske og psykiske helsa og gje helsefremjande og førebyggjande tilbod til barn og unge, og styrkje foreldrerolla (kan)

### Struktur

Helsestasjonen føl strukturen til legekontora i kommunen, med hovudbase i Norheimsund. Rådmannen vurderer at det i framtida vil vera mest tenleg for drifta både økonomisk, kvalitet og fagmiljø å sentralisere helsestasjonen til ein helsestasjon knytt til eit av legekontora. Skulehelsetenesta vil følgja skulestrukturen med oppmøte på den enkelte skule. Heimebesøk til nyfødde skal halda fram som før. Det kan verta meir krevjande for dei som ikkje har bil og er avhengig av kollektiv transport, med oppmøte på ein sentralisert helsestasjon, og som har lang reiseveg. Sentralisering vil vere ein fordel ved rekruttering av nyutdanna helsesjukepleiarar til eit større fagmiljø, og fleire å spela på ved sjukdom både hjå helsesjukepleiar og helsestasjonslege. Det er truleg meir attraktivt å jobbe i miljø med fleire kollegaer, enn å vere åleine på eit utekontor. Reisekostnader for tilsette og husleige kan verta noko redusert utan at dette er rekna på.

### **Helsestasjon for flyktningar**

Helsestasjon for flyktningar har fått tilført 20 % stilling ekstra dei to siste åra, i samband med mottak av 45 flyktningar. Helsestasjonen har i utgangspunktet 30 % stilling til helsestasjon for flyktningar. Rådmannen har ikkje vidareført tidlegare ekstra løyvingar i komande økonomiplanen. Dersom kommunen skal ta imot like mange flyktningar framover, krev det prioritering innan dagleg drift.

### **Kommunepsykolog barn og unge**

Psykologtenesta for barn og unge er organisert i Familiesenteret, saman med familierettleiarar og utekontakt. Psykolog er for tida leiar for tenesta. Sidan etablering av Familiesenteret i 2016, ser avdelinga ser ut til å fylla nokre av "mellomromma" mellom tenester, som lett tilgjengeleg psykisk helsehjelp til barn og unge, foreldrestøtte til dei som ber om det og drive kursverksemd. Frå 2016 skulle familierettleiarane framleis prioritere hjelpetiltak til foreldre/familiar som har kontakt med barnevernstenesta. Med auka krav og forventningar til kva kommunalt barnevern skal løysa og handtera innanfor rammene, er det gjennomført evaluering av bruken og organisering av familierettleiarstillingane. Målet har vore å finna ei meir riktig ressursfordeling mellom barneverntiltak og tidleg innsats ut frå auka krav til kva barnevernet skal løysa. Evalueringa har vist at det er behov for å fordela meir ressursar inn til barneverntiltak enn det som blir brukt idag. Denne omfordeling blir jobba med framover.

Prioritering mellom psykologoppgåver på individ- og systemnivå er ei kjent problemstilling. Oppgåvene i Familiesenteret strekkjer seg frå dei umiddelbare oppgåvene som å gje individuell hjelp og støtte til barn, unge og familiar som ber om det, til deltaking i det overordna langsiktige arbeidet nedfelt i planar, strategiar, inkl implementering av BTI-modellen. Begge delar fyller nokre av forventningane i Oppvekstreforma.

Familiesenteret held fram arbeidet med dei langsiktige måla i oppvekstplanen, førebyggjande plan og implementering av BTI i økonomiplanperioden. Innsatsen må vurderast i lys av framtidige rammevilkår og ressursar.

Utekontakten er omtalt under tenesteområdet Sosialteneste.

### **Trygge vaksne**

- Psykologtenesta for barn og unge skal vera lett tilgjengeleg for barn, unge og deira foreldre.
- Familiesenteret/-rettleiarane skal særleg prioritera å utvikla tiltak for og rundt familiar som har det ekstra vanskeleg, ofte i kontakt med barnevernstenesta.
- Familiesenteret skal utvikla og tilpassa tilbodet om råd og veiledning til foreldre/foreldrestøtte som ber om det, inkl foreldrekurs.

- Familiesenteret vil jobba for at alle som møter barn og unge i barnehage, skule og på fritida får kunnskap om korleis vera trygge vaksne og gje tilpassa utviklingsstøtte. Bidra med støtte, kunnskap og veiledning.

### **Gode kommunale tenester for gravide, barn, unge og familiar**

- Saman med *barnevernstenesta*, vil Familiesenteret halda fram med å utvikla hjelpetiltak for familiar, som er nødvendige for å førebyggja omsorgssvikt og omsorgsovertaking. Slike tiltak kan vera kjenneteikna av å vera samtidige, intensive, oppsøkjande, omtalt som «skreddarsaum». Barnevernstenesta melder behov for at Familiesenteret er tettare på familiane som strevar mest, jmf evalueringa som har vist at det er behov for å fordela meir ressursar til barneverntiltak enn det som blir brukt idag. Denne omfordelinga vert jobba med framover (omtalt under barnevern)
- *Tidleg Innsats* - råd og veiledning til foreldre som ber om det, skal utviklast vidare i samarbeid med dei andre hjelpetenestene i kommunen. Grupper, kurs og veiledning til td helsestasjon og skulehelseteneste kan bidra til at foreldre får hjelp på lågast mogleg nivå. Foreldre som er i konflikt el samlivsbrot søker ofte råd i Familiesenteret. Næraste Familievernkontor er Odda eller Bergen. Foreldre ønskjer hjelp nærare, og avstanden kan vera ein terskel for å søkja hjelp i ein vanskeleg situasjon. Familievernet har meldt om at dei ikkje har kapasitet til utekontor i Kvam. Nasjonal veileder Psykisk helsearbeid for barn og unge (okt 2023) tilrår at kommunane skal ha eit lett tilgjengeleg tilbod til barn og unge med psykiske helseplager, som inkluderer tilbod om foreldrestøtte. Tidleg Innsats i Familiesenteret fyller denne forventninga pr i dag.
- *Psykologtilbodet for barn og unge* pr i dag avgrensa, pga leiaransvar. Det er auka forventningar til lett tilgjengelege tilbod om psykisk helsehjelp for alle aldersgrupper i kommunen frå nasjonalt hald, jmf Opptrappingsplan for psykisk helse 2023-33. Behovet for psykisk helsehjelp til barn og unge er aukande. Tilbodet i spesialisthelsetenesta er også under press, td BUP Voss, som tidvis har vanskar med å rekruttera fagfolk og auka pågang av barn og unge som har rett til nødvendig helsehjelp i spesialisthelsetenesta. Reisevegen er lang, som aukar terskel for å ta imot hjelp, tap av undervisning for elevar og arbeidstid hos foreldre. Oppveksteininga har jamleg samarbeid med BUP Voss for å drøfta utfordringar og moglege løysingar kring heilskaplege tenester for barn og unge. BUP tilbyr no kurs til barn og undervisning til foreldre i Kvam, for enkelte diagnosegrupper. Utekontor er framleis eit ønskje på vegne av innbyggjarane og dei kommunale tenestene.

### **Innsparing og konsekvensar for brukarar, tilsette og attraktivitet**

Ved andre rammer/ressursar/organisering til førebyggjande arbeid, må konsekvensane nøye vurderast med tanke på kva innverknad slike endringar kan få på tilbodet til barn, ungdom og familiar, som td tilgang til møteplassar, fritidstilbod, lett tilgjengelege tilbod og tenester som treff alle. Dette kan også gjelda ressursar og rammevilkår under kommunehelse.

*Overført oppgåve:* Foreldreveiledning i introduksjonsprogrammet. Integreringsloven § 14 seier at kommunen skal gje foreldrerettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet. Rådmannen vurderer at tiltaket framover skal utførast av kommunalt tilsette framfor innleigde konsulentar, noko som vil påverka andre tenesteområde sine prioriteringar, td helse-/hjelpetenester som har slik kompetanse (flyktining)

### **Legetenesta**

Eit overordna mål for tenesta er ei fagleg sterk allmennlegeteneste og ei attraktiv og robust

fastlegeordning. Ulike rekrutterings- og stabiliseringstiltak i fastlegeordninga er viktig for å nå dette målet. Det må i planperioden arbeidast for å sikra økonomisk berekraftige driftsformer, rekruttering av fastlegar, faglege fellesskap, kvalitet og nødvendig beredskap. Det er også viktig å leggja til rette for at tiltaka i nasjonal handlingsplan skal kunne gjennomførast lokalt.

Kommunen står framfor eit generasjonsskifte i fastlegekorpset og vil ha behov for å rekruttera fleire nye fastlegar i komande år. Erfaringa viser at det er vanskeleg å rekruttera kvalifiserte fastlegar. I samband med arbeidet rådmannen har gjennomført, med å vurdere kommunal overtaking av legekontor, er det vurdert ulike modellar for både næringsdrivande fastlegar og fastlønna fastlegar. Det er viktig at kommunen er open for ulike løysingar og dette er tema som det må arbeidast vidare i planperioden.

I Økonomiperioden vil ein arbeida for å kunne ta i mot 2 LIS1 legar til ei kvar tid. Mottak av LIS1 er eit av fleire rekrutteringstiltak til fastlegekorpset.

Tenesta er i startfasen med å førebu interkommunalt samarbeid innan temaområdet miljøretta helsevern.

Legetenesta har eit tett samarbeid med spesialisthelsetenesta. Samhandlinga er regulert gjennom Overordna samarbeidsavtale for Helsefellesskapet i Bergensområdet og tilhøyrande tenesteavtalar. Tenesta vil i økonomiplanperioden fylgja opp tenesteavtalar og anna plan- og utviklingsarbeid. Fastlegane har ei sentral rolle i den nye samhandlingsstrukturen både på individ og system. Det er viktig for kommunen å finna gode ordningar for samarbeidet om akutthjelparordninga i tråd med nasjonal veileidar som er under utarbeiding.

Tenesta vil i økonomiplanperioden vidareføra det interkommunale samarbeidet om legevakt på natt og eigen legevaktstasjon i Kvam på ettermiddag/ kveld og helg. Det vil i løpet av økonomiperioden kome nytt nødnett. Det er per i dag usikker kva dette vil bety økonomisk.

Den nye omsorgs-modellen i pleie og omsorg får også konsekvensar for legetenesta. Det er viktig å arbeida vidare med å få på plass god samhandling mellom legetenesta og pleie og omsorgstenestene.

I tråd med nasjonale føringar vil tenesta i løpet av økonomiplanperioden vurdere å oppretta system for primærhelseteam. Digitalisering av arbeidsprosessar og auka bruk av digitale løysingar i møte med brukarane må vurderast, også system for digital heimeoppfølging (avstandsoppfølging).

Den demografiske utviklinga i Kvam utfordrar også legetenesta. Dette saman med ytterlegare oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta og rekrutteringssituasjonen i fastlegeordninga vil utfordra ressursituasjonen i tenesta. Det vert viktig å vurdere korleis oppretthalde dagens struktur med desentraliserte tilbod parallelt med utviklinga og utfordringar i dei andre helse og omsorgstenestene.

### **Ergo-og fysioterapitenesta**

Helse og omsorgstenesta har som overordna mål at flest mogleg skal ha eit godt liv i eigen heim. Tidleg innsats og meir satsing på tenester til heimebuande er sentralt i ny omsorgs-modell. Ergo- og fysioterapitenesta må difor fortsetja med å dreie tenestetilbodet mot meir tilrettelegging i bustad, meir bruk av tekniske hjelpemiddel og meir trening- og aktivitetstilbod for dei ulike brukargruppene. Tenesta vil vera med å vidareutvikla det tverrfaglege rehabiliterings- og habiliteringstilbodet i tråd med tiltak i temaplanane. Med auka tal eldre vil det ikkje vera nok å dreie tenesta men krev meir ressursar. Allereie no syner arbeidet i demensteamet at det er eit auka behov, spesielt kommune-ergoterapeuten har auke i oppgåvene her.

Gjennom helsefellesskapa er skrøpelege eldre eitt av fire områder der kommunar og helseføretak skal utvikla tenester saman. Ergo- og fysioterapitenesta opplever auka fokus på skrøpelegheit gjennom mellom anna epikriser frå sjukehus, og ser behov for å skapa meir systematikk i identifisering og oppfølging for desse brukarane lokalt.

Fysisk aktivitet og tilrettelagt trening har stor effekt på eiga helse. Nye behandlingsmetodar legg opp til meir trening som alternativ til operasjon, ofte då med lange oppfølgingsløp. Parallelt er det også stort behov for opptrening etter operasjonar. Det er viktig at tenesta følg opp nasjonale råd og utviklingstrendar og utviklar tenestetilbodet i tråd med desse.

Barn og unge si psykiske helse er satsingsområde både nasjonalt. Ergo- og fysioterapitenesta har ei viktig rolle her med å gje born og unge moglegheit for motorisk meistring, trygghet i eigen kropp og strategiar for å ha ei god fysisk og psykisk helse. Fysioterapi for born og unge er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta, og det er viktig å prioritera ressursar til dette område i tråd med oppgåver i høve nasjonale føringar og følgje opp oppvekstplanen. Pr. i dag ligg me 1 stilling under anbefalt norm.


Dei private fysioterapiinstitutta står framfor eit generasjonsskifte. Spesialistkompetanse innan ulike fagområde skal erstattast, og spesielt gjeld dette kompetanse innan psykomotorisk fysioterapi. Dette er viktig å ta med i vidare rekrutteringsarbeid. Satsing på heiltidskultur vert viktig for å sikra vidare kompetanseutvikling. I dag er det 3 deltidsheimlar og det vert jobba 2,3 stillingar utover dei 6,6 heimlane i dag.

Dagens struktur med desentraliserte tilbod og den demografiske utviklinga i Kvam utfordrar også ergo- og fysioterapitenesta. Det vert viktig å vurdere dagens struktur med desentraliserte tilbod parallelt med vurderingar og utfordringar i legetenesta.

Fortsetja med det gode samarbeidet mellom ergo- og fysioterapeutar på fastlønn og institutta for å nytta felles kompetanse sidan kommunehelsetenesta skal løyse fleire og meir kompliserte oppgåver.

Arbeidet med rullering av plan for ergo- og fysioterapitenesta er viktig vert fullført for å gje tydeleg retning på satsingsområde og vidare prioriteringar i høve framtidens utfordringar.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



## Driftsbudsjett

### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                                   | Rekneskap     | Budsjett      | Rev.budsjett  | Økonomiplan   |               |               |               |
|---------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                   | 2023          | 2024          | 2024          | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          |
| Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste | 12 566        | 12 189        | 12 001        | 10 943        | 10 228        | 9 846         | 10 085        |
| Annet forebyggende helsearbeid                    | 1 732         | 1 503         | 2 107         | 3 221         | 3 210         | 3 208         | 3 238         |
| Diagnose, behandling, re-/habilitering            | 35 747        | 33 363        | 35 856        | 39 452        | 37 476        | 37 492        | 37 794        |
| Tilbud til personer med rusproblemer              | 0             | 10            | -0            | 9             | 14            | 14            | 14            |
| <b>Sum</b>                                        | <b>50 044</b> | <b>47 065</b> | <b>49 964</b> | <b>53 625</b> | <b>50 927</b> | <b>50 560</b> | <b>51 131</b> |

## Måltabell

### Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskapleg tilbod

Det skal vera brukarmedverknad i planleggings-, utgreiings-, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta

Helse og omsorg skal skapa framtidssretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod

Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbedring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvenningane gjennom direkte og indirekte påverknad

### Overordna mål

---

Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møte veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver

---

Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid

---

Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod.

---

Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar

---

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

---

## Pleie og omsorg

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Pleie og omsorg](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                             | Økonomiplan    |                |                |
|-------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                               | 2025           | 2026           | 2027           |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                       | <b>250 018</b> | <b>250 018</b> | <b>250 018</b> |
| Sum Tekniske justeringer                                                      | 1 422          | 1 422          | 1 422          |
| Sum Vedtak forrige periode                                                    | -9 465         | -13 548        | -14 981        |
| <b>Budsjettendringar</b>                                                      |                |                |                |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                   | 0              | 0              | 0              |
| Auke i budsjettamma knytt til kommunale avgifter på kommunale bygg            | 199            | 199            | 199            |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                               | 76             | 76             | 76             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                                         | 22             | 22             | 22             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                          | 34             | 34             | 34             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                      | -413           | -413           | -413           |
| Forsikring - rette på teneste                                                 | -32            | -32            | -32            |
| Helsenett                                                                     | 750            | 750            | 750            |
| Innparingsprogram Oppvekst                                                    | -500           | -500           | -500           |
| Innsparing - auke pris omsorgsbustader                                        | -1 600         | -3 200         | -3 200         |
| Innsparing - multidose                                                        | -1 200         | -1 200         | -1 200         |
| Innsparing - slutt med fylgje praktisk bistand                                | -500           | -500           | -500           |
| Innsparing - ta betalt for tv og internett i omsorgsbustader                  | -400           | -400           | -400           |
| Innsparing - Tolo omsorg reduksjon tal omsorgsbustader                        | -3 000         | -3 000         | -3 000         |
| IT-lisensar helse                                                             | 500            | 500            | 500            |
| Omfordeling IT , auka IKT kommunikasjonsutgifter etter gjennomgang april 2024 | -807           | -807           | -807           |
| Retting justering                                                             | 46             | 46             | 46             |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                              | 11 361         | 14 606         | 16 228         |
| Skyss og kostgodgjersle, omfordeling                                          | -2             | -2             | -2             |
| sletta beløp i 2028 på driftskonsekvens                                       | 0              | 0              | 0              |
| Splitte lønnskonto vedlikehaldsarbeidarar FDV                                 | -229           | -229           | -229           |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                                                                                                       | Økonomiplan    |                |                |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                                                                                         | 2025           | 2026           | 2027           |
| Tidsforskyv deler av ramma frå 2024 til 2025 for tiltaket : stipendordning til studentar som vil utdanna seg innanfor oppvekst og helse | 450            | 0              | 0              |
| Tidsforskyving P38230 1*Auka grunnbemanning i helse og omsorg                                                                           | 1 000          | 0              | 0              |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                                                                            | <b>5 755</b>   | <b>5 950</b>   | <b>7 572</b>   |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                                                                             | <b>6 055</b>   | <b>5 655</b>   | <b>5 655</b>   |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                                                                       | <b>3 767</b>   | <b>-521</b>    | <b>-331</b>    |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                                                                          | <b>253 786</b> | <b>249 498</b> | <b>249 687</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                                                                |                |                |                |
| Innsparing: Aktivitetsdag PU                                                                                                            | -20            | -20            | -20            |
| Innsparing: Avslutte prosjekt "Middag på huset" i PLO                                                                                   | -1 500         | 0              | 0              |
| Innsparing: helgetimar/vikar/overtid i PLO                                                                                              | 0              | -2 000         | -2 000         |
| Innsparing: Innføre sjukepleierteam i PLO                                                                                               | 0              | -2 500         | -2 500         |
| Innsparing: Legge ned dagsenter i Ålvik                                                                                                 | -400           | -400           | -400           |
| Innsparing: Reduksjon av tilbud Holmsund 50%.                                                                                           | -300           | -600           | -600           |
| Avslutte vaktavtale                                                                                                                     |                |                |                |
| Innsparing: Reduksjon i nattenesta i PLO                                                                                                | 0              | -2 000         | -2 000         |
| Innsparing: Reduksjon sentral kurspott med 0,1 mnok fordelt på ulike tenester fom 2025                                                  | -20            | -20            | -20            |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                                                                            | <b>-2 240</b>  | <b>-7 540</b>  | <b>-7 540</b>  |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                                                                       |                |                |                |
| 19-teneste til fordeling                                                                                                                | 290            | 290            | 290            |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                                     | 838            | 1 329          | 1 329          |
| Innføring av matvertstellingar på alle heildøgnsinstitusjonar i pleie og omsorg                                                         | 2 500          | 5 000          | 5 000          |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                                            | 3 634          | 7 109          | 7 109          |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                                                                                 | 44             | 44             | 44             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                                                                                   | <b>7 305</b>   | <b>13 772</b>  | <b>13 772</b>  |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                                                                                             | <b>5 065</b>   | <b>6 232</b>   | <b>6 232</b>   |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                                                                                                  | <b>258 851</b> | <b>255 730</b> | <b>255 919</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

#### Tenester til menneske med utviklingshemming

Tenester til menneske med utviklingshemming har ansvar for tenestetilbodet til menneske med utviklingshemming. Avdelinga er organisert i desse gruppene:

- Kalhagen omsorg og ambulante tenester i Norheimsund og Øystese
- Bufellesskap i Øystese
- Tolomarka omsorg og avlastning
- Dagtilbod Øysteseheimen (Nordtunet)

Tenesta har tett samarbeid med Hardanger AKS der fleire av brukarane har tilrettelagt arbeid.

Tenester til menneske med utviklingshemming er breitt tverrfagleg samansett. I tillegg til vernepleiarar, sjukepleiar og helsefagarbeidarar har ein mellom anna tilsette med kompetanse som lærar, pedagog, sosiolog, aktivitør, barne- og ungdomsarbeidar, sosionom, barnehagelærar og musikkterapeut.

## Tenester til heildøgnsomsorg

Tenesta omfatter heildøgns omsorgsbustadar; Mikkjelsflaten med 25 enkle og 6 doble bustadar, Tolo Omsorg med 24 enkle bustader ( har 32 enkle bustadar men 8 plassar er lagt ned i 2024) og Strandebarm omsorg med 26 enkle bustadar der det per no er langtidsplasientar i 6 av bustadane. Desse går over til omsorgsbustadar etter kvart som dei blir ledige. Institusjonsplassar har vi på Øysteseheimen med 28 plassar der 10 er dedikert til pasientar med demens og Toloheimen med 16 plassar som er dedikert til pasientar med demens. Per no har vi hatt kapasitet til å ta imot dei pasientar som vert søkt inn til tenesta. Etter kvart som plassane i Strandebarm går over til omsorgsbustader, vil det være totalt 44 plassar til langtid og 89 heildøgn omsorg i Kvam. Med tanke på demografisk utvikling og målet om at ein skal bu heime lenger gjer at det vil bli behov for fleire langtids plassar i Kvam og det er starta opp med å tilpasse Mikkjelsflaten til langtids plassar der arbeidet med skyllerom er i gang.

### Dagsenter:

I Strandebarm er det behov for å auka ressursar til dagsenter. Per no er det ein stilling 70 %. Det er behov for å auke med ca 0,6 stilling for å møte behov for dagsentertilbod til pasientar med demens.

### Kompetanseheving:

Det vil være komplekse oppgåver i helsetenesta i framtida og det er eit mål for tenesta å heve kompetansen til dei tilsette. Det er behov for fagleg omstilling med endra og høgare kompetanse, nye arbeidsmetodar og fagleg tilnærming. Det er mellom anna planlagt felles fagdagar i pleie og omsorg, demensomsorgens ABC har 13 helsefagarbeidarar og pleieassistentar som starta i september 23, fleire går på kurs i palliasjon og det er planlagt støtte til vidareutdanning (fagskule) for helsefagarbeidarar.

### Opprusting av utstyr:

Det har dei siste 3 åra vært bevilga 100 000 kr per år til oppgradering av senger i institusjon, noko som gir ca 6 nye senger per år. Det er framleis behov for å fortsette med oppgradering av sengeparken. Kontroll av elektromedisinsk utstyr (EMU) på sjukeheimane i 2023, deriblant sjukesenger, peika på at me har mange gamle senger som bør byttast ut. Levetid på senger er ca. 10-15 år og me har enda senger som er frå 1990-talet. Fleire senger har skader som det ikkje er mogeleg å få tak i delar til, og det har været fleire tilfeller der pasientar har skada seg på senger eller falt ut av senger der sengehest ikkje har fungert som den skal. Det er derfor eit ønske om å fortsette med og auke bevilgning til fortsatt utskifting av senger.

Fleire av institusjonane byrjar å bli gamle og treng oppgradering av mellom anna kjøkken, gulv og inventar.

## Tenester til heimebuande

Tenesta har god flyt av pasientar inneliggande på kortidsavdelinga og utskriving til heimen i samarbeid til heimetenesta. Heimetenesta vil fortsetja å jobba for at brukarane skal få bu heime lengst mogleg, noko som er forankra i Meld.st 24 "felleskap og mestring- bu trygt heime" Dette inneber andre og meir komplekse oppgåver i heimetenesta framover.

Dagaktivitetstilbodet vil også ha ei viktig rolle inn mot denne stortingsmeldinga. Noko som vil krevja meir tilpassa tilbod til fleire brukarar og fleire brukargrupper.

Det vart i fjor brukt 30 % ekstraressurs på dagaktivitetstilbod , grunna behov for styrking av tenesta. Desse 30 % er det behov for å vidareføra på eksisterande tilbod , samt auka ramma grunna melde behov for denne tenester til yngre brukarar i ulike brukargrupper.

Kompetanseheving : Framtida sine komplekse oppgåver og utfordringar vil kreve kompetanseheving for dei tilsette. Dette er planlagt gjennom felles fagdagar, og oppstart av demensomsorgens ABC, kurs i palliasjon og støtte til vidareutdanning (fagskule) for helsefagarbeidarar.

Ved KRB er det eit behov for oppgradering av sengene i avdelinga. Under ein kontroll av elektromedisinsk utstyr(EMU) i år er det påpeikt at dei noverande sengene er svært gamle, og det er ikkje lenger mogleg å skaffe reservedelar til desse. Det betyr at det no er nødvendig med budsjett for å skifte ut desse sengene gradvis dei neste åra.

### Rus og psykisk helse

Tilvisingar til avdelinga har vore stabil, men viser den siste tida ei markant auke. Parallelt opplever også tenesta auke i oppgåver mellom anna som følgje av regjeringa sin opptrappingsplan innan for fagfeltet. Tenesta vil i økonomiplanperioden rullera den rusfagelge handlingsplanen og fylgja opp tiltak som er forankra i gjeldande planverk. - nye brukargrupper (flykninger) og lengre forløp

Tenesta vil i tillegg til oppfølging av enkeltpersonar arbeida for å få på plass fleire gruppe- og aktivitetstilbod for ulike brukargrupper.

Det vert viktig å vidareutvikla samarbeidet med spesialisthelsetenesta. Gjennom helsefellesskapet er personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem ei prioritert gruppe. Tenesta vil i økonomiplanperioden arbeida for å etablera eit bufellesskap med heildøgns omsorg for personar med psykiske lidningar.

### Tenestekontoret

Tenestekontoret er oppteke av velferdsteknologi og av å tilpassa budsjettet for 2024. Vårt tenestetilbod er viktig, og kan ha stor innverknad på livskvaliteten til innbyggjarane. For å imøtekomma auka behov for støttekontaktar, avlastingsheimar, BPA (Brukarstyrt personleg assistanse) og ressurskrevjande tenester i Kvam herad har tenestekontoret prioritert som følgjer.

#### Velferdsteknologi:

Me ser behovet for auka bruk av velferdsteknologi i Kvam herad, derfor bør det prioriterast innføring av elektronisk medisineringsstøtte for å auka sjølvstende, meistring og livskvalitet for brukar. Dette vil frigjera ressurssar til andre arbeidsoppgåver. Brukar, pårørande og tilsette må få tilstrekkeleg informasjon og opplæring for å meistra ny teknologi. Helsedirektoratet arbeider med innføring av digital heimeoppfølging , og her bør Kvam herad vera med når dette kjem i gang.

#### Støttekontakt:

Me ser at behovet for støttekontaktar har auka. Dette tilbodet er eit lågterskel tilbod til innbyggjarane, og eit førebyggjande tiltak. Inkludering , rekruttering og opplæring av fleire støttekontaktar og tiltak for å auka tilgjengelegheita, er viktige tema.

**Avlastingsheim for unge brukarar:**

Det er vanskeleg å få nok avlastingsheimar for dei unge brukarane våre, og me må vurdere å tildela fleire ressursar til førebyggjande arbeid som støttekontakt. Dette kan og bidra til å avlasta familiane og gi dei unge brukarane ei betre omsorg.

**Brukarstyrt personleg assistanse (BPA):**

BPA gir enkeltpersonar med nedsett funksjonsevne moglegheita til å styra si eiga omsorg. Me ser eit visst behov for at BPA aukar.

**Ressurskrevjande helse – og omsorgstenester:**


Nokre ressurskrevjande tenester kan krevja meir midlar enn andre. Det kan òg vera viktig å koordinera tenestene for å sikra refusjon der det er mogleg gjennom eit felles helsevedtak.

**Felles helsevedtak:**

Felles helsevedtak er ei tilnærming der fleire tenesteytarar samarbeider om å tilby heilskapleg omsorg for enkeltpersonar. Dette kan vera ein effektiv måte å optimalisera ressursane på. Det bør vurderast å samarbeida meir med andre relevante instansar og etablera ei felles tilnærming til omsorg og støtte.

**Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter**

## Økonomiplan for 2025-2028



### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter                          | Samla prosjektbeløp   |               | Økonomiplan   |              |              |            | Sum                 |
|-------------------------------------------------|-----------------------|---------------|---------------|--------------|--------------|------------|---------------------|
|                                                 | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin.   | 2025          | 2026         | 2027         | 2028       | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Pleie og omsorg</b>                          |                       |               |               |              |              |            |                     |
| 0*ENØK - Øysteseheimen ventilasjon              | 625                   | 0             | 0             | 625          | 0            | 0          | 625                 |
| 0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Tolo varmesentral | 5 000                 | 0             | 625           | 4 375        | 0            | 0          | 5 000               |
| 0*Nytt kjøken og oppvaskmaskin Toloheimen       | 500                   | 0             | 500           | 0            | 0            | 0          | 500                 |
| 0*Nytt kjøken Tolo omsorg                       | 438                   | 0             | 438           | 0            | 0            | 0          | 438                 |
| 0*Ombygging Mikkjelsflaten                      | 625                   | 0             | 625           | 0            | 0            | 0          | 625                 |
| 0*Oppgradering trygdebustader Ålvik             | 5 156                 | -1 650        | 3 506         | 0            | 0            | 0          | 3 506               |
| 0*Solskjerming kommunale bygg                   | 10 525                | 0             | 3 750         | 0            | 0            | 0          | 3 750               |
| 0*Utfasa sjøvassleidning Kyrkjefjæra Øystese    | 3 750                 | 0             | 0             | 0            | 3 750        | 0          | 3 750               |
| 0*Varmepumper Øysteseheimen                     | 3 750                 | 0             | 2 125         | 0            | 0            | 0          | 2 125               |
| 0*Velferdsteknologi - årleg                     |                       |               | 750           | 750          | 750          | 750        | 3 000               |
| <b>Sum Pleie og omsorg</b>                      | <b>30 368</b>         | <b>-1 650</b> | <b>12 318</b> | <b>5 750</b> | <b>4 500</b> | <b>750</b> | <b>23 318</b>       |

### Måltabell

#### Overordna mål

«Eit godt liv der me bur, tenester for framtida, meistring og deltaking»

Det skal vera brukarmedverknad i planleggings-, utgreiings-, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta

Helse og omsorg skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod

Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbedring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon

### Overordna mål

---

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvenningane gjennom direkte og indirekte påverknad

---

Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møte veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver

---

Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid

---

Leve hele livet: «Å leggja til rette for ein god kvardag for alle»

---

Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod.

---

Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar

---

Pleie og omsorg- tenester for framtida : Omsorgstenester for framtida- meir satsing på tenester til heimebuande

---

## Sosialteneste

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Sosialteneste](#)

Lenkje til teneste for [Utekontakt](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                                          | Økonomiplan   |               |               |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                                            | 2025          | 2026          | 2027          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                                    | <b>39 697</b> | <b>39 697</b> | <b>39 697</b> |
| Sum Tekniske justeringar                                                                   | 1 409         | 1 409         | 1 409         |
| Sum Vedtak forrige periode                                                                 | -665          | -1 155        | -1 410        |
| <b>Budsjettendringar</b>                                                                   |               |               |               |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                                | 0             | 0             | 0             |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                                            | 4             | 4             | 4             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                                                      | 9             | 9             | 9             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                                       | -16           | -16           | -16           |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                                   | 6             | 6             | 6             |
| HST 010/24 Kvam herad skal busetja 45 flyktningar i 2024                                   | 1 450         | 1 450         | 1 450         |
| Innsparing - NAV inntekt                                                                   | -100          | -100          | -100          |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                           | 1 822         | 2 343         | 2 603         |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                               | <b>3 175</b>  | <b>3 696</b>  | <b>3 956</b>  |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                                | <b>194</b>    | <b>194</b>    | <b>194</b>    |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                          | <b>4 114</b>  | <b>4 144</b>  | <b>4 150</b>  |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                             | <b>43 810</b> | <b>43 841</b> | <b>43 846</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                   |               |               |               |
| Innsparing: Reduksjon i 100% kommunalt finansierte VTA plassar pga ny statleg finansiering | -330          | -330          | -330          |
| Innsparing: Redusere førebyggjande arbeid barn og unge                                     | 0             | -500          | -1 000        |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                               | <b>-330</b>   | <b>-830</b>   | <b>-1 330</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                          |               |               |               |
| 19-teneste til fordeling                                                                   | 7             | 7             | 7             |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                        | 49            | 78            | 78            |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                       | Økonomiplan   |               |               |
|---------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                         | 2025          | 2026          | 2027          |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                            | 108           | 314           | 314           |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette | 1             | 1             | 1             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                   | <b>166</b>    | <b>400</b>    | <b>400</b>    |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>             | <b>-164</b>   | <b>-430</b>   | <b>-930</b>   |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                  | <b>43 646</b> | <b>43 411</b> | <b>42 916</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

#### Sosialtenesta

Sosialtenesta vil arbeida for å få fleire personar i arbeids- og aktivitetstiltak og med det sikra at færrest mogleg er passive sosialhjelpsmottakarar. Dei vil også vidareføra arbeidet med aktivitet for sosialhjelp. Tenesta vil i økonomiplanperioden arbeida for å betra buevna til vanskelegstilte mellom anna gjennom «trivselsvaktmeister-prosjektet», i tett samarbeid med teknisk eining og avdeling rus og psykisk helse.

Flyktningstenesta har ei sentral rolle i å fylgja opp strategiplan for integrering.

Flyktningstenesta har ansvar for å busetja flyktningar i tråd med politiske vedtak. Kvam herad har politisk vedtak om å ta imot 45 flyktningar i 2023. Det er ikkje kome klar oppmoding frå IMDI om kor mange flyktningar kommunen kan ta imot i 2025 og tenesta har i budsjett 2024 lagt opp til å ta imot 45 nye flyktningar.

#### Utekontakt

Utekontakten er organisert i Familiesenteret saman med psykolog og familierettleiarar, tilsaman 6,5 stilling. Ressursen vart auka med 0,5 stilling i budsjettet for 2023.

Utekontakten tek del i satsinga med å dei langsiktige måla i oppvekstplanen. Økonomiske rammevilkår, kan påverka tilbod, omfang og nivå tenester framover, og prioriteringar må gjerast deretter. Utekontakten prioriterer følgjande beskyttande faktorar

#### Trygge vaksne

- Ungdomar treng trygge vaksne for å fortelja om særleg krevjande livsutfordringar og vanskar. Utekontakt skal halda fram med oppsøkjande arbeid, som den einaste kommunale aktøren med ei slik tilnærming. Det er avgjerande at utekontakten legg tilrette for tryggleik og ei tillitsskapande tilnærming for å nå ungdom som i nokre tilfelle andre helse- og hjelpetenester ikkje kjem i kontakt med.
- Utekontakt er særleg merksam på situasjonen kring rusbruk hos ungdom. Saman med andre tenester, vert programmet "Korleis vera din kjip forelder» (AV og TIL) nytta i møte med foreldre. Kompetanseininga KORuS Vest er tydeleg på at foreldre er den viktigaste ressursen i det rusførebbyggjande arbeidet. Utekontakten samarbeider med Natteravnar og politiet på arrangement kring særskilte helgar/høgtider.

### Aktiv Fritid og Å vera del av ein sosial fellesskap


- Utekontakten arbeider for at Ungdomsbasen skal få fleire brukarar og brukargrupper. "Jentebasen" er igang med tilskot frå Grannehjelpa. Frå politisk hald er open Ungdomsbase i helgane etterspurt, og er under utgreiing.
- Utekontakten deltek i tverrfagleg gruppe som arrangerer Ung Fritid Ferie.
- Prosjekt Basecamp held fram med støtte frå Vestland Fylke. Prosjektet må truleg justerast dersom lokalet vert avhenda, jmf Eigedsstrategien.
- Ungdomane som nyttar ungdomsbasen er opptekne av framtidig lokalisering av tilbodet, og skal vera sentale i medverknadsarbeidet.
- I samarbeid med NAV er det mål om å auka innsatsen med tilbodet *Ung Sommarjobb* med håp om støtte frå tilskotsmidlar. Målet er at fleire unge som strevar med mestring og deltaking, får tilbod om sommarjobb. Erfaringane så langt er gode, og har i nokre tilfelle har ført til ordinære jobbavtalar.

### Innsparing og konsekvensar for brukarar, tilsette og attraktivitet

- Ved reduksjon av førebyggjande arbeid på tvers i organisasjonen, må konsekvensane nøye vurderast med tanke på innverknad på tilbodet til ungdom. Det gjeld både tilgang til møteplassar, lett tilgjengelege tenester og fritidstilbod.
- Ved reduksjon av ressursen utekontakt, vil det gå ut over ungdom som er i risiko for utanforskap og som elles andre helse- og hjelpetenester ikkje når med sine tilbod. Utekontakten er synleg på arena, tidspunkt og situasjonar der andre tenester er fråværande, bortsett frå politiet, som har fått strammare rammer til førebyggjande arbeid.
- Eining Oppvekst og eining Samfunnutvikling (1.1.2025) skal i samarbeid vurdere samordning av fritidsfeltet for barn og unge. Målet er betre nytte av ressursane på tvers av einingane, som eit mogleg innsparingstiltak. Det kan føra til reduksjon av innsatsen på fritidsfeltet og generelt utekontakten sine oppgåver.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

## Økonomiplan for 2025-2028



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                                | Rekneskap     | Budsjett      | Rev.budsjett  | Økonomiplan   |               |               |               |
|------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                | 2023          | 2024          | 2024          | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          |
| Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid | 14 185        | 13 053        | 14 027        | 16 230        | 15 683        | 15 149        | 15 296        |
| Tilbud til personer med rusproblemer           | 491           | 453           | 449           | 273           | 268           | 267           | 270           |
| Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi          | 4 717         | 4 551         | 4 549         | 4 221         | 4 221         | 4 221         | 4 221         |
| Introduksjonsordningen                         | 8 696         | 10 802        | 10 531        | 10 629        | 10 625        | 10 623        | 10 631        |
| Kvalifiseringsordningen                        | 1 062         | 1 003         | 2 003         | 2 003         | 2 003         | 2 003         | 2 003         |
| Økonomisk sosialhjelp                          | 12 895        | 11 496        | 12 711        | 12 727        | 12 726        | 12 726        | 12 728        |
| <b>Sum</b>                                     | <b>42 046</b> | <b>41 357</b> | <b>44 270</b> | <b>46 083</b> | <b>45 525</b> | <b>44 988</b> | <b>45 149</b> |

### Måltabell

#### Overordna mål

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Det skal vera brukarmedverknad i planleggings,- utgreiings, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta                                                                                                                                                                                                                             |
| Helse og omsorg skal skapa framtidiretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod                                                                                                                                                                     |
| Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbedring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet                                                                                                                                                                                    |
| Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon                                                                                                                                                      |
| Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvenningane gjennom direkte og indirekte påverknad                                                                                                                                                                                                     |
| Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møte veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver                                                                                                                                                                                             |
| Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod. |

#### Overordna mål

---

Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar

---

Sosialtenesta skal betra levekår for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremja overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

## Barnevern

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Barnevern](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                                      | Økonomiplan   |               |               |
|----------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                                        | 2025          | 2026          | 2027          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                                | <b>24 013</b> | <b>24 013</b> | <b>24 013</b> |
| Sum Tekniske justeringar                                                               | 538           | 538           | 538           |
| Sum Vedtak forrige periode                                                             | -397          | -675          | -825          |
| <b>Budsjettendringar</b>                                                               |               |               |               |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                            | 0             | 0             | 0             |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                                        | 3             | 3             | 3             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                                                  | -4            | -4            | -4            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                                   | 2             | 2             | 2             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                               | -4            | -4            | -4            |
| Innparingsprogram Oppvekst                                                             | -65           | -65           | -65           |
| Retting justering                                                                      | 6             | 6             | 6             |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                       | 1 091         | 1 403         | 1 559         |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                           | <b>1 027</b>  | <b>1 339</b>  | <b>1 495</b>  |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                            | <b>-146</b>   | <b>-146</b>   | <b>-146</b>   |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                      | <b>1 022</b>  | <b>1 055</b>  | <b>1 061</b>  |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                         | <b>25 035</b> | <b>25 068</b> | <b>25 074</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                               |               |               |               |
| Bruk av eksterne konsulentar                                                           | -50           | -100          | -100          |
| Innsparing: Reduksjon sentral kurspott med 0,1 mnok fordelt på ulike tenester fom 2025 | -10           | -10           | -10           |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                           | <b>-60</b>    | <b>-110</b>   | <b>-110</b>   |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                      |               |               |               |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                    | 59            | 93            | 93            |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                           | 211           | 455           | 455           |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                                | 5             | 5             | 5             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                                  | <b>275</b>    | <b>553</b>    | <b>553</b>    |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                                            | <b>215</b>    | <b>443</b>    | <b>443</b>    |

| Beskriving tiltak | Økonomiplan |        |        |
|-------------------|-------------|--------|--------|
|                   | 2025        | 2026   | 2027   |
| Ramme 2025-2028   | 25 250      | 25 511 | 25 517 |

## Prioriteringar i økonomiplanen

### Barnevern

Kommunen skal å ha ei barnevernteneste og ein leiar for tenesta som har ansvar for at oppgåver vert utført etter lova. Barn og ungdom under 18 år har krav på omsorg og rett til ei trygg oppvekst. I fyrste rekkje er dette eit foreldreansvar. Når foreldre i kortare eller lengre periodar ikkje greier å ivareta ansvaret, skal barnevernet bidra med hjelp og støtte.

Barnevernsreforma 2022 (Oppvekstreforma) skal bidra til å styrkja arbeid med førebygging, tidleg innsats og forpliktande tverrfagleg samarbeid. Målet er å redusera behovet for hjelpetiltak og/eller plassering av barn utanfor heimen. Som del av reforma, legg rådmannen årleg fram tilstandsrapport som oppsummerer status og utfordringar i tenesta. Oppvekstplanen, plan for førebyggjande arbeid og Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er Kvam sine hovudstrategiar for å imøtekomma intensjonane i reforma.

I ny barnevernslov vart ansvaret for å følgje opp fosterforeldre og deira biologiske barn med rådgjeving/retteleiing og støtte, overført til kommunen. Nedbygging av det statlege barnevernet (BUF-etat) fører til at kommunen sjølv må byggja opp eit breiare tiltaksapparat med eigne ressursar. Kjøp av statlege tiltak som kan hindra omsorgsovertaking er kostbare for kommunen.

I statsbudsjettet for 2025 føreslår regjeringa at fosterheimar som er frikjøpte skal få tena opp tenestepensjon frå 01.07.25. Målet er å rekruttera fleire fosterheimar. I dag må fosterforeldre sjølv velja om dei vil spare til eigen pensjon utover det dei får opptent gjennom folketrygda. Innføringa av ordninga vil truleg medføra auka utgifter for kommunen, som skal kompensast med ei auke i rammetilskotet til kommunen.

I 2009 gjorde Kvam heradsstyre vedtak om å ha kommunale familierettleiarstillingar som hjelpetiltak med mål om å unngå omsorgsovertakingar. Føresette fekk tett oppfølging og veiledning slik at barna fekk tilfredsstillande oppvekstvilkår. I tillegg var målet å halda utgiftsnivået i barnevernet på eit lågare nivå enn ved plassering utanfor heimen. I 2016 vart desse stillingane organisert utanfor barnevernet, for å nå fleire familiar (Tidleg Innsats). Den målsetjinga er nådd, og satsinga er vurdert som positiv frå brukarar og samarbeidspartar. Med auka krav og forventningar til kva kommunalt barnevern skal løysa og handtera innanfor rammene, er det gjennomført evaluering av bruken og organisering av familierettleiarstillingane. Målet har vore å finna ei meir riktig ressursfordeling mellom barneverntiltak og tidleg innsats ut frå auka krav til kva barnevernet skal løysa. Evalueringa har vist at det er behov for å fordela meir ressursar inn til barneverntiltak enn det som blir brukt idag. Denne omfordeling blir jobba med framover.

### Prioritering for å nå måla i Oppvekstplanen

Barneverntenesta vil halde fram med i planperioden å prioritera å jobba med desse beskyttande faktorane i Oppvekstplanen så langt kapasiteten og ressursane tillèt

- Trygge vaksne
- Gode kommunale tenestar for barn, unge, gravide og familiar

Barneverntenesta arbeider i hovudsak med lovpålagde oppgåver, med mål om tenester av god kvalitet innan pålagde fristar. I det siste har tenesta fokusert å heva kvalitet på HMT-arbeid, internkontroll og kvalitetsikring. Tenesta opplever å ha lite kapasitet til den overordna tverrfaglege innsatsen på oppvekstfeltet. Eksterne pålegg om kontrolltiltak har også påverka prioriteringar. Barneverntenesta treng å byggja tillit og forståing for sin rolle og ansvar blant innbyggjarar og andre offentlege tenester. Tenesta er oppteken av å skapa mest mogleg tryggleik kring prosessar og avgjerder. Til tider er dette ei krevjande rolle med motstridande interesser mellom barnets beste og føresette. Kompetanseheving og rettleiing er avgjerande verkemiddel for å sikra forsvarlege tenester i samsvar med lov.

Barneverntenesta har koordinatorsansvar for Konsultasjonsteamet, eit tverrfagleg rådgjevande organ i saker der private og offentlig tilsette kan anonymt drøfta bekymring om barn og unge kan vera utsette for vald, overgrep eller andre straffbare forhold. Dette ansvaret, saman med deltaking i andre tverrfaglege grupper legg press på dei lovpålagde oppgåvene.

### **Moglege innsparingar, konsekvensar for tenesta, tilsette og attraktivitet**

Barneverntenesta nyttar konsulentar til oppgåver eller tenester som ikkje kan løysast av tenesta sjølv, Familiesenteret og elles i kommunen.

Å treffe akuttvedtak, og førebu saker for handsaming i Barneverns- og helsenemnda er ei oppgåve, der barnevernet kjøper advokattenester. Kommunen har pr i dag ikkje denne kompetansen. Den offentlege parten skal normalt vera representert av advokat.

Barneverntenesta har ansvar for å følgje opp fosterheimar. Familiesenteret, i samråd med barnevernet, har til no ikkje prioritert slik rettleiing når fosterheimen er busett i annan kommune. I slike tilfelle vert det kjøpt eksterne rettleiingstenester. Det kan også gjelda lokale fosterheimar som av ulike grunnar har behov for rettleiing frå eksterne aktørar. I tillegg, kan det handla om rettleiingskompetanse på særskilte område. Dersom Familiesenteret får utvida rettleiingsoppgåver med fosterheimar, vurderer rådmannen at det kan det gå utover kapasiteten til andre hjelpetiltak som barnevernet ber om hjelp til.

I nokre tilfelle må barneverntenesta kjøpa tiltak frå det statlege barnevernet BUF-etat, som opphald i senter for foreldre og barn, beredskapsheim, eller Multi Systemisk Terapi (MST), som er ein intensiv behandlingsmetode retta mot familien og nærmiljø til ungdomar med omfattande vanskar med norm- og regelbrytande åtferd. Kommunen sin eigenandel for kjøp av statlege tiltak vert fastsett i statsbudsjett. Forslaget for 2025 vil bety at ein plass i barneverninstitusjon vil kosta 90 000 kroner meir på årsbasis. Rådmannen vurderer at nokre av dei nemnde tiltaka kunne kommunen ha utvikla på sikt, men det vil bety at familieretteljarressursane i Familiesenteret ikkje har kapasitet til å prioritera arbeidet med Tidleg Innsats/førebygging eller andre hjelpetiltak i barnevernet. Rådmannen vurderer det framleis vil vera behov for kjøp av slike tenester av Bufetat slik som t.d. institusjonsplass, trass auka kommunal innsats på tiltaksutvikling.


Kommunen skal sørge for naudsynt opplæring og rettleiing av dei tilsette i barneverntenesta. Rettleiing er viktig for å sikra forsvarlege tenester i samsvar med lova. Fagrettleiing vert ivareteken av leiinga sjølv, medan prosessrettleiing vert gjeven av ekstern rettleiar, som ei kjøpt teneste. Iflg nasjonal veileder for leiing og tilsette i barnevernet, er slik støtte er avgjerande for både å sikre og utvikle kvalitet, og behalde tilsette.

Barneverntenesta har bemanning innanfor norm, om lag 15 saker pr sakshandsamar, som samla sett er på linje med andre kommunar. Sakene varierer i intensitet og omfang. Tenesta vert sett under press ved vakansar, sjukdom og avvikling av ferie. Det er utfordrande å nytta vikar. Løysinga kan vera innleige av barnevernfaglege konsulentar. Det er kostbart, tek ressursar frå leiinga og det kan vera vanskeleg å finna

eigna konsulentar frå private barnevernsaktørar. Tenesta har den siste tida løyst oppgåvene innad i avdelinga ved fråvær, som medfører slitasje på tilsette, fleire oppgåver på leing som igjen fører til mindre tilgjengeleg leing. Dette er svært sårbart for tenesta, då ein ser at kompleksiteten og alvorsgrada i barnevernsakene aukar, og det er eit tilsvarande auka behov for ein støttande, tilgjengeleg og trygg leing.

Det er lovfesta at barneverntenesta skal vera tilgjengelege til einkvar tid. Kommunen kjøper tenester frå Barnevernsvakten i Bergen. Tenesta er kostbar, sett opp mot bruken frå innbyggjarar i Kvam på ettermiddag/helg/helgedagar. Barneverntenesta ser på om ein kan redusere kostnaden, samstundes som ein stettar lovkrava. Dette arbeidet er nyleg starta saman med i omliggjande kommunar.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                                             | Rekneskap     | Budsjett      | Rev.budsjett  | Økonomiplan   |               |               |               |
|-------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                             | 2023          | 2024          | 2024          | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          |
| Barnevernstjeneste                                          | 9 112         | 9 274         | 9 276         | 10 160        | 10 067        | 10 046        | 10 136        |
| Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet | 4 244         | 4 022         | 4 108         | 4 831         | 4 815         | 4 808         | 4 846         |
| Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet      | 10 448        | 12 644        | 12 860        | 12 648        | 12 676        | 12 668        | 12 711        |
| <b>Sum</b>                                                  | <b>23 804</b> | <b>25 940</b> | <b>26 244</b> | <b>27 639</b> | <b>27 558</b> | <b>27 522</b> | <b>27 694</b> |

### Måltabell

#### Overordna mål

---

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

---

Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

---

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

---

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

## Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenestoområde: [Watn og avlaup, avfall og renovasjon](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen "Driftsbudsjett med endringar". Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

"Innsparingstiltak" er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenestoområdet.

"Nye tiltak" er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenestoområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                        | Økonomiplan    |                |                |
|----------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                          | 2025           | 2026           | 2027           |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                  | <b>-16 379</b> | <b>-16 379</b> | <b>-16 379</b> |
| Sum Tekniske justeringar                                 | 157            | 157            | 157            |
| Sum Vedtak forrige periode                               | 1 974          | 1 087          | 1 528          |
| <b>Budsjettendringar</b>                                 |                |                |                |
|                                                          | -3 988         | -1 086         | -1 923         |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                              | 0              | 0              | 0              |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                          | 2              | 2              | 2              |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                    | 0              | 0              | 0              |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024     | -10            | -10            | -10            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024 | 11             | 11             | 11             |
| Forsikring - rette på teneste                            | 49             | 49             | 49             |
| Splitte lønnskonto vedlikehaldsarbeidarar FDV            | 90             | 90             | 90             |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                             | <b>-3 846</b>  | <b>-944</b>    | <b>-1 781</b>  |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>              | <b>1 292</b>   | <b>956</b>     | <b>956</b>     |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                        | <b>-423</b>    | <b>1 256</b>   | <b>860</b>     |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                           | <b>-16 802</b> | <b>-15 123</b> | <b>-15 519</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                        |                |                |                |
| 19-teneste til fordeling                                 | 3              | 3              | 3              |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                      | 31             | 50             | 50             |
| Gebyrinntekter sjølvkost , B25                           | -3 353         | -9 257         | -10 726        |
| Indirekte kostnader på sjølvkost, B2025                  | 397            | 397            | 397            |
| Kommunedelplan for avlaup 2025-2032                      | 200            | 0              | 0              |
| Kommunedelplan for vassforsyning 2025-2032               | 200            | 0              | 0              |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                             | 76             | 205            | 205            |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                       | Økonomiplan    |                |                |
|---------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                         | 2025           | 2026           | 2027           |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette | 1              | 1              | 1              |
| VAR i null B25                                          | 2 220          | 5 693          | 6 505          |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                   | <b>-225</b>    | <b>-2 909</b>  | <b>-3 566</b>  |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>             | <b>-225</b>    | <b>-2 909</b>  | <b>-3 566</b>  |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                  | <b>-17 027</b> | <b>-18 032</b> | <b>-19 085</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

#### Tenestenivå

Alle norske kommuner er lovpålagt å levera reint og trygt vatn, samt transport og rensing av avløpsvatn. Vatn- og avløpstenestene er underlagt sjølvkostprinsippet. Det betyr at kommunane ikkje skal profitte på desse tenestene, og det innbyggjarane betalar skal kun dekke dei faktiske kostnadane knytt til vassforsyning og rensing.

Gebyra skal dekke mellom anna:

- Rens av vatn før det blir distribuert ut til husstandane
- Rens av avløpsvatn
- Vedlikehald av leidningsnett og reinseanlegg
- Beredskap som sikrar vassforsyning

#### Drikkevatt

Det primære målet er å levere godt og trygt drikkevatt til abonnentane i Kvam. Dette vert gjort ved å sjå på dei viktigaste tiltaka for sikker levering og prioritere desse. Det vil vere ynskjelege tiltak i frå nedslagsfelt, inntak, renseanlegg og distribusjon i eksisterande og nytt ledningsnett. Det er og viktig at vassforsyninga vert beskytta mot forureining slik at behovet for vassbehandling vert minst mogeleg og samtidig at brukarkonfliktar vert unngått. Både fysisk skalsikring av eksisterande anlegg og sikring av driftskontroll/styringssystema vert også viktig framover. Ein større del av dette arbeid vil verte gjort i samband med ny planlagt hovudplan for drikkevatt for perioden 2025- 2032, der det er planlagt å utarbeide ei ny tiltaksliste. Det er også ynskjeleg å innføre ei ordning der Kvam herad eig vassmålarar og har eit system for utlevering, kontroll automatisk avlesing av målarane. Det vil ta noko tid før kommunen er klar til å innføre dette.

Dersom Vikøy vasslag vert overteke av Kvam herad må ein òg sikre forsyninga til abonnentane der. Ved overtaking av private vasslag må ein fylgje sjølvkostregelverket, der eksisterande kommunale abonnentar ikkje kan belastast for oppgradering som er naudsynt på private nett.

#### Avløp

Tilsvarande som for drikkevatt skal kommunen òg samle opp avløpsvatn i dei mest tettbefolkte områda. EU innfører nytt regelverk rundt årsskiftet 2024/25. Regelverket vert også implementert i EØS området og vil påverke norsk regelverk framover som må tilpassast dette. Det vert her skjerpa krav til rensing og mykje større fokus på energieffektivisering. I nytt EU direktiv er vert det ikkje lengre skilt mellom ferskvatt og sjø sin godheit for mottakar av avløpsvatn. Det er forventa at det må byggjast nye renseanlegg i tettstader der det er over 1000 PE ([personekvivalenter](#)) og i tillegg må hovudrenseanlegget i Øystese oppgraderast. Det vert ikkje lengre høve til berre å nytte primærrensing, men krav om sekundærrens på alle anlegg. Ein kan forvente auka behov for investeringar framover og press på konsulent- og leverandørmarkedet då alle kommunar får dei same krava framover. Det er òg planlagt at det skal utarbeidast ein ny hovudplan for avløp for perioden 2025 til 2032.

### Overvatn

Klimaendringar gjev auka fokus på overvatn. Det er forventa meir intenst nedbør på kortare tid. Det er ynskjeleg at kommunen vedtek ny kommunedelplan for overvatn som gjev auka fokus på området og betre, meir forutsigbar og meir samkøyrd saksbehandling i kommunen. Det er også viktig å skilje avløp og overvatn t.d. i eldre byggefelt slik at ikkje overvatnet kjem inn på avløpssystemet og fører til unødige rensing.

### §12 anlegg

Bestemmelsene i kapittel 12 gjeld for utslepp av sanitært privat og kommunalt avløpsvann fra avløpsanlegg mindre enn 50 pe (dvs mindre avløpsanlegg) . Avløpsanlegg frå enkelthus kjem inn under denne kategorien. Kommune skal ha oversikt og er forplikta til å føra tilsyn med anlegga knytt til EU sitt vassdirektiv. Kommunen har avtale med Norva 24 som tømmer setiktankar i kommunen, men må auke grad av tilsyn og kontroll med slike anlegg.

### Renovasjon

Kvam er tilknytt BIR som utfører renovasjonstenester for kommunen. Nye og endra lovkrav knytt til avfall krev endringer i BIR sitt tenestetilbud. Avfallsforskrifta (frå 2023) gjev pliktar på kommunalt nivå når det gjeld korleis ulike typer avfall skal samlast inn og behandlast. Den stiller krav til grad av utsortering for ulike avfallstypar. Kapittel 10a i avfallsforskriften er vedteken endra, og frå januar 2025 er kommunane pålagt at mat-, plast, papp- og papiravfall skal hentast heime. Det er også pålagt med henteordning for glass- og metallemballasjeavfall frå juli 2025.

I park- og friområde er det ynskjeleg at alle tek med seg eige boss, og utsetjing og plassering av bossdunkar vert dermed plassert ved inngang/utgang til parkområde. Ein går då bort frå mange små behaldarar og heller satsar på større behaldarar på sentrale stader.

### **Utfordringar**


- Nye lovkrav, særskilt nytt EU-direktiv, kjem til å føre med seg mange kostbare VA-prosjekt.
- Mange prosjekt fører til at ein må prioritera tilgjengelege ressursar til dei viktigaste og lovpålagde prosjekta før ein startar på andre ynskelege prosjekt.
- Det krevst normalt betydeleg arbeidsinnsats av kommunalt tilsette for å gjennomføre prosjekta og setje rammer både i starten og undervegs

### **Innsparingspotensiale**

- Lekkasjeraten ut av drikkevatt og innlekk overvatn inn på avløpsnett er for høg og må prioriterast framover
- Meir overvaking av drikkevassnett for å redusere vasslekkasjar
- Ta ned planlagt prøvetakingsfrekvens på drikkevatt der det ikkje er naudsynt
- Systematisk leiting etter innlekk på avløps-systema gjev redusert kapasitetsbehov i renseanlegg

### **Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter**

## Økonomiplan for 2025-2028



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                                                   | Rekneskap      | Budsjett       | Rev.budsjett   | Økonomiplan    |                |                |                |
|-------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                                   | 2023           | 2024           | 2024           | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           |
| Produksjon av vann                                                | 5 419          | -0             | 6 308          | 6 533          | 6 460          | 6 457          | 6 469          |
| Distribusjon av vann                                              | -17 604        | -8 267         | -15 547        | -14 750        | -15 624        | -16 764        | -22 921        |
| Avløpsrensing                                                     | 4 917          | 0              | 1 252          | 4 545          | 10 111         | 10 785         | 11 299         |
| Avløpsnett/innsamling av avløpsvann                               | -11 502        | -6 690         | -8 068         | -11 912        | -17 689        | -18 606        | -19 336        |
| Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l                       | 32             | 11             | 10             | 16             | -3             | -3             | -4             |
| Innsamling , gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall | -254           | -282           | -230           | -228           | -235           | 82             | 64             |
| <b>Sum</b>                                                        | <b>-18 992</b> | <b>-15 228</b> | <b>-16 275</b> | <b>-15 797</b> | <b>-16 979</b> | <b>-18 049</b> | <b>-24 428</b> |

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter                            | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan |       |       |       | Sum                 |
|---------------------------------------------------|-----------------------|-------------|-------------|-------|-------|-------|---------------------|
|                                                   | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025        | 2026  | 2027  | 2028  | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Vatn og avlaup, avfall og renovasjon</b>       |                       |             |             |       |       |       |                     |
| 0*Fornyng teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt     |                       |             | 500         | 500   | 500   | 500   | 2 000               |
| 0*Ny vassleidning Mo-Nobbo                        | 2 150                 | 0           | 2 150       | 0     | 0     | 0     | 2 150               |
| 0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup |                       |             | 600         | 600   | 600   | 600   | 2 400               |
| 0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn   |                       |             | 2 000       | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 6 500               |
| 0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg        |                       |             | 800         | 800   | 800   | 800   | 3 200               |
| 0*Overføring avlaupsvatn Vikøy                    | 1 500                 | 0           | 1 281       | 0     | 0     | 0     | 1 281               |
| 0*Overvatn Norheim/Mjølstølvegen                  | 11 670                | 0           | 10 737      | 0     | 0     | 0     | 10 737              |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Investeringsprosjekter                                 | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan   |               |               |              | Sum                 |
|--------------------------------------------------------|-----------------------|-------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------|
|                                                        | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025          | 2026          | 2027          | 2028         | Økonomiplan 2025-28 |
| 0*Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes    | 5 500                 | 0           | 2 000         | 0             | 0             | 0            | 2 000               |
| 0*Samankopling/overtaking Vikøy vassverk               | 1 000                 | 0           | 1 000         | 0             | 0             | 0            | 1 000               |
| 0*Sanering vass- og avlaupsanlegg Børvenes             | 45 600                | 0           | 15 200        | 15 200        | 15 200        | 0            | 45 600              |
| 0*Vass- og avlaupsleidning Øvre Valland/Vallandshovden | 2 900                 | 0           | 2 500         | 0             | 0             | 0            | 2 500               |
| 0*Vassleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa    | 11 120                | 0           | 10 592        | 0             | 0             | 0            | 10 592              |
| <b>Sum Vatn og avlaup, avfall og renovasjon</b>        | <b>81 440</b>         | <b>0</b>    | <b>49 360</b> | <b>18 600</b> | <b>18 600</b> | <b>3 400</b> | <b>89 960</b>       |

## Måltabell

### Overordna mål

Kommunedelplan Avløp 2017-2024: Kvam herad skal ta hand om avløpsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade eller sjenerande tilhøve som følgja av utslepp av avløpsvatn

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Godt vatn til alle som skal ha kommunal vassforsyning

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Nok vatn til alle som skal ha kommunal vassforsyning

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Rett kjeldeval

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Tilfredstillande forsyning innanfor økonomisk forsvarlege rammer

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Trygg vassforsyning

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Vatn til alle, også private vassverk

## Plan og byggesak

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Plan og byggesak](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                                                                           | Økonomiplan  |               |               |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|---------------|---------------|
|                                                                                                                             | 2025         | 2026          | 2027          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                                                                     | <b>7 768</b> | <b>7 768</b>  | <b>7 768</b>  |
| Sum Tekniske justeringer                                                                                                    | -26          | -26           | -26           |
| Sum Vedtak forrige periode                                                                                                  | -702         | -1 309        | -1 354        |
| <b>Allereie vedtekne rammeendringar i 2024</b>                                                                              |              |               |               |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                                                                 | 0            | 0             | 0             |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                                                                             | 1            | 1             | 1             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                                                                        | -1           | -1            | -1            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                                                                    | -39          | -39           | -39           |
| Forsikring - rette på teneste                                                                                               | 23           | 23            | 23            |
| Innsparing- Vac arkitekt stilling                                                                                           | -909         | -909          | -909          |
| K019 Mijøkonsulent, løn tom 31.07.2025                                                                                      | 300          | 0             | 0             |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                                                            | 347          | 446           | 496           |
| <b>Sum Allereie vedtekne rammeendringar i 2024</b>                                                                          | <b>-278</b>  | <b>-479</b>   | <b>-429</b>   |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                                                                 | <b>158</b>   | <b>158</b>    | <b>158</b>    |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                                                           | <b>-848</b>  | <b>-1 656</b> | <b>-1 651</b> |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                                                              | <b>6 920</b> | <b>6 113</b>  | <b>6 117</b>  |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                                                    |              |               |               |
| Innsparing: Einingsleiar SNK, fråtrekt del av stilling                                                                      | -828         | -828          | -828          |
| Innsparing: Reduksjon sentral kurspott med 0,1 mnok fordelt på ulike tenester fom 2025                                      | -10          | -10           | -10           |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                                                                | <b>-838</b>  | <b>-838</b>   | <b>-838</b>   |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                                                           |              |               |               |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                         | 34           | 54            | 54            |
| Indirekte kostnader på sjølvkost, B2025                                                                                     | 3            | 3             | 3             |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                                | -182         | -40           | -40           |
| Områdeplan Øystese har meirkostnad på 0,4 mnok. Av dette vert 0,15 mnok dekket internt, 0,25 mnok er budsjettauke for 2025. | 250          | 0             | 0             |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                       | Økonomiplan  |              |              |
|---------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|
|                                                         | 2025         | 2026         | 2027         |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette | 0            | 0            | 0            |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                   | <b>105</b>   | <b>18</b>    | <b>18</b>    |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>             | <b>-733</b>  | <b>-820</b>  | <b>-820</b>  |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                  | <b>6 188</b> | <b>5 293</b> | <b>5 297</b> |

### Prioriteringar i økonomiplanen

Eining for plan og byggesak jobbar i stor grad med lovpålagde tenester. Kommunegeologen er ikkje ein lovpålagd stilling, men dette er ein teneste som er eit samarbeid mellom Ulvik herad, Ullensvang kommune, Bjørnafjorden kommune, Kvinnherad kommune, Samnanger kommune og Kvam herad. Voss herad har no skrive under ein avtale og vert delvis med i samarbeidet. Med auken i klimautfordringar, så meiner administrasjonen at det er viktig å halda fram med samarbeidsprosjekt om ein kommunegeolog. Det er fleire kommunar i Noreg som ser til vårt kommunesamarbeid og er i ferd med å etablere tilsvarande samarbeid i andre regionar.

### Nye tiltak og innsparing

Innsparing på plan og byggesaksområde ligg i stillinga som arkitekt. Når arkitekten sa opp stillinga, så vert ikkje den erstatta, men vert ein del av innsparinga til kommunen.


Kommunen har fått mindre gebyrinntekt hittil i 2024 på grunn av lågare byggeaktivitet i kommunen. Det må vurderast om budsjett for 2025 må justerast ned i samband med tertial for 2025, når me ser korleis forslag til auka gebyr og byggeaktivitet vil slå ut. Sjølv om aktiviteten går ned, så er det viktig å halda på kompetansen me har i eininga, trenden kan snu og då er det viktig at me held fristane som ligg i plan- og bygningslova. Digitalisering av tenesta kan hjelpe på sikt, men teknologien har ikkje kome så langt ennå at me kan erstatta folk med maskiner.

Ein gjennomgang av sjølvkost på eining for plan og byggesak har avdekka at me ikkje når sjølvkost. Det betyr at tenestene våre er for lågt prisa i forhold til utgifter. Administrasjonen har hatt ein større gjennomgang av gebyr for tenesta og har foreslått ein omstrukturering slik at me når ein auka sjølvkostgrad. Framleis vil me ha lågare gebyr enn mange kommunar me kan samanlikne oss med.

Plankostnadar knytt til offentlege planar aukar. Det betyr at når det vert vedteke at kommunen skal sette i gong med regulering, så må det settast av nok midlar. Dersom regulering førar til at bygg må fjernast, så må det settast av midlar til erstatning i samband med regulering. Det vert varsla allerie no at kostnad med regulering av tunnel bak Norheimsund må få auka ramma på grunn av krav til kartlegging av grunnforhold i samband med regulering av tunnel.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

## Økonomiplan for 2025-2028



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                         | Rekneskap     | Budsjett     | Rev.budsjett  | Økonomiplan  |              |              |              |
|-----------------------------------------|---------------|--------------|---------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
|                                         | 2023          | 2024         | 2024          | 2025         | 2026         | 2027         | 2028         |
| Plansaksbehandling                      | 5 160         | 4 798        | 6 729         | 4 620        | 3 514        | 3 504        | 3 549        |
| Byggesaksbehandling og eierseksjonering | 2 836         | 1 570        | 1 288         | 214          | 198          | 190          | 227          |
| Kart og oppmåling                       | 2 089         | 2 911        | 3 397         | 2 998        | 2 987        | 2 978        | 3 014        |
| <b>Sum</b>                              | <b>10 085</b> | <b>9 279</b> | <b>11 415</b> | <b>7 832</b> | <b>6 699</b> | <b>6 672</b> | <b>6 791</b> |

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter      | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan |          |          |          | Sum                 |
|-----------------------------|-----------------------|-------------|-------------|----------|----------|----------|---------------------|
|                             | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025        | 2026     | 2027     | 2028     | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Plan og byggesak</b>     |                       |             |             |          |          |          |                     |
| 0*Ny GPS til oppmåling      | 438                   | 0           | 438         | 0        | 0        | 0        | 438                 |
| <b>Sum Plan og byggesak</b> | <b>438</b>            | <b>0</b>    | <b>438</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>438</b>          |

### Måltabell

#### Overordna mål

Energi og klimaplan - Kvam herad skal i tråd med FN sitt berekraftsmål 13 "stogga klimaendringane", medverke til å stoppa klimaendringane og medverka til at Noreg vert eit løgutsleppssamfunn i 2050

Fagplan Veg 2020-2027: Bygging og drift kommunale vegar

Fagplan Veg 2020-2027: Overvatn

Kommunedelplan Avløp 2017-2024: Kvam herad skal ta hand om avløpsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade eller sjenerande tilhøve som følgja av utslepp av avløpsvatn

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Godt vatn til alle som skal ha kommunal vassforsyning

**Overordna mål**

---

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Nok vatn til alle som skal ha kommunal vassforsyning

---

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Rett kjeldeval

---

Kommunedelplan Vassforsyning 2017-2024: Trygg vassforsyning

---

Plan og byggesak skal arbeida for ei berekraftig framtid, og trygge attraktive lokalsamfunn

---

Plan og byggesak skal ha effektiv sakshandsaming der det vert lagt vekt på god og klar dialog med brukarane

---

Plan og byggesak skal ha høg etisk standard

---

Plan og byggesak skal ha nok ressursar og kompetanse og dele sin kompetanse internt i organisasjonen og bidra til og legge til rette for god samhandling

---

Plan og byggesak skal tilby gode tenester i samsvar med lov, forskrift og regelverk

## Kultur

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Kultur](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen "Driftsbudsjett med endringar". Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

**"Innsparingstiltak"** er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

**"Nye tiltak"** er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                                                                                | Økonomiplan   |               |               |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                                                                  | 2025          | 2026          | 2027          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                                                                          | <b>22 976</b> | <b>22 976</b> | <b>22 976</b> |
| Sum Tekniske justeringer                                                                                         | 294           | 294           | 294           |
| Sum Vedtak forrige periode                                                                                       | 7 776         | 6 951         | 6 799         |
| <b>Budsjettendringar</b>                                                                                         |               |               |               |
| 1T2024 endringar på ØK 2028                                                                                      | 0             | 0             | 0             |
| Auke i budsjetttramma knytt til kommunale avgifter på kommunale bygg                                             | 86            | 86            | 86            |
| Auke i lønnsjusteringspott 2024                                                                                  | 6             | 6             | 6             |
| Fordeling av lønnsjusteringspott 2024                                                                            | 31            | 31            | 31            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, andre kontoar 2024                                                             | -2            | -2            | -2            |
| Fordeling av lønnsjusteringspott, estimat kap5 og 3_2024                                                         | 36            | 36            | 36            |
| Forsikring - rette på teneste                                                                                    | -12           | -12           | -12           |
| Innsparing - Bibliotek NHS - husleige Høganes                                                                    | 0             | -255          | -512          |
| Innsparing Kulturminneplanarbeid , ta ned nivå                                                                   | -100          | -100          | -100          |
| Innsparing, Kinck dagane , går ut                                                                                | -10           | -10           | -10           |
| Korrigerer teneste                                                                                               | 0             | 0             | 0             |
| Reversering av opprinneleg innsparingskrav B2024                                                                 | 1 590         | 2 044         | 2 271         |
| Splitte lønnskonto vedlikehaldsarbeidarar FDV                                                                    | 491           | 491           | 491           |
| Tidsforskyv frå 2024 til 2025: Det vert løyvd 500.000 kr til Øystese Røde Kors til ny redningshytte på Hamlagrø. | 500           | 0             | 0             |
| <b>Sum Budsjettendringar</b>                                                                                     | <b>2 615</b>  | <b>2 315</b>  | <b>2 285</b>  |
| <b>Sum Rammeendringar i 2. tertial 2024</b>                                                                      | <b>2 286</b>  | <b>2 286</b>  | <b>2 286</b>  |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                                                                                | <b>12 972</b> | <b>11 847</b> | <b>11 665</b> |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                                                   | <b>35 948</b> | <b>34 823</b> | <b>34 641</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                                         |               |               |               |
| Innsparing - leggje ned Ferie-SFO                                                                                | -251          | -251          | -251          |
| Innsparing: Fjerne "Ny søkbar pott til lag og org " fom 2025_ HST vedtak 23/1581                                 | -200          | -200          | -200          |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Beskriving tiltak                                                                                                        | Økonomiplan   |               |               |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                                                                                          | 2025          | 2026          | 2027          |
| Innsparing: Einingsleiar SNK, fråtrekt del av stilling                                                                   | -270          | -270          | -270          |
| Innsparing: Foreslå i Hardangerrådet å avslutta kunstnarbustad Berlin i løpet av 2025                                    | -15           | -15           | -15           |
| Innsparing: Fritidsfeltet                                                                                                | 0             | -2 000        | -2 000        |
| Innsparing: Fritidskort - ta ned beløpsgrensa frå 2200 per år til 1000 per år fom 2025 (budsjett 1200 barn *1000 per år) | -980          | -980          | -980          |
| Innsparing: Redusere reinhaldskostnader frå 2026                                                                         | 0             | -28           | -56           |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025- Fritid                                                    | -45           | -45           | -45           |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025- Idrett                                                    | -150          | -150          | -150          |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025- Kultur                                                    | -30           | -30           | -30           |
| Innsparing: slå saman tilskotspottar til felles pott fom 2025- Nærmiljø                                                  | -30           | -30           | -30           |
| Innsparing: Sommarstenge bassenget i Strandebarm                                                                         | 0             | -150          | -150          |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                                                             | <b>-1 971</b> | <b>-4 149</b> | <b>-4 177</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                                                        |               |               |               |
| 19-teneste til fordeling                                                                                                 | 49            | 49            | 49            |
| Aga på lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                      | 56            | 89            | 89            |
| Lønnsjusteringspott Bud 2025                                                                                             | 144           | 379           | 379           |
| Ny avtale mellom Kvamabadet KF og Hardangerbadet                                                                         | 3 989         | 3 989         | 3 989         |
| Prisauke personforsikring og OU kontingent for tilsette                                                                  | 5             | 5             | 5             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                                                                    | <b>4 243</b>  | <b>4 510</b>  | <b>4 510</b>  |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                                                                              | <b>2 272</b>  | <b>361</b>    | <b>333</b>    |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                                                                                   | <b>38 220</b> | <b>35 184</b> | <b>34 974</b> |

## Prioriteringar i økonomiplanen

### Kulturskule

Lov om grunnskoleopplæring sin § 26-1 seier følgjande "Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskule til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet." Kulturskulen skal i følge § 26-2 leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skulemiljø. Det står ikkje i lova kor stor andel det skal vere plass til i kulturskulen, men så godt som alle kurs som vert tilbudt er fulle og det er venteliste på fleire av timene i kulturskulen.

### Bibliotek

Alle kommunar er forplikta til å ha eit folkebibliotek og ein fagutdanna biblioteksjef. Tenester som kommunen har utover eit folkebibliotek er avdelingar i Ålvik og Strandebarm. I Ålvik er det bestemt at kommunen skal tilby sjølvbetjent bibliotek utanom opningstida. Sjølv om det vert ei sjølvbetjent løysing utanom opningstid, så er det knytt kostnader til ein slik løysing. Eit folkebibliotek skal ha som oppgåve å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stile bøker og andre medier gratis til disposisjon. Eit folkebibliotek skal og vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. For biblioteket i Kvam, så vert dette gjennomført med som mindre konserter, foredrag, ulike bok arrangement og språktreff for norsk trening.

### Barn og unge - fritidsaktiviteter, kunst og kultur

Alle barn og unge har rett til å delta i fritidsaktivitetar, kunst og kultur i følge FN sin barnekonvensjon og norsk lov. Det betyr at kommunen skal legge til rette for eit tilbod til denne gruppa. Likevel er det barn og unge som fell utanfor organisert aktivitet på grunn av kjønn, føresette sin økonomiske situasjon og sosioøkonomiske status, innvandrarbakgrunn, funksjonsnedsettingar og geografi. Kvam har vald å satsa på barn og unge gjennom fritidskortet for alle barn og unge. Det er ikkje lovpålagt å ha ein slik teneste for alle, men ei slik løysing bidreg til at fleire kan vere med utan å føle på stigma. Det er foreslått i budsjettet å senka utbetaling per barn til kr 1000 per år. Så skal kommunen på tvers av einingar sjå på korleis me kan samordne tenester for barn og unge til det beste for denne gruppa.

Det vert søkt om midlar frå BUFDIR for eit nytt 3 årig prosjekt som skal gagna barn og unge. Om me får midlar for 3 nye år veit me ikkje. Stillinga som fritidskoordinator har delvis vore finansiert med midlar frå eit BUFDIR prosjekt for barn og unge.

### **Idrett**

Kommunen må ha eit system for behandling av spillemidler ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, noko som krev ressursar sett av til dette arbeidet. Det er Vestland fylkeskommune som har ansvar for spelemiddelordninga.

### **Kino**

Kommunen må ikkje ha ein kommunal kino, men dersom det er kino, så er kommunen er forplikta til å ha eit system for forvaltning.


### **Innsparing og nye tiltak**

Det er ikkje foreslått nye tiltak på eining for samfunn, næring og kultur.

#### **Mogleg framtidig innsparing**

- Samarbeid mellom biblioteket til Kvam VGS og kommunalt bibliotek, felles system osv. Sum kan ikkje avklarast før avtale mellom kommunen og fylkeskommunen er på plass.
- Vurdering av framtidig lokalisering av kulturskulen, må sjå på moglegheit i samband med den nye vidaregåande skulen.
- Kulturskulen følgjande skulestruktur, ved endring av struktur, så kan det verta innsparing for kulturskulen.
- Vurdere å avvikla gratis idrettshallar og gebyrfritak til lag og organisasjonar
- Vidareførar ikkje miljøfyrtårnsertifisering på øvrige bygg i kommunen. Kommunen vurderer vidare sertifisering ved resertifisering av eksisterande miljøfyrtårnbygg.
- Kulturminneplanarbeid vert redusert
- Eining for samfunn/næring og kultur og Oppvekst skal i samarbeid vurdere samordning av fritidsfeltet for barn og unge. Målet er betre nytte av ressursane på tvers av einingane.

## Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



## Driftsbudsjett

### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                                                           | Rekneskap     | Budsjett      | Rev.budsjett  | Økonomiplan   |               |               |               |
|-----------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                                                           | 2023          | 2024          | 2024          | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          |
| Aktivitetstilbud barn og unge                             | 3 578         | 4 348         | 4 368         | 3 305         | 1 390         | 1 451         | 1 457         |
| Rekreasjon i tettsted                                     | 1 902         | 2 343         | 2 371         | 2 551         | 2 548         | 2 543         | 2 563         |
| Naturforvaltning og friluftsliv                           | 1 933         | 1 322         | 1 353         | 1 379         | 1 379         | 1 379         | 1 379         |
| Kulturminner                                              | 219           | 0             | 200           | 200           | 200           | 200           | 200           |
| Bibliotek                                                 | 3 843         | 3 720         | 3 810         | 3 783         | 3 513         | 3 251         | 3 275         |
| Kino                                                      | 795           | 758           | 778           | 862           | 755           | 753           | 761           |
| Muséer                                                    | 1 273         | 1 039         | 1 056         | 1 036         | 1 016         | 1 023         | 1 058         |
| Kunstformidling                                           | 757           | 1 096         | 375           | 327           | 326           | 325           | 328           |
| Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg               | 1 991         | 2 018         | 2 241         | 1 659         | 1 560         | 1 560         | 1 560         |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg                    | 10 030        | 7 164         | 10 194        | 11 939        | 11 638        | 11 606        | 11 620        |
| Musikk- og kulturskoler                                   | 8 861         | 8 555         | 8 459         | 9 371         | 9 224         | 9 203         | 9 296         |
| Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg | 3 483         | 4 419         | 4 659         | 3 856         | 3 357         | 3 354         | 3 365         |
| Kommunale kulturbygg                                      | 411           | -11 668       | -11 524       | 706           | 672           | 671           | 676           |
| <b>Sum</b>                                                | <b>39 074</b> | <b>25 115</b> | <b>28 339</b> | <b>40 975</b> | <b>37 577</b> | <b>37 320</b> | <b>37 537</b> |

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan |      |      |      | Sum                 |
|------------------------|-----------------------|-------------|-------------|------|------|------|---------------------|
|                        | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025        | 2026 | 2027 | 2028 | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Kultur</b>          |                       |             |             |      |      |      |                     |

## Økonomiplan for 2025-2028

| Investeringsprosjekter               | Samla prosjektbeløp      |                |              | Økonomiplan |          |          |             | Sum          |
|--------------------------------------|--------------------------|----------------|--------------|-------------|----------|----------|-------------|--------------|
|                                      | Brutto<br>prosjektutgift | Øyrem.<br>fin. | 2025         | 2026        | 2027     | 2028     | Økonomiplan | 2025-28      |
| 0*Ny lift                            | 1 250                    | 0              | 1 250        | 0           | 0        | 0        |             | 1 250        |
| 0*Takbyte idrettshuset i Ålvik       | 1 625                    | 0              | 1 625        | 0           | 0        | 0        |             | 1 625        |
| 0*Vaskerobot Norheimsund idrettshall | 1 250                    | 0              | 1 250        | 0           | 0        | 0        |             | 1 250        |
| <b>Sum Kultur</b>                    | <b>4 125</b>             | <b>0</b>       | <b>4 125</b> | <b>0</b>    | <b>0</b> | <b>0</b> |             | <b>4 125</b> |

## Måltabell

### Overordna mål

Auka kunnskapen om kulturminna i Kvam, og fremja aktiv formidling

Auka talet på brukarar i biblioteket og nå ut til fleire brukargrupper, spesielt gutar og menn.

Bidra til gode rammevilkår for idrett- og friluftsarbeid i kommunen.

Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på born og unge. Fleire kinovitjingar pr innbyggjar.

I Kvam skal me ha lokalmiljø som inviterer til og legg tilrette for dagleg fysisk aktivitet for alle

Kulturskulen skal arbeida meir på tvers i organisasjonen og inngå tettare samarbeid med andre tenester som oppvekst og helse og omsorg

Leggja tilrette for frivillig arbeid innan kulturminnevernet

Målet er å gje alle eit variert og tilrettelagt fritidstilbod ut i frå eigne interesser og funksjonsnivå

Sikra god forvaltning av kulturminne med verneverdi

Styrkja kulturminna si rolle som ein ressurs i kvam sitt utviklingsarbeid

## Kyrkja

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Kyrkja](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

#### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

| Beskriving tiltak                                       | Økonomiplan  |              |              |
|---------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|
|                                                         | 2025         | 2026         | 2027         |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                                 | <b>6 376</b> | <b>6 376</b> | <b>6 376</b> |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                          | <b>6 376</b> | <b>6 376</b> | <b>6 376</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                                       |              |              |              |
| Tilskot til kyrkja - prisjustert med 4,1% for 2025-2034 | 262          | 262          | 262          |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                   | <b>262</b>   | <b>262</b>   | <b>262</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>             | <b>262</b>   | <b>262</b>   | <b>262</b>   |
| <b>Ramme 2025-2028</b>                                  | <b>6 638</b> | <b>6 638</b> | <b>6 638</b> |

#### Prioriteringar i økonomiplanen


Den norske kyrkja er finansiert på følgjande vis, § 14 i Lov om trus- og livssynssamfunn, 1. og 2. ledd:

*Staten gir tilskudd til prestatetjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål. Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.*

I framlegg til budsjett ligg det berre ei indeksregulering på ordinært tilskot, medan det er søkt om større tilskot.

Fellesrådet har også varsla eit større etterslep på vedlikehald av kyrkjebygg. Førabels ligg berre vøla av taket på Strandebarm kyrkja i økonomiplanperioden.

### Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

|                            | Rekneskap    | Budsjett     | Rev.budsjett | Økonomiplan  |              |              |              |
|----------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
|                            | 2023         | 2024         | 2024         | 2025         | 2026         | 2027         | 2028         |
| Den norske kirke           | 6 910        | 5 159        | 6 249        | 5 371        | 5 371        | 5 371        | 5 371        |
| Gravplasser og krematorier | 1 167        | 1 217        | 1 217        | 1 267        | 1 267        | 1 267        | 1 267        |
| <b>Sum</b>                 | <b>8 077</b> | <b>6 376</b> | <b>7 466</b> | <b>6 638</b> | <b>6 638</b> | <b>6 638</b> | <b>6 638</b> |

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter          | Samla prosjektbeløp   |             | Økonomiplan  |          |          |          | Sum                 |
|---------------------------------|-----------------------|-------------|--------------|----------|----------|----------|---------------------|
|                                 | Brutto prosjektutgift | Øyrem. fin. | 2025         | 2026     | 2027     | 2028     | Økonomiplan 2025-28 |
| <b>Kyrkja</b>                   |                       |             |              |          |          |          |                     |
| 0*Namna minnelund i Øystese     | 3 125                 | 0           | 2 500        | 0        | 0        | 0        | 2 500               |
| 0*Skifte tak Strandebarm kyrkje | 7 500                 | 0           | 7 300        | 0        | 0        | 0        | 7 300               |
| <b>Sum Kyrkja</b>               | <b>10 625</b>         | <b>0</b>    | <b>9 800</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>9 800</b>        |

## Samferdsel

### Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: [Samferdsel](#)

### Samandrag budsjett

#### Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen “Driftsbudsjett med endringar”. Ramma som låg inne frå før viser i øverste del av tabellen. Forslag til nye endringar på ramma (Innsparingstiltak og Nye tiltak) viser i den nederste delen av tabellen. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2027 på det aktuelle tenesteområdet.

